



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2000-2001)

Nasjonale minoriteter i Noreg - Om
statleg politikk overfor jødar, kvener,
rom, romanifolket og skogfinnar

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 8. de-
sember 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

På sporet

Vi er på sporet

etter en ny og bedre virkelighet
som skal finnes ikke så langt herfra

Den ligger forhåpentlig

i nærheten av

det hjertet forstår

Kate Næss (Blindgjengere, H. Aschehoug & Co, 1969)

Ord og uttrykk

<i>Kultur</i>	blir i denne meldinga brukt om summen av kunnskap som blir overlevert menneske frå tidlegare generasjonar gjennom ein dynamisk prosess. Kunnskapen består av verdiar, skikkar, normer, kodar, symbol og uttrykksformer. Det dynamiske i ei kulturell overlevering kjem til uttrykk ved evna til å tilpasse seg nye forhold, til nyskaping og til å finne nye uttrykk for innsikt og erfaring. 'Kultur' er følgeleg ikkje statisk eller fastlåst, men stadig i endring.
<i>Nasjonal minoritet</i>	Etnisk, religiøs og/eller språkleg minoritet med langvarig tilknytning til landet (jf. pkt. 3.5).
<i>Urfolk</i>	Folkegruppe som blir sedd på som opphavleg ved at folkegruppa budde i eit område før dette området kom under eintydig jurisdiksjon under ein stat ved at området blei kolonisert, erobra eller på annan måte lagt inn under staten (jf. pkt. 3.3).
<i>Innvandrar</i>	Person fødd i utlandet, fast busett i Noreg, som har foreldre som begge er fødte i utlandet.
<i>Assimilering</i>	Prosess der individ eller grupper med ulik minoritetsbakgrunn skifter ut sin kultur, sitt språk og sin levemåte med språket, kulturen og levemåten til majoritetsbefolkninga og dermed etterkvart blir ein del av majoriteten. Prosessen kan gå raskt eller han kan skje over fleire generasjonar. Assimilering kan være frivillig eller vere eit resultat av oppmuntring, politisk press og tvang. Assimilering i majoritetsbefolkninga i Noreg blir òg omtalt som <i>fornorsking</i> . Politikk frå dei norske styresmaktene si side med sikte på å assimilere minoritetar i majoritetsbefolkninga, ved oppmuntring, press eller tvang, blir omtalt som <i>fornorskingspolitikk</i> eller <i>assimilasjonspolitik</i> .
<i>Integrering</i>	Inkludering av individ eller av grupper (som minoritetar) på like vilkår i samfunnet, i ein organisasjon eller på ulike samfunnsområde (som utdanningssystemet, arbeidslivet, bustadmarknaden). Omgrepet føreset ei gjensidig tilpassing mellom gruppene i samfunnet.

1 Oppsummering

1.1 Innleiing

Denne stortingsmeldinga er ei oppfølging av at Noreg i 1999 ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Ho er også ei oppfølging av Handlingsplan for menneskerettar, der ein gjennomgang av politikken overfor nasjonale minoritetar er eit av tiltaka.

Det finst i dag ikkje noko samla oversikt over politikken som gjeld eller er særleg relevant for nasjonale minoritetar, dvs. minoritetar med langvarig tilknytning til landet. Stortingsmeldinga er såleis den første heilskaplege gjennomgangen av prinsippa som skal liggje til grunn for statens politikk overfor jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar.

Meldinga drøfter ikkje politikken overfor samane, og ho tek heller ikkje opp politikken overfor nyare innvandrargrupper eller innvandringspolitikken. Ho tek likevel opp ein del generelle minoritetspolitiske spørsmål og får såleis konsekvensar for heile det feltet vi kallar politikk for eit kulturelt mangfaldig samfunn.

Regjeringa vil gjennom denne meldinga be om orsaking for dei grove overgrepene romanifolket har vore utsett for av eller med aktiv støtte frå legale norske styresmakter.

1.2 Politisk grunnlag for eit kulturelt mangfaldig Noreg

Regjeringas politikk har som utgangspunkt:

- Kulturelt mangfald er ein rikdom for fellesskapet.
- Alle, uansett bakgrunn, skal ha like høve, rettar og plikter til å delta i samfunnet og bruke sine ressursar.
- Rasisme og diskriminering er i strid med dei grunnleggjande verdiane våre og må motarbeidast aktivt.
- Det må leggjast til rette for openskap og tverrkulturell dialog.
- Nokre verdiar og premissar, som respekten for menneskerettane og grunnleggjande demokratiske prinsipp, må vere felles for alle i Noreg.
- Alle har rett til å skape sin eigen identitet, og alle med tilknytning til ein minoritet skal sjølv få avgjere å bli behandla som tilhøyrande ein nasjonal minoritet eller ikkje.
- Gode oppvekstvilkår for barn og unge, og likestilling mellom kjønna, er politiske mål for politikken overfor nasjonale minoritetar på same måten som for resten av samfunnslivet i Noreg.
- Det er eit mål at behova til dei nasjonale minoritetane, om mogleg, skal møtast innanfor dei generelle ordningane.
- Særtiltak og tilpassing av generelle ordningar kan vere nødvendig på nokre område for å dekkje særlege behov hos minoritetane.
- Retten til deltaking i samfunnslivet, og særleg i dei politiske avgjerdsprosessane, er ein grunnleggjande rett.

Regjeringa vil arbeide for eit samfunn som fremmar dei føresetnadene som er nødvendige for at personar som tilhøyrrer minoritetar skal kunne uttrykkje, halde oppe og vidareutvikle sin identitet, både innanfor si eiga gruppe og i møte med resten av samfunnet.

Regjeringa tek sterk avstand frå dei overgrepa som har vore gjorde mot romanifolket. For å bøte på denne uretten vil Regjeringa opprette eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket.

Regjeringa seier seg òg lei for den fornorskingspolitikken som har råka alle dei nasjonale minoritetane, og vil på staten sine vegner be om orsaking for den måten minoritetane er blitt behandla på.

1.3 Det internasjonale grunnlaget

Det internasjonale minoritetsvernet byggjer på ikkje-diskrimineringsprinsippet og prinsippet om likebehandling. Statane er forplikta til å arbeide for å sikre at minoritetane blir likestilte med majoritetsbefolkninga, både formelt og i praksis. Prinsippa om likebehandling og ikkje-diskriminering er nedfelte både i dei generelle menneskerettskonvensjonane og i særkonvensjonar som FNs rasediskrimineringskonvensjon og FNs barnekonvensjon.

Minoritetsrettane er i utgangspunktet formulert som rettar som individa har, saman med andre i si gruppe. Samtidig er det klart at minoritetsrettar ofte berre kan oppfyllest gjennom tiltak overfor heile gruppa, for eksempel når det gjeld massemedium, utdanning og vern av språk og kultur.

Den mest grunnleggjande føresegna i det internasjonale minoritetsvernet er artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Ho slår fast at personar som høyrer til etniske, religiøse eller språklege minoritetar har rett til, saman med andre medlemmer av si gruppe, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne seg til og utøve sin eigen religion eller bruke sitt eige språk.

Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar inneheld dels minimumsnormer for statane sin politikk overfor nasjonale minoritetar, dels mål som statane forpliktar seg til å arbeide for å nå. Statane skal leggje forholda til rette for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar skal kunne gi uttrykk for, halde oppe og utvikle sin eigen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur, samtidig som minoritetane skal ha rett til full og effektiv deltaking i storsamfunnet.

Europarådet har også vedteke Den europeiske pakta for vern av regions- eller minoritetsspråk. Dei statane som har ratifisert pakta, deriblant Noreg, har teke på seg ei plikt til å setje i verk særskilde tiltak for å verne og styrkje minoritetsspråk.

1.4 Historia til dei nasjonale minoritetane i Noreg

Kvenene, romanifolket og skogfinnane kjem til syne i Noregs-historia alt på 1500- og 1600-talet. Alle dei fem minoritetsgruppene har over hundre år lang historie i Noreg.

Fornorskingspolitikken som blei ført overfor gruppene kan kallast for streng. Særleg overfor romanifolket har det vore ført ein hard assimileringss-

politikk med verkemiddel vi i dag tek sterkt avstand frå. Historia til kvar enkelt gruppe blir utdjupa nærmare i kapittel 4.

1.5 Situasjonen for dei nasjonale minoritetane i dag

Da rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar blei ratifisert, var dei fleste av gruppene positive til det. Blant dei som høyrer til romanifolket var meiningane delte. I dag ser det ut til at konvensjonen i hovudsak blir oppfatta positivt i dei gruppene denne meldinga handlar om.

Dei fleste av *jødane* i Noreg er medlemmer av dei mosaiske trussamfunna i Oslo og Trondheim, som til saman har omtrent 1 100 medlemmer. Fleirtalet av desse bruker norsk til dagleg. Eit par hundre av jødane i Noreg bruker også hebraisk, mens nokre få eldre forstår jiddisk.

Truleg er det i dag er mellom 10 000 og 15 000 personar som reknar seg som *kvener* eller som personar av kvensk/finsk ætt i Noreg. Dei fleste bur i Finnmark og Nord-Troms. Kvensk/finsk språk er viktig som kjenneteikn og identitetsskapande faktor for gruppa, men fornorskingsprosessen har gjort at mange ikkje lenger snakkar anna enn norsk. Dei siste tiåra har det skjedd ei etnopolitisk mobilisering blant kvenene.

Den tradisjonelle gruppa av *rom* (sigøynarar) i Noreg omfattar truleg 300 til 400 personar, som alle er busette i Oslo-området. Språket deira blir kalla romanes. Mange av dei reiser i sommarhalvåret, både i Noreg og i utlandet. Rom i Noreg er organisert på storfamilienivå. International Romani Union har ein representant i Noreg.

Det finst ingen sikre tal på kor mange som tilhøyrer *romanifolket* (taterane/dei reisande) i Noreg i dag. Det kan vere tale om nokre tusen personar. Språket til romanifolket blir kalla romani. Ein veit ikkje kor mange som fullt ut kan romani. Dei seinare åra er det danna fleire organisasjonar for romanifolket.

Ein reknar med at det finst fleire hundre personar i Noreg som identifiserer seg som *skogfinner*. Tidlegare snakka gruppa finsk, og finske ord og uttrykk er framleis i bruk på Finnskogen. Dei seinare åra har det skjedd ei revitalisering av finnekulturen. Det finst no fleire regionale og lokale organisasjonar som arbeider med den skogsfinske kulturen, dessutan organiserte nettverk med kontaktar over landegrensene.

1.6 Tiltak og arbeid frå styresmaktene

Regjeringa stiller seg bak målsettinga om at Noreg ikkje bør nøye seg med å leggje seg opp mot minstekrava i dei internasjonale menneskerettskonvensjonane. Regjeringa legg vekt på å følgje opp dei målsettingane som er nedfelte i Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og i Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

1.6.1 Samordningsansvar og sektoransvarsprinsippet

Ansvar for samordning av politikken overfor nasjonale minoritetar er lagt til Kommunal- og regionaldepartementet. Prinsippet om sektoransvar gjeld framleis på alle fagområde, som kultur, utdanning og helse.

1.6.2 Minoritetane si deltaking i samfunnet

Regjeringa vil oppretthalde og utvikle dialogen med organisasjonane til dei nasjonale minoritetane også i framtida. Tilskotsordninga for nasjonale minoritetar blir ført vidare.

1.6.3 Skadeserstatning og rettferdsvederlag (billighetserstatning)

Personar som har vore utsette for overgrep frå offentlige myndigheiter, kan ha krav på erstatning etter vanlege norske erstatningsreglar. I tilfelle der erstatningskrav mot staten er rettsleg forelda og den skadelidne ville lide eit uforstyldt tap dersom forelding blir gjort gjeldande, vil påstand om forelding nesten utan unntak bli fråfalle. Det skal først ein liberal praksis i saker der barn og unge har vore utsette for overgrep eller forsømming frå offentlege myndigheiter. Fagdepartementa skal avgjere spørsmålet etter ei konkret vurdering av kva som er rimeleg i kvar enkelt sak.

Det blir dessutan i ein del tilfelle gitt rettferdsvederlag (billighetserstatning) til personar som har fått mangelfull skolegang, har vore utsette for feilbehandling i helsevesenet eller har vore utsette for feilvurderingar i samband med omsorgsovertaking av barn. Det er eit krav at søkjaren har kome spesielt dårleg ut. Rettferdsvederlag blir ytt på bakgrunn av konkrete overgrep som søkjarane har vore utsette for, ikkje fordi dei høyrer til ein nasjonal minoritet.

Gjennom jødebuoppgeret blei det teke eit historisk og moralsk oppgjær med den behandlinga den jødiske minoriteten fekk under andre verdskrigen i Noreg. Den individuelle delen av oppgjeret er venteleg slutført i 2000.

Regjeringa ber om orsaking for dei grove overgrepa romanifolket har vore utsett for av eller med aktiv støtte frå legale, norske styresmakter. For å bøte på denne uretten vil regjeringa opprette eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket. Senteret blir plassert på Glomdalsmuseet på Elverum med sikte på byggjearbeid i 2002.

1.6.4 Utdanning og skole

Opplæring i skolen er ikkje alltid tilpassa folkegrupper som har reising som ein del av livsforma si (rom og romanifolket). Regjeringa legg like fullt til grunn at retten og plikta til opplæring gjeld på lik linje for alle barn. Det kan derfor vere behov for å utvikle undervisningsformer som kan praktisere sjølv om elevane reiser ein del av sommarhalvåret.

Skolen er ein sentral samfunnsarena der dei nasjonale minoritetane bør synast.

Elevar kan i dag få undervisning i finsk som andrespråk i grunnskolen og vidaregåande skole. Det blir arbeidd med utvikling av læremiddel. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vurderer også ulike tiltak for å få kvalifiserte lærarar til finskopplæringa. Når det gjeld høgare utdanning, har Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Finnmark ei viktig rolle i å verne om og føre vidare kvensk kultur og kvensk/finsk språk.

1.6.5 Barn og unge

Oppvekstmiljøet til barn og unge er eit av dei viktigaste satsingsområda til Regjeringa. Barne- og familiedepartementet har ei tilskotsordning for barne-

og ungdomsorganisasjonar. Ordninga er utforma slik at ho også omfattar mindre organisasjonar, som for eksempel minoritetsorganisasjonar.

Ved vurdering av tiltak overfor barn som høyrer til nasjonale minoritetar, skal barnevernet ta omsyn til den etniske, religiøse, kulturelle og språklege bakgrunnen til barnet. Det skal utarbeidast ein nordisk kunnskapsstatus om barn og unge som skal inkludere kunnskap om barnevernet.

Barn som høyrer til nasjonale minoritetar blir omfatta av Barne- og familiedepartementet si tilskotsordning til tospråkleg assistanse i barnehagen. Barne- og familiedepartementet kan gi tilsegn om forsøksmidlar til tiltak i barnehagar som skal medverke til å utvikle kvensk kultur, språk og identitet.

1.6.6 Vern av språk, kultur og identitet

I framtida bør det vere eit hovudprinsipp at kulturelt mangfald skal synast i arkiv-, bibliotek- og museumssamanheng. Det er behov for ekstra satsing for å gi den mangfaldige kulturbakgrunnen i det norske samfunnet ein tydelegare plass på kulturfeltet.

Regjeringa vil opprette eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket ved Glomdalsmuseet og medverke til at Kvæntunet i Porsanger blir gjennomført.

Forholdet mellom personvern og vern av dokumentasjon om overgrep (arkivvern) blir drøfta i tilknytning til «Taterregisteret» og «Åndssvakeregisteret», som er oppbevart i Riksarkivet. Regjeringa understrekar at omsynet til å ta vare på dokumentasjon om overgrep mot minoritetar skal vege tungt i avveginga mellom arkivvern og personvern, i samsvar med synspunkta til Romani-folkets Landsforening.

1.6.7 Minoritetsspråklege namn

Når det gjeld personnamn, sette Justisdepartementet ned ei arbeidsgruppe i 1999, som skal vurdere namnelova. Arbeidsgruppa vil vurdere endringar i namnelova m.a. når det gjeld nasjonale minoritetar.

Lov om stadnamn har blitt evaluert, og Kulturdepartementet vurderer for tida korleis evalueringsrapporten skal følgjast opp. I den samanhengen vil departementet vurdere kravet som Norske Kveners Forbund har sett fram, om bruk av kvenske stadnamn.

Regjeringa har opna for å godkjenne trespråklege kommunenamn på lik linje med tospråklege.

1.6.8 Minoritetane i media

Regjeringa meiner aktiv støtte til ytringsfridom og ytringshøve for minoritetane er eit viktig politisk tiltak i eit kulturelt mangfaldig samfunn.

Den kvenske avisa Ruijan Kaiku får auka det statlege tilskotet frå 250 000 kroner til 350 000 kroner i 2001. NRK Troms har kvar veke ei 12 minuttssending på finsk.

1.6.9 Sosial- og helsepolitikk

Norsk helse- og sosialpolitikk byggjer på at alle brukarar har same rett til å bli møtt med respekt for sin livssituasjon og kulturelle bakgrunn.

1.6.10 Arbeid mot rasisme og diskriminering

Regjeringa understrekar at staten har eit særskilt ansvar for å sikre at det blir sett i verk tiltak for å sikre likebehandling og motverke diskriminering. Eit av tiltaka er opprettinga av Senter mot etnisk diskriminering. Vidare er det sett ned eit utval som skal greie ut korleis vi kan styrkje det rettslege vernet mot etnisk diskriminering. Utvalet skal også leggje fram forslag til lov mot etnisk diskriminering.

1.6.11 Kunnskapsutvikling

Det er behov for meir systematisert forskning kring ulike problemstillingar knytte til dei nasjonale minoritetane og deira situasjon.

Barne- og familiedepartementet vil få utarbeidd ei nordisk kunnskapsoversikt om barn og ungdom frå nasjonale minoritetar.

Sosial- og helsedepartementet vil finansiere forskning og dokumentasjon omkring den ideologien som låg bak helse- og omsorgssektoren si behandling av eit framandt levesett som sjukdom. Departementet vil også kartleggje betre kva praksis som blei følgd i det psykiske helsevernet med omsyn til sjuklegging av etnisk identitet.

1.7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Løyvinga til senteret for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket vil bli fremma i dei vanlege budsjettframlegga.

2 Politisk grunnlag for eit kulturelt mangfaldig Noreg

Denne meldinga tek for seg politikken overfor jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar. Dei nemnde gruppene er nasjonale minoritetar i Noreg.

Også samane i Noreg er ein nasjonal minoritet i folkerettsleg meining, men politikken overfor samane vil ikkje bli drøfta i denne meldinga. Samepolitikken er prinsipielt avklart gjennom § 110a i Grunnlova, samelova og samane sin status som urfolk. Regjeringa legg fram ei prinsippmelding om samepolitikken kvart fjerde år. Den neste blir lagd fram i 2001.

Meldinga tek heller ikkje opp innvandringspolitikken eller politikken overfor minoritetar som nyleg er etablerte i Noreg. Desse spørsmåla blei drøfta i St.meld. nr. 17 (1996-1997) Om innvandring og det flerkulturelle Norge.

Sjølv om omgrepet «nasjonal minoritet» ikkje er klart avgrensa, er det semje om at minoritetsgrupper som har ei langvarig historie i det landet dei bur i, er å rekne som nasjonale minoritetar. I erklæringa frå Wien-toppmøtet i Europarådet i 1993 blir det vist til at den omskiftelege historia i Europa har medverka til å etablere dei nasjonale minoritetane.

Meldinga er ei oppfølging av at Noreg 17. mars 1999 ratifiserte Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar. Ho er òg ei oppfølging av St.meld. nr. 21 (1999-2000) Menneskeverd i sentrum - Handlingsplan for menneskerettigheter, der ein gjennomgang av politikken overfor nasjonale minoritetar var eit av dei varsla tiltaka.

Meldinga vil likevel ta opp ein del generelle minoritetspolitiske spørsmål, og ho vil såleis ha konsekvensar for heile det feltet vi kallar politikk for eit kulturelt mangfaldig samfunn.

2.1 Noreg - kulturelt mangfaldig

Regjeringa legg til grunn at Noreg alltid har vore kulturelt mangfaldig. Alt lenge før den norske staten blei etablert, budde både samar og nordmenn i det området som no utgjer Noreg. Kvener, skogfinnar og romanifolket kjem til syne i Noregs-historia ved overgangen frå mellomalderen til ny tid, på 1500- og 1600-talet. Alle dei nasjonale minoritetane har ei meir enn hundre år lang historie i landet.

Likevel har førestellinga om Noreg som eit kulturelt einsarta samfunn stått sterkt, og i den offentlege samtalen er minoritetar og urfolk i ein del tilfelle blitt framstilte som unntak som stadfestar regelen om at Noreg eigentleg er homogent.

Regjeringa tek utgangspunkt i at Noreg ikkje er kulturelt einsarta. Det er mange måtar å vere norsk på, og kulturelt mangfald er ein rikdom for fellesskapet.

2.2 Fellesskap, toleranse og like rettar

Alle som bur i Noreg, same kva bakgrunn dei har, skal ha reelt like høve, like rettar og like plikter til å delta i alle delar av samfunnet og til å bruke sine egne ressursar. Dette prinsippet ligg òg til grunn for politikken overfor dei nasjonale minoritetane.

Eit ope, mangfaldig samfunn må bindast saman av gjensidig toleranse, respekt og tverrkulturell dialog. Fellesskap, solidaritet, fridom og like rettar for alle er viktige verdiar for samfunnet.

Regjeringa slår fast at nokre verdiar og premissar, som respekten for menneskerettane og grunnleggjande demokratiske prinsipp, må vere felles for alle i Noreg. Dette er ein føresetnad for at dialogen mellom grupper, individ og styresmakter skal bli vellykka, trass i skilnader når det gjeld kultur, verdiar, uttrykksformer, livssyn og måtar å leve på.

Det er stor variasjon i bakgrunn, levekår og oppfatningar blant dei nasjonale minoritetane. Alle, same kva bakgrunn dei har, har den same retten til å bli sedde som individ, ikkje berre som ein del av ei gruppe. Ein person som tilhører ein nasjonal minoritet, har rett til sjølv å avgjere om ho eller han vil bli behandla som tilhøyrande ein nasjonal minoritet eller ikkje. Dette må både staten og minoritetane ha for auga når ulike tiltak skal utformast.

Etter regjeringa sitt syn er det avgjerande å sjå på alle personar som eineståande individ. Alle har rett til å skape sin eigen identitet, og alle med tilknytning til ein minoritet skal sjølve få avgjere om dei vil bli behandla som tilhøyrande ein nasjonal minoritet eller ikkje. Individperspektivet er òg viktig for å kunne identifisere aktuelle problemområde. Alle - kvinner, menn, barn og unge - skal få kome til orde med sine forteljingar og oppfatningar.

Alle barn og unge, utan omsyn til kulturell, språkleg eller religiøs tilknytning, kjønn, sosial bakgrunn eller kvar i landet dei bur, skal ha høve til å skape sin eigen identitet og si eiga framtid. Oppveksttilhøva for barn og unge er eit av dei viktigaste satsingsområda for regjeringa. Eit overordna mål er å sikre alle barn og unge likeverdige tilbod og høve til utvikling.

Likestilling mellom kjønna er eit anna overordna politisk mål i Noreg, og dette målet gjeld for utviklinga av politikken overfor nasjonale minoritetar på same måten som for resten av samfunnslivet i Noreg. Det skal vere reelt like rettar for kvinner og menn. Dette gjeld både sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Forsking omkring likestillingsspørsmål har, som forskinga på andre område, fokusert på majoritetsbefolkninga. Vi har derfor ikkje nok kunnskap om eventuelle spesielle utfordringar når det gjeld likestilling innanfor dei gruppene denne meldinga tek for seg.

Prinsippet om ikkje-diskriminering er ein viktig del av vårt verdigrunnlag. Rasisme og diskriminering er i strid med dei mest grunnleggjande verdiane våre og må motarbeidast aktivt.

Erfaringa er at språklege, kulturelle og religiøse minoritetar ikkje alltid opplever opninga for deltaking i samfunnet som reell. Vi må sjå i auga at diskriminering av dei nasjonale minoritetane har skjedd, og at denne diskrimineringa på somme felt held fram også i dag (jf. pkt. 6.10 nedanfor). På bakgrunn av dette er det i visse tilfelle nødvendig å setje inn særskilde tiltak med sikte

på at minoritetane skal oppnå reell likskap med majoritetsbefolkninga på alle område av det økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle livet.

Regjeringa ser det som eit mål at behova til minoritetane så langt råd er skal bli møtte innanfor dei generelle ordningane. I somme tilfelle kan ei god løysing vere å tilpasse dei generelle ordningane slik at dei også treffer behova til dei nasjonale minoritetane.

Når det gjeld grunnleggjande velferdstenester, som helsetenestene og sosialtenesta, har regjeringa som mål at dei skal vere tilpassa behova til kvar enkelt person. Det inneber at slike tenester også skal vere tilpassa behova til personar som tilhøyrer dei nasjonale minoritetane. Dei lokale helse- og sosialtenestene må ha eller kunne skaffe seg tilstrekkeleg kompetanse til å kunne syte for slik tilpassing til brukarane.

2.3 Minoritetsrettar

I FN-konvensjonen av 1966 om sivile og politiske rettar er det slått fast at personar som tilhøyrer ein etnisk, religiøs eller språkleg minoritet, ikkje skal bli nekta retten til, saman med andre medlemmer i si gruppe, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne seg og utøve sin eigen religion eller bruke sitt eige språk (artikkel 27). Gjennom menneskerettslova frå 1999 er denne føresegna no ein del av det norske lovverket.

Regjeringa vil arbeide for eit samfunn som fremmar dei føresetnadene som er nødvendige for at personar som tilhøyrer minoritetar, skal kunne uttrykkje, halde oppe og vidareutvikle sin identitet, både innanfor si eiga gruppe og i møte med resten av samfunnet.

Kulturarven til dei nasjonale minoritetane er ein del av kulturarven i Noreg. Norske styresmakter har såleis eit særskilt ansvar for å ta vare på kulturarven og dei kulturelle tradisjonane til minoritetane. Ved å ratifisere Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk, har staten teke på seg eit spesielt ansvar for å støtte tiltak med sikte på å ta vare på, styrkje og vidareutvikle kulturen til dei nasjonale minoritetane og minoritetsspråka kvensk/finsk, romanes og romani. Det er òg mogleg å sjå på slike tiltak som ein kompensasjon for den fornorskingspolitikken som blei ført tidlegare.

Regjeringa legg til grunn at ein del av behova til dei som tilhøyrer minoritetane, berre kan bli møtte gjennom særtiltak overfor gruppene som fellesskap, til dømes når det gjeld media og utdanning.

Ein potensiell fare ved å fokusere for sterkt på slike rettार som minoritetsgrupper har i fellesskap, er at ein kan kome til å sjå bort frå skilnader innanfor kvar gruppe. Dette kan stadfeste og legitimere makta til enkeltpersonar innanfor gruppa og truge rettane til barn og unge eller kvinner. Det er viktig å slå fast at den retten minoritetar har til å uttrykkje, halde oppe og vidareutvikle sin kultur, ikkje skal kunne brukast av nokon til å krenkje rettane til andre personar.

Alle skal kunne vere med på å utforme tiltak og ordningar som gjeld dei sjølve. Det er viktig at gruppene sjølve får vere med og avgjere kva for tiltak som skal prioriterast, og korleis tiltaka skal utformast.

Regjeringa ser på retten til deltaking i samfunnslivet i Noreg, og særleg på deltaking i dei politiske avgjerdsprosessane, som grunnleggjande rettar. Minoritetane sine organisasjonar har ei viktig rolle å spele her, og organisasjonane får økonomisk støtte over statsbudsjettet for å fylle denne rolla.

Styresmaktene fører dialog med dei organisasjonane som representerer gruppene. Samstundes må personar som på eigne vegner gir stemme til ulike syn, bli høyrde.

2.4 Minoritetsidentitet

Utforminga av den personlege identiteten høyrer inn under privatsfæren og ikkje under feltet for staten sin politikk. Hovudregelen må vere at den det gjeld, sjølv får avgjere om ho eller han tilhøyrer ein nasjonal minoritet. Det vil seie at prinsippet om *sjølvidentifisering* gjeld.

Det er *individ* som har ein kulturell identitet, ikkje grupper. For personar som tilhøyrer ein nasjonal minoritet, vil tilknytninga til minoriteten gjerne vere ein meir eller mindre viktig del av den personlege identiteten. Opplevinga av kor viktig denne delen av identiteten er, kan vere ulik i ulike samanhengar. Mange opplever at dei har sin eigen identitet knytt til fleire folkegrupper.

Det er fleire døme på at dei som har tilknytning til ei gruppe, er usamde om korleis grensene for gruppa skal trekkjast, og synet på majoritetskulturen varierer mykje. I alle gruppene er det ordskifte om identitet og avgrensing, historisk opphav og kulturell endring. Det er ikkje ei oppgåve for styresmaktene å delta i slike ordskifte. Samstundes har staten ei plikt, mellom anna ut frå Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar, til å leggje forholda til rette for at personar med minoritetstilknytning kan uttrykkje, halde oppe og utvikle sin eigen identitet.

Mange personar med bakgrunn i ein av dei nasjonale minoritetane har vore utsette for eit sterkt fornorskingspress, utan at minoritetsidentiteten dermed er blitt viska ut. For mange av desse personane er det avgjerande for sjølvkjensla og sjølvrespekten at identiteten deira blir stadfesta og styrkt, både av andre som tilhøyrer minoriteten, og av representantar for storsamfunnet.

Opplevinga av å høyre til ein minoritet kan vere nokså ulik for ulike personar med tilknytning til den same gruppa. Innanfor fleire av dei nasjonale minoritetane er det ein del som ser på ein klar og stolt minoritetsidentitet som eit ideal, medan andre er ambivalente når det gjeld eigen identitet.

Minoritetane sitt arbeid med å bygge opp ein positiv minoritetsidentitet krev mykje tid og arbeidsinnsats og støyter ofte på motstand innanfor gruppa. Mange ber på vonde minne av å ha blitt stempla som ein som tilhøyrde ein minoritet, til dømes i barndomsåra.

Å skape og halde ved like ei positiv sjølvkjensle, å vere stolt av sitt eige, kan vere eit viktig element i å leggje til rette for eit godt liv både for individ og grupper. Synleggjering og styrking av dei nasjonale minoritetane, til dømes gjennom kulturtiltak, kan vere med på å skape ei slik positiv sjølvkjensle. Arbeid av denne typen gir ikkje meining utan at det har utspring i gruppa sjølv. Møtet mellom majoritets- og minoritetskultur kan berre bli eit godt møte når det er mogleg for personar som tilhøyrer minoriteten, å halde på sin eigen identitet.

2.5 Minoritetspolitikk på ulike forvaltningsnivå

Staten Noreg har skrivne under ulike internasjonale menneskerettskonvensjonar og har gjennom dette teke på seg plikter overfor minoritetane.

Regjeringa vil likevel understreke at kommunar og fylkeskommunar har den same plikta som staten til å vere med på å oppfylle dei minoritetspolitiske forpliktingane som Noreg har teke på seg. Dette tyder mellom anna at omsynet til dei nasjonale minoritetane skal vere med i dei politiske vala som må gjerast lokalt.

Noko tilsvarende kan ein seie om fristilte statlege institusjonar, som universiteta, høgskolane og NRK. Overfor staten sine eigne institusjonar kan det dessutan vere aktuelt å gi særlege styringssignal gjennom konsesjonsvilkår og tildelingsbrev.

2.6 Oppgjer med tidlegare politikk

Den politikken staten tidlegare har ført overfor dei nasjonale minoritetane, har i lange periodar hatt assimilasjon (fornorsking) og kontroll som målsetjing.

Særleg overfor romanifolket (taterane/dei reisande) har det skjedd grove overgrep gjennom ein stor del av 1900-talet. Tiltak som busetting, plassering på institusjon, omsorgsovertaking av barn og sterilisering - formelt eller reelt grunngitt med at den det gjaldt var «omstreifar» - blei kopla saman på ein slik måte at det heile fekk eit sterkt element av tvang. Sett samla gir tiltaka eit bilete av ein samanhengande og sterkt undertrykkjande politikk frå storsamfunnet overfor ein utsett minoritet. Denne politikken var støtta og positivt sanksjonert av offentlege styresmakter (Stortinget, regjeringa, sentral og lokal forvaltning), og blei i stor utstrekning sett ut i livet av organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse.

11. februar 1998 gav daverande kommunal- og regionalminister Ragnhild Queseth Haarstad på vegner av styresmaktene i Noreg ei offisiell orsaking til romanifolket for dei overgrepa som har skjedd. *Regjeringa tek sterk avstand frå dei overgrepa som har vore gjorde mot romanifolket og ber om orsaking for den uretten som har skjedd. Noko liknande må aldri få hende igjen.*

Regjeringa seier seg òg lei for den fornorskingspolitikken som har råka alle dei nasjonale minoritetane, og vil på staten sine vegner be om orsaking for den måten minoritetane er blitt behandla på.

Overgrepa mot romanifolket var særst grove og ramma ei etnisk gruppe hardt. Tiltak for å styrkje og fremme kulturen til romanifolket kan sjåast som ei form for kompensasjon for kontroll- og fornorskingspolitikken, særleg for dei verknadene denne politikken har hatt for å svekkje kulturen. *Regjeringa vil derfor gjere framlegg om at det blir etablert eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket. Senteret plasserast på Glomdalsmuseet på Elverum med sikte på byggjearbeid i 2002 (jf. kapittel 6).*

3 Det internasjonale grunnlaget

Rettane til personar som tilhøyrrer etniske, språklege og religiøse minoritetar, er nedfelte i mange internasjonale menneskerettsinstrument. Ei klar avgrensing av minoritetsomgrepet ligg ikkje føre.

Det ligg i den språklege forståinga av «minoritet» at gruppa må vere *i mindretal*, altså talmessig underlegen majoritetsbefolkninga. Når minoritetsomgrepet blir brukt i folkerettsleg meining, viser det til ei gruppe menneske med *etniske, språklege, kulturelle og/eller religiøse særtrekk* som gjer at dei i vesentleg grad er ulike resten av befolkninga i den staten der dei er busette. Det er omstridd om ein skal stille krav til ein minstestorleik på gruppa, men truleg skal det ikkje stillast eit slikt krav. Vidare blir det ofte tolka inn eit tilleggskrav om at gruppa må vere i ei *ikkje-dominerande stilling* i samfunnet.

Det blir oppfatta som eit krav at personane sjølve må ha eit ønske om å halde oppe dei ovannemnde særtrekka - dei må ha *ein felles vilje til å halde oppe og utvikle sin eigen identitet*. Denne viljen treng likevel ikkje å kome til uttrykk eksplisitt; han kan til dømes kome fram ved at ei gitt gruppe faktisk har teke vare på eigne særtrekk over tid.

3.1 Ikkje-diskriminering og likebehandling

Ikkje-diskrimineringsprinsippet og prinsippet om likebehandling er grunnleggjande menneskerettsprinsipp som er slått fast mange stader, både i dei generelle menneskerettskonvensjonane og i fleire særkonvensjonar, til dømes i FNs kvinnekonvensjon, FNs barnekonvensjon og FNs rasediskrimineringskonvensjon. Ikkje-diskrimineringsprinsippet er eit heilt grunnleggjande prinsipp i minoritetsvernet. Det inneber at statane skal fremme likestilling mellom minoritetane og majoritetsbefolkninga, både formelt og reelt.

Med formell likestilling meiner ein at lovverket skal vere ikkje-diskriminerande.

At statane òg skal fremme reell likestilling, tyder at eit ikkje-diskriminerande lovverk ikkje er tilstrekkeleg. Eit formelt ikkje-diskriminerande regelverk kan slå ulikt ut for ulike grupper. *Statane må derfor også arbeide for å sikre at minoritetane blir likestilte med majoritetsbefolkninga i praksis*. For å fremme reell likestilling kan det vere nødvendig for statane å gjennomføre særskilde tiltak for å styrkje stillinga til ei gruppe, til dømes ved å gi økonomisk stønad til tiltak som skal sikre at minoritetsspråk kan haldast i hevd. Slik særbehandling blir ikkje rekna som diskriminering overfor andre grupper.

3.2 Minoritetsrettar - både kollektive og individuelle

I det internasjonale vernet om menneskerettane som blei utvikla etter den andre verdskrigen, blei rettार for minoritetsgrupper ikkje sedde på som viktige. Fokuset blei retta mot at alle individ har same verdi og dei same rettane, og i Verdserklæringa om menneskerettane frå 1948 er minoritetsrettar ikkje omhandla eksplisitt. Folkemordet på jødane og erfaringane frå mellomkrigs-

tida i Europa, da merksemda omkring minoritetar som snakka det same språket som majoriteten i eit anna land etter kvart førte til strid mellom nabostatar, kan ha medverka til at ein ville unngå å tale om grupper med særskilde rettar eller ordningar.

Etter kvart auka likevel forståinga for at minoritetar hadde behov for eit særskilt vern. Da FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar blei vedteken i 1966, kom artikkel 27 om rettane til personar som tilhøyrer minoritetar, med.

I dei konvensjonane og erklæringane der minoritetsrettar er omtalte, er dei formulerte som individuelle rettar - «rettar for personar som tilhøyrer (...) minoritetar (...)». Samstundes er det klart at mange av minoritetsrettane berre gir meining når dei kan nyttast av ei gruppe i fellesskap. Det er til dømes til lita hjelp å ha retten til å nytte sitt eige språk dersom ikkje språket kan nyttast i kommunikasjon med andre. Kultur, skikkar og tradisjonelle næringsformer er noko ei gruppe av personar i større eller mindre grad er saman om, og som vanskeleg berre kan sjåast i tilknytning til eit einskilt individ. Minoritetsrettar på område som massemedium, utdanning og kulturvern kan berre oppfyllest gjennom tiltak overfor heile gruppa.

Spørsmålet om minoritetsrettar er å rekne som individuelle eller kollektive, blei drøfta i den første utgreiinga til Samerettsutvalet. Der skilde ein mellom om det er ei gruppe som reelt har den aktuelle retten, og om det er gruppa eller individa som kan klage når ei føresegn blir broten (NOU 1984: 18, s. 284, og NOU 1997: 5, s. 60).

Kven som har rett til å klage, er avhengig av kva konvensjon klaga gjeld. Når det gjeld FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, har ein lenge rekna med at retten til å klage berre gjeld for individ, men seinare praksis har gjort dette meir usikkert. Menneskerettskomiteen har til dømes akseptert ei klage frå ein høvding på vegner av Lubicon Lake Band (ei indiansk stamme-gruppe i Canada). Vi må derfor no gå ut frå at saker kan bli reiste på vegner av ein minoritet anten ved representantar for minoriteten eller ved minoriteten sine egne styresmakter.

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor, må vi slå fast at sjølv om minoritetsrettane i dei aktuelle konvensjonane er formulerte slik at dei gir rettar til alle individ som tilhøyrer ein minoritet, vil minoritetsrettar i realiteten ofte vere kollektive rettar. Retten til å ta vare på og styrkje språk og kultur, til dømes i utdanning og i massemedium, vil ein berre kunne sikre ved å setje inn tiltak for heile den aktuelle minoriteten, som gruppe.

Det kan òg vere tilfelle der eit individ har rettar som går på tvers av dei samla interessene til gruppa.

3.3 Tilhøvet mellom urfolksrettar og minoritetsrettar

Når det gjeld avgrensinga av omgrepet «urfolk», blir det ofte vist til ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. I artikkel 1 blir omgrepet forstått slik:

«folk i sjølvstendige statar som er sedde på som opphavlege fordi dei nedstammar frå folk som budde i landet eller i ein geografisk region som landet høyrde til den gongen erobring eller kolonisering skjedde, eller den gongen dei noverande statsgrensene blei fastlagde, og som - utan omsyn til den rettslege stillinga dei måtte ha - har halde oppe alle

eller nokre av sine eigne sosiale, økonomiske, kulturelle og politiske institusjonar».

I denne forståinga av urfolksomgrepet er det eit viktig særdrag for eit urfolk at det blir «sedd på som opphavleg» ved at folkegruppa budde i eit område før dette området kom under eintydig jurisdiksjon under ein stat ved at området blei kolonisert, erobra eller på annan måte lagt inn under staten. Det er dessutan vanleg å gå ut frå at urfolk har ei «særleg tilknytning» til sine landområde (jf. NOU 1984: 18, s. 333ff).

Ut frå forståinga av at ein minoritet med ei langvarig tilknytning til landet skal reknast som «nasjonal minoritet», er det klart at alle grupper som er urfolk og i minoritetsposisjon, også er nasjonale minoritetar i folkerettsleg mening. Men i tillegg til urfolk omfattar kategorien «nasjonale minoritetar» andre grupper (sjå St.prp. nr. 80 (1997-1998) Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter, kap. 3 (særleg pkt. 3.4 og 3.6.2)).

Det folkerettslege vernet om rettane til urfolk, slik det er formulert i ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, er meir konkret, går lenger og femner om fleire felt enn både det generelle minoritetsvernet i folkeretten (jf. pkt. 3.4 nedanfor) og vernet om rettane til nasjonale minoritetar (jf. pkt. 3.5 nedanfor). Ein viktig skilnad er at dei tradisjonelle rettane urfolk har til land og vatn, har fått eit særleg vern i folkeretten. Urfolksrettane er dessutan i større grad enn dei generelle minoritetsrettane formulerte som kollektive rettar.

Samstundes har urfolksrettane mykje til felles med rettane til nasjonale minoritetar, særleg når det gjeld retten til vern om og styrking av kultur, språk og kulturell identitet.

3.4 Det generelle internasjonale vernet om rettane til etniske, språklege og religiøse minoritetar

Det internasjonale vernet om minoritetsrettar har vakse fram sidan 1950-åra, i første rekkje i FN-systemet. Dei generelle menneskerettskonvensjonane er Den europeiske menneskerettskonvensjonen frå 1950, FN-konvensjonen frå 1966 om sivile og politiske rettar og FN-konvensjonen frå 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Desse konvensjonane gir føresegner som gjeld for alle, og dermed også for personar som tilhøyrer dei nasjonale minoritetane. Prinsippet om like rettar for alle blir slått fast i fleire av artiklane.

I FN-konvensjonen av 1996 om sivile og politiske rettar finn vi òg den mest grunnleggjande føresegna om rettane til språklege, religiøse og etniske minoritetar generelt. Artikkel 27 lyder:

«I dei statane der det finst etniske, religiøse eller språklege minoritetar, skal dei som tilhøyrer slike minoritetar, ikkje nektast retten til, saman med andre medlemmer av si eiga gruppe, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne seg og utøve sin eigen religion, eller bruke sitt eige språk.»

Føresegna må lesast i samanheng med artikkel 2, første ledd i konvensjonen. Her blir det slått fast at konvensjonspartane pliktar å respektere rettane ned-

felte i konvensjonen og sikre dei for alle som oppheld seg på staten sitt territorium og er underlagde staten sin jurisdiksjon, utan forskjellsbehandling.

Personar som tilhøyrrer minoritetar, er såleis verna mot negativ forskjellsbehandling etter artikkel 27. FNs menneskerettskomité har også tolka føresegna slik at statane om nødvendig må setje i verk positive tiltak for å tryggje identiteten til minoritetar og retten for personar som tilhøyrrer ein minoritet, til å dyrke og utvikle sine særtrekk.

Statane rapporterer om gjennomføringa av konvensjonen til Menneskerettskomiteen, som òg kan behandle klager frå ein stat om ein annan. Etter første tilleggsprotokoll til konvensjonen kan enkeltpersonar klage til Menneskerettskomiteen dersom dei meiner at rettane deira etter konvensjonen blir brotne. Noreg har ratifisert tilleggsprotokollen.

I 1994 slo Menneskerettskomiteen fast at artikkel 27 omfattar *alle* minoritetsgrupper innanfor staten sitt territorium, også grupper av personar som ikkje er statsborgarar eller ikkje er fast busette. Kategorien *etnisk minoritet* er altså brukt i vid meining.

Dei tre grunnleggjande menneskerettskonvensjonane blei inkorporerte i norsk rett gjennom menneskerettslova av 21. mai 1999. Inkorporeringa inneber at enkeltpersonar kan stø seg til føresegnene i desse konvensjonane direkte overfor norske domstolar. Menneskerettslova fastset òg at føresegner i dei inkorporerte konvensjonane ved eventuell motstrid skal gå føre norske lovreglar.

FN-erklæringa om rettane til personar som tilhøyrrer nasjonale eller etniske, religiøse og språklege minoritetar blei vedteken i 1992 og er det einaste FN-instrumentet som særskilt handlar om rettane til minoritetar. Erklæringa er ikkje rettsleg bindande, men er politisk viktig fordi ho oppsummerar utviklinga på området. I utarbeidinga av erklæringa blei det teke utgangspunkt i artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, men erklæringa inneheld meir detaljerte tilvisingar om kva for tiltak statane skal gjennomføre for å sikre minoritetsrettane.

Erklæringa stadfestar prinsippet om ikkje-diskriminering og slår fast at personar som tilhøyrrer minoritetar utan diskriminering har rett til å utøve sin eigen kultur, praktisere sin eigen religion og bruke sitt eige språk. Det blir òg slått fast at personar som tilhøyrrer minoritetar, har rett til å delta i det kulturelle, religiøse, sosiale, økonomiske og offentlege livet, og til å delta og bli høyrde når det skal takast avgjerder på nasjonalt eller regionalt nivå som vedkjem dei. Det heiter vidare at statane innanfor utdanningssystemet skal fremme kunnskap om historia, tradisjonane, språket og kulturen til minoritetane. Personar som tilhøyrrer minoritetar, skal fritt kunne etablere og halde oppe eigne organisasjonar, og dei skal kunne ha fri kontakt med andre personar som tilhøyrrer minoritetar, både i eige land og over landegrensene.

Både i artikkel 27 i FN-konvensjonen av 1966 om sivile og politiske rettar og i erklæringa heiter det at rettane til personar som tilhøyrrer minoritetar, gjeld både *individuellt* og *saman med andre* som tilhøyrrer minoritetsgruppa (jf. pkt. 3.2 ovanfor).

FN-konvensjonen mot rasediskriminering frå 1966 er den mest sentrale konvensjonen når det gjeld rasisme og diskriminering. Noreg blei part i konvensjonen 5. september 1970.

Rasediskriminering er i konvensjonen definert som alle former for forskjellsbehandling, utestenging, innskrenking eller favorisering på grunnlag av rase, hudfarge, avstamming eller nasjonalt eller etnisk opphav som har til formål eller som verknad utestenging frå eller avgrensing av menneskerettane eller andre grunnleggjande rettar på alle samfunnsområde. Forskjellsbehandling på grunn av tilknytning til ein nasjonal minoritet blir såleis å rekne som «rasediskriminering» i konvensjonen si meining.

Staten sjølv pliktar å ikkje diskriminere, og han har vidare ei plikt til å hindre at andre utset nokon for rasediskriminering. Konvensjonen gir òg detaljerte reglar for positive tiltak som ein stat skal setje i verk, både når det gjeld sivile og politiske rettar og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Føresegnene i konvensjonen blir overvakte av FNs rasediskrimineringskomité (CERD). Komiteen er sett saman av 18 personar som er valde som uavhengige ekspertar. Partane i konvensjonen pliktar å sende periodiske rapportar til komiteen om korleis konvensjonen blir gjennomført. I tillegg behandlar komiteen individuelle klagesaker frå land som har ratifisert den valfrie tilleggsprotokollen om dette. Noreg har ratifisert tilleggsprotokollen.

Ved behandlinga av rapportane frå Noreg har rasediskrimineringskomiteen gjennom mange år peika på behovet for å styrkje det rettslege vernet mot diskriminering.

FN-konvensjonen om rettane til barnet av 20. november 1989 inneheld fleire føresegner som peikar på kor viktig det er å verne barn som tilhøyrer ulike minoritetsgrupper. I artikkel 2 heiter det at statane skal respektere og sikre dei fastsette rettane for alle barn, utan noka form for forskjellsbehandling, og utan omsyn til mellom anna kjønn, språk, religion eller etnisk eller sosialt opphav hos barnet eller foreldra.

I artikkel 30 blir det slått fast at «i land der det finst etniske, religiøse eller språklege minoritetar, skal eit barn som tilhøyrer ein slik minoritet, ikkje bli nekta retten til, saman med andre medlemmer av si gruppe, å nyte godt av sin eigen kultur, til å utøve sin eigen religion eller til å bruke sitt eige språk».

Minoritetar er dessutan nemnde fleire andre stader i Barnekonvensjonen. Det står mellom anna at utdanning skal ha som målsetjing å utvikle respekt for den kulturelle identiteten, språket og verdiane til barnet. I føresegna om omsorgsovertaking er det slått fast at det skal takast rimeleg omsyn til den etniske, religiøse, kulturelle og språklege bakgrunnen til barnet.

Minoritetsvernet er ein del av menneskerettane, og minoritetsrettane kan ikkje brukast til å krenkje rettane til andre personar. Dette inneber at retten til å halde i hevd og vidareutvikle kulturelle tradisjonar ikkje vernar tradisjonar som bryt med andre internasjonale standardar for menneskerettar. Konvensjonen om avskaffing av alle former for diskriminering mot kvinner (CEDAW) gir statane ei klar plikt til å arbeide for å endre kvinneundertrykkjande sosiale og kulturelle tradisjonar.

Minoritetsrettane gir heller ikkje heimel for krav som kan truge den territorielle integriteten til ein stat. Tvert imot er eit av formåla med minoritetsrettane å sikre fredeleg sameksistens mellom ulike folkegrupper.

Det internasjonale minoritetsvernet gir ikkje noko klart svar på kva for tiltak ein stat bør setje i verk, og kor omfattande slike tiltak eventuelt må vere. Tiltaka må stå i forhold til dei behova og ønska gruppa har, storleiken på

gruppa og kor store kostnader tiltaket påfører staten. Statane har generelt sett ikkje plikt til å setje i verk tiltak som er urimeleg byrdefulle sett i forhold til etterspurnaden (proporsjonalitetsprinsippet).

FNs høgkommissær for menneskerettar har som ei av sine oppgåver å fremme og verne om rettane til minoritetar. Også FNs menneskerettskomisjon, Underkommissjonen for styrking og vern av menneskerettane og Underkommissjonen si arbeidsgruppe for minoritetar tek opp tilhøva for minoritetar.

3.5 Vern av nasjonale minoritetar i Europa

Omgrepet *nasjonale minoritetar* er i hovudsak utvikla i europeiske samanhengar. Situasjonen for nasjonale minoritetar i Europa blei teken opp allereie i mellomkrigstida, i regi av Folkeforbundet. Den gongen tenkte ein i første rekkje på grenseminoritetar, altså på minoritetar som snakka det same språket som majoriteten i eit anna land. Døme på dette er danskane i Tyskland, tyskarane i Danmark og dei svensktalande på Åland.

Europarådet har i mange år arbeidd for å styrkje menneskerettsvernet i Europa og betre stillinga til dei nasjonale minoritetane. I Den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1950 er diskriminering på grunnlag av tilknytning til nasjonal minoritet forbode (jf. pkt. 3.5.3.1). Tilhøva for minoritetane i Europa fekk ny merksemd etter at Berlinmuren fall hausten 1989 og dei nye demokratia i Aust-Europa utvikla seg.

3.5.1 Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar

Som eit resultat av erklæringa frå toppmøtet i Europarådet i Wien i 1993 vedtok Ministerkomiteen 10. desember 1994 teksten til Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar. Konvensjonen blei opna for underteikning 1. februar 1995, og Noreg var blant dei 21 statane som underteikna konvensjonen denne dagen. Konvensjonen tok til å gjelde for dei første 12 statane 1. februar 1998. Noreg ratifiserte konvensjonen 17. mars 1999, og i september 2000 hadde 32 statar ratifisert han.

Rammekonvensjonen er den første juridisk bindande multilaterale avtalen om allment vern av nasjonale minoritetar, og han var derfor eit viktig supplement til dei normene som allereie eksisterte på feltet. Konvensjonen inneheld i hovudsak programføresegner som fastset *mål* som statane forpliktar seg til å arbeide for å nå. Det sentrale er å oppnå eit effektivt vern av nasjonale minoritetar og personar som tilhøyrer slike grupper. Prinsippa om formell og reell likestilling mellom nasjonale minoritetar og majoritetsbefolkninga står sentralt, og partane forpliktar seg til å leggje forholda til rette for at nasjonale minoritetar skal kunne halde oppe og vidareutvikle sin eigenart.

Omgrepet nasjonal minoritet er ikkje definert i Rammekonvensjonen. Årsaka til dette er at det under forhandlingane om konvensjonen ikkje var mogleg å kome fram til ein definisjon som alle medlemslanda i Europarådet kunne bli samde om.

Det er likevel brei semje om at ei minoritetsgruppe må ha *opphavleg eller langvarig tilknytning til den aktuelle staten sitt territorium* for at minoriteten skal blir rekna som ein *nasjonal* minoritet. Dette inneber at innvandragrupper som relativt nyleg har kome til landet, ikkje blir rekna som nasjonale minori-

tetar i konvensjonen si meining. Det er ikkje avklart kva «langvarig tilknytning» tyder, men det har vore nemnt krav om at gruppa må kunne vise til tilknytning til den aktuelle staten i minst hundre år (jf. St.prp. nr. 80 (1997-1998), pkt. 3.3).

Normalt blir det òg rekna som eit krav at alle eller dei fleste i minoritetsgruppa har *statsborgarskap* i den staten gruppa er knytt til. Føresegnene i Rammekonvensjonen vil såleis som hovudregel berre kunne gjerast gjeldande for personar som har norsk statsborgarskap. Kravet om statsborgarskap er likevel ikkje til hinder for at ein nasjonal minoritet kan omfatte *enkeltpersonar* som har fått opphaldsløyve i landet, men enno ikkje er blitt norske statsborgarar. Det er til dømes aktuelt når ein person som ikkje har statsborgarskap giftar seg med ein person som tilhøyrer ein nasjonal minoritet og såleis kan bli innlemma i gruppa.

Rammekonvensjonen gir ei rad detaljert utforma føresegner som supplerer meir generelt utforma føresegner i andre konvensjonar. Føresegnene er oftast fleksibelt utforma. Statane har såleis i stor monn fått rom for utøving av skjønn, der ein kan ta omsyn til særskilde tilhøve i den aktuelle staten.

I fortalen til Rammekonvensjonen heiter det at eit pluralistisk og genuint demokratisk samfunn ikkje berre må respektere den etniske, kulturelle, språklege og religiøse identiteten til personane som tilhøyrer dei nasjonale minoritetane, men òg *leggje forholda til rette* for at desse personane skal kunne gi uttrykk for, halde oppe og utvikle sin eigen identitet. Målsetjinga med Rammekonvensjonen er å oppnå eit effektivt vern av dei nasjonale minoritetane og av personar som tilhøyrer desse gruppene. Det blir òg sagt at det er nødvendig å skape ein atmosfære av toleranse og dialog for at kulturelt mangfald skal kunne bli ei kjelde, ikkje til splid, men til rikdom for alle samfunn.

Eit grunnleggjande prinsipp blir slått fast i artikkel 1, nemleg at vern om minoritetar er ein del av det internasjonale menneskerettsvernet og såleis ikkje ei reint indre sak for statane. Artikkel 3 slår fast at personar som tilhøyrer dei nasjonale minoritetane, fritt skal kunne velje om dei vil bli behandla som nasjonal minoritet, og at dei skal kunne utøve rettane i konvensjonen aleine eller i fellesskap med andre. Det inneber òg at personar som ikkje ønskjer å bli behandla ut frå føresegnene i konvensjonen, har krav på at dette ønsket blir teke til følgje.

Konvensjonen pålegg statane å fremme både formell og reell likestilling mellom minoritetane og majoritetsbefolkninga.

For å fremme reell likestilling kan det vere nødvendig for statane å gjennomføre særskilde tiltak for å betre situasjonen for ei gruppe. Slike særtiltak er ikkje å rekne som diskriminerande. Til dømes pålegg artikkel 5 statane å leggje tilhøva til rette slik at personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar, skal kunne halde oppe og utvikle sin eigen kultur og sin eigen identitet. Vidare skal statane etter artikkel 6 setje i verk tiltak for å fremme gjensidig respekt og forståing mellom personar som tilhøyrer ulike etniske, kulturelle, språklege eller religiøse grupper. Det skal òg setjast i verk tiltak for å gi personar vern mot diskriminering og valdelege åtak på bakgrunn av særtrekk ved den gruppa dei tilhøyrer.

Rammekonvensjonen inneheld òg ein del tradisjonelle menneskerettar som har særskild relevans for vernet om dei nasjonale minoritetane. Det gjeld mellom anna forsamlings- og foreiningsfridom, tanke- og trusfridom og

ytringsfridom. Vidare inneheld konvensjonen særskild regulering av nokre viktige felt når det gjeld minoritetsvernet, mellom anna retten til bruk av minoritetsspråk og bruken av personnamn og stadnamn. Utdanning er òg eit sentralt område, og konvensjonen inneheld fleire føresegner om dette, mellom anna om retten til å lære sitt eige språk. Undervisninga skal dessutan vere med på å fremme den gjensidige forståinga mellom ulike grupper i samfunnet.

Det heiter vidare i Rammekonvensjonen at statane skal leggje forholda til rette slik at personar som tilhøyrrer dei nasjonale minoritetane, skal kunne ta aktivt del i alle delar av samfunnslivet, og da særleg i avgjerdsprosessane i spørsmål som vedkjem dei spesielt.

Rammekonvensjonen har òg ei føresegn om at personar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar har rett til å etablere og halde oppe fri og fredeleg kontakt på tvers av landegrensene (art. 17, første ledd). Føresegna framhevar særleg vernet av kontakt mellom personar som delar ein etnisk, kulturell, språkleg eller religiøs identitet eller ein felles kulturarv.

Når det gjeld gjennomføringa av konvensjonen, skal statane rapportere om dette til Europarådet sin ministerkomité. Konvensjonen inneheld inga ordning for individklager.

Noreg vil sende sin første rapport til Europarådet innan 1. mars 2001.

3.5.2 Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk

Europarådet har òg vedteke ein konvensjon som tek sikte på å verne *språka* til dei nasjonale minoritetane og andre historiske språk i Europa. Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (heretter omtalt som Minoritetsspråkpakta) blei underskriven av Noreg og 11 andre land 5. november 1992 og ratifisert av Noreg som første land 10. november 1993. Pakta tok til å gjelde frå 1. mars 1998 for dei fem landa som hadde ratifiserte henne først. I september 2000 hadde ti statar ratifisert konvensjonen.

Innleiinga til Minoritetsspråkpakta slår fast at vern om regions- eller minoritetsspråk er med på å halde oppe og utvikle kulturell rikdom og tradisjonar i Europa. Ein viser òg til at dette er eit viktig bidrag til bygginga av eit Europa basert på prinsippa om demokrati og kulturelt mangfald. Dei statane som ratifiserer pakta, tek på seg ei plikt til å setje i verk særskilde tiltak for å verne og styrkje minoritetsspråk.

Minoritetsspråkpakta definerer «regions- eller minoritetsspråk» som språk som tradisjonelt er nytta innanfor eit gitt territorium i ein stat, av statsborganarar som utgjer ei gruppe som er i mindretal i den aktuelle staten. Dette språket må vere ulikt det offisielle språket eller dei offisielle språka i staten.

Del II i pakta fastset ei rad viktige formål og prinsipp når det gjeld statane sine plikter med sikte på å sikre vern om minoritetsspråka. Det heiter mellom anna at styresmaktene pliktar å handle aktivt for å sikre vern om regions- eller minoritetsspråk. Ein skal leggje forholda til rette for undervisning i og læring av minoritetsspråk, og ein skal leggje til rette for at ikkje-brukarar av minoritetsspråk som bur i eit område der minoritetsspråket blir talt, får høve til å lære språket. Statane skal fremme studiar og forskning om minoritetsspråk. Vidare heiter det at statane skal ta omsyn til behov og ønske uttrykte av språkbrukarane i utforminga og gjennomføringa av politikken når det gjeld minori-

tetsspråk. Her finst det òg ei føresegn om ikkje å diskriminere på grunnlag av språk.

Del III i Minoritetsspråkpakta inneheld meir omfattande og detaljerte føresegner om bruk av minoritetsspråk på ulike felt, som utdanning, rettsvesen og den offentlege forvaltninga. Da Noreg ratifiserte pakta blei kapittel III gitt verknad for samisk.

Kulturdepartementet er ansvarleg departement og utarbeidde den første norske rapporten til ekspertkomiteen for oppfølginga av pakta. Rapporten blei send til Europarådet i mai 1999. For tida er rapporten til behandling i ekspertkomiteen, og komiteen kom i samband med dette på vitjing til Noreg i september 2000.

3.5.3 Arbeid i europeiske organisasjonar

Arbeidet med å konvensjonsfeste rettane til nasjonale minoritetar har gått føre seg i Europarådet, men også OSSE og EU har tilhøva for nasjonale minoritetar i Europa som ein del av sitt arbeidsfelt. Situasjonen til nasjonale minoritetar, særleg i Baltikum og på Balkan, har òg vore eit tema som er blitt teke opp i fleire regionale organisasjonar/samanslutningar, som i Austersjørådet, i Stabilitetspakta og på nordisk nivå. To hovudtema går att internasjonalt, situasjonen for rom og tilhøva mellom nabostatar der ei folkegruppe som utgjer majoriteten i eit land, er ein nasjonal minoritet i nabolandet.

OSSE-toppmøtet i Istanbul i november 1999 vedtok Pakta for europeisk tryggleik (Stabilitetspakta). Målet med pakta er å styrkje det politiske og økonomiske samarbeidet mellom landa i Sørøst-Europa og leggje til rette for integrering av landa i regionen i europeiske samarbeidsstrukturar. Pakta legg opp til eit nært samarbeid mellom alle internasjonale organisasjonar som har engasjert seg i Sørøst-Europa, mellom dei Europarådet, EU og OSSE.

3.5.3.1 Europarådet

Europarådet sitt arbeid med nasjonale minoritetar er i første rekkje knytt til oppfølginga av Rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Minoritetsspråkpakta, men rådet har ein del andre aktivitetar på feltet òg. Mange av desse aktivitetane blir gjennomførte i nært samarbeid med EU, både når det gjeld organisering og finansiering.

For å lage eit forum for utveksling av informasjon, synspunkt og erfaringar frå politikk og vellykka praksis for vern av nasjonale minoritetar, blei det i 1998 etablert ein ekspertkomité for spørsmål knytte til vern av nasjonale minoritetar (DH-MIN). Komiteen kan òg foreslå tiltak og verkemiddel for å vidareutvikle det europeiske samarbeidet for vern av nasjonale minoritetar og gjere undersøkingar av politikken på feltet. Komiteen er sett saman av representantar frå medlemslanda, men representantar for nasjonale minoritetar og ikkje-statlege organisasjonar med kompetanse på feltet kan trekkjast med i arbeidet. DH-MIN har sett fokus på spørsmålet om dei nasjonale minoritetane si deltaking i avgjerdsprosessane i landa.

Europarådet har òg ei spesialistgruppe for politikk overfor rom (MG-S-ROM). Det blir lagt vekt på å styrkje banda mellom styresmakter, rom-organisasjonar og andre frivillige organisasjonar. Europarådet sitt arbeid i Sentral-

og Aust-Europa skjer i nært samarbeid med OSSE sitt kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR).

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) har ei føresegn i artikkel 14 om at rettane i *konvensjonen* skal gjelde for alle, utan forskjellsbehandling.

I juni 2000 vedtok Ministerkomiteen i Europarådet Protokoll nr. 12 til EMK. Denne protokollen utvidar vernet mot diskriminering til å gjelde alle rettar og plikter som er regulerte i lov, og han styrkjer dermed det rettslege vernet mot diskriminering. Klager vil bli behandla av Den europeiske menneskerettsdomstolen. Protokollen blei opna for underskriving 4. november 2000. Regjeringa vurderer om Noreg skal skrive under på protokollen.

Europarådet sin komité mot rasisme og intoleranse (ECRI) blei oppretta på toppmøtet i Europarådet i Wien i 1993, der statsleiarane i medlemsstatane i Europarådet uttrykte uro over aukande rasisme, framandfrykt, antisemitisme og manglande toleranse. ECRI skal overvake og vurdere korleis medlemsstatane i Europarådet kjempar mot slike holdningar. Komiteen skal òg gjere framlegg om tiltak på lokalt, statleg og europeisk nivå for å betre tilhøva på dette området. Vidare skal ECRI studere dei gjeldande internasjonale instrumenta med sikte på å styrkje gjennomføringa av dei der det er på sin plass.

ECRI har gitt fem generelle politiske tilrådingar. Ei av dei tek for seg kampen mot rasisme og intoleranse mot rom og gjer framlegg om ei rad tiltak, til dømes rettshjelp og tilskipping av institusjonelle ordningar for å sikre deltaking i samfunnet. Sjølv om tilrådingane ikkje er rettsleg bindande, legg regjeringa stor vekt på å følgje dei i praksis.

Med jamne mellomrom gir ECRI ut rapportar om tilhøva i medlemsstatane i Europarådet når det gjeld rasisme, framandfrykt, antisemitisme og manglande toleranse. I den andre rapporten ECRI har laga om Noreg, heiter det mellom anna:

«Romanifolket/Reisende i Norge var tidligere utsatt for assimileringstiltak og systematiske og alvorlige brudd på menneskerettighetene, som f.eks. tvangssterilisering av kvinner.»

3.5.3.2 EU

EU sine egne tiltak for nasjonale minoriteter er i første rekkje ein del av arbeidet mot rasisme og diskriminering. Tilhøva for nasjonale minoriteter er ikkje minst viktige når det gjeld den komande utvidinga av EU. I 1993 blei det på Det europeiske rådet sitt møte i København nedfelt kriterium for opptak av nye medlemsland. Det blei mellom anna sett krav om at kandidatlanda må ha institusjonar som garanterer demokrati, rettsstatsprinsipp, menneskerettar og respekt for og vern av nasjonale minoriteter. EU har samarbeidd med Europarådet når det gjeld aktivitetar for nasjonale minoriteter.

Ut gjennom 1990-åra har EU auka innsatsen både gjennom handlingsplanar mot diskriminering og gjennom arbeid med lovgivinga. Det europeiske rådet vedtok i Amsterdam i juni 1997 artikkel 13 i Traktaten om oppretting av det europeiske fellesskapet (EF-traktaten). Føresegna gir det europeiske fellesskapet mynde til å setje i verk tiltak for å motarbeide diskriminering basert på kjønn, rase eller etnisk opphav, religion eller truvedkjenning, funksjons-

hemming, alder eller seksuell legning. EU-kommisjonen la i desember 1999 fram forslag til gjennomføring av artikkel 13 i EF-traktaten i form av ein pakke sett saman av:

1. Eit direktiv om implementeringa av prinsippet om likebehandling mellom personar uavhengig av rase eller etnisk opphav (2000/43/EF)
2. Eit direktiv om likebehandling i arbeidslivet (COM (1999) 565 final)
3. Eit handlingsprogram for å motarbeide diskriminering i perioden 2001-2006 (COM (1999) 567 final, 1999/0251 (CNS))

Direktivet om likebehandling mellom personar uavhengig av rase eller etnisk opphav blei vedteke av EU-rådet 29. juni 2000. Dei to andre delane av pakken blir truleg vedtekne hausten 2000 under det franske formannskapet. Det blir no vurdert om dei nemnde direktiva og handlingsprogrammet høyrer inn under EØS-avtalen.

EU har òg nyleg etablert eit overvakingssenter for rasisme og framandfrykt (The European Monitoring Centre on Racism and Xenophobia) med hovudkontor i Wien. Senteret har som hovudformål å samle inn og samordne dokumentasjon om arten og omfanget av diskriminering i Europa, og dessutan gi tilrådingar til medlemsstatane om moglege tiltak mot rasisme.

3.5.3.3 OSSE

Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) har utvikla eit omfattande sett av politiske *normer og standardar for korleis medlemslanda skal sikre menneskerettane og styrkje demokratiet*. OSSE omtaler desse prinsippa som *den menneskelege dimensjonen*.

Helsingfors-møtet i 1992 vedtok at det skulle opprettast ein eigen institusjon for det arbeidet OSSE driv med sikte på å førebyggje konflikhtar mellom ulike etniske grupper - *Høgkommissæren for nasjonale minoritetar*. I mandatet heiter det at Høgkommissæren skal arbeide for tidleg varsling og leggje eit grunnlag for handling i moglege konflikhtar der det er strid om spørsmål knyta til nasjonale minoritetar. Høgkommissæren tek opp saker som gjeld oppfølging av det medlemslanda har forplikta seg til gjennom OSSE når det gjeld nasjonale minoritetar. Det er ikkje Høgkommissæren si oppgåve å behandle klagesaker frå enkeltpersonar. Institusjonen har utvikla seg til å bli eit av dei mest effektive konfliktførebyggjande organa under OSSE. Også OSSE sin Høgkommissær for nasjonale minoritetar har vore spesielt oppteken av situasjonen til rom.

Det er norsk politikk å gi høg prioritet til arbeid med menneskerettar og rettsstatsprinsipp. I 1999 hadde Noreg formannskapet i organisasjonen, og gjennom formannsperioden la Noreg særleg vekt på den vanskelege situasjonen for grupper av rom i OSSE-området.

3.6 Politikken overfor nasjonale minoritetar i Sverige og Finland

Det vil her bli gitt kort framstilling av minoritetspolitikken i Sverige og Finland, særleg av korleis landa behandlar dei spørsmåla som er blitt reiste i samband med ratifikasjon av Den europeiske pakta om regions- eller minoritetspråk og Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar.

Det har vore kontakt mellom Sverige, Finland og Noreg i samband med ratifiseringa av Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og i vurderinga av korleis ein kan følgje opp konvensjonen politisk. Sverige og Finland har lagt til grunn den same forståinga som Noreg når det gjeld kva som kjenneteiknar ein nasjonal minoritet.

Landa har likevel ulike føresetnader når det gjeld lover, reglar og praksis i forhold til minoritetane. Storleiken på gruppene og historia deira skil seg frå land til land, og den same minoritetsgruppa kan ha ulik historie og tilknytning i dei ulike landa.

Landa fann at dei i utgangspunktet oppfylte mange av føresegnene i konvensjonen gjennom lovgiving på ymse område, som religionsfridom, yrtingsfridom og forbod mot diskriminering.

3.6.1 Sverige

Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk og Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar blei begge ratifiserte av Sverige 9. februar 2000, og tok til å gjelde for Sverige 1. juni 2000. Regjeringa sitt forslag til ratifikasjon, lovforslag og andre tiltak som ein meinte ville vere nødvendige for ratifikasjon (proposisjon 1998/143), blei vedtekne av den svenske Riksdagen 2. desember 1999.

Særskilde tiltak for rom i Sverige blei utgreidde i 1997. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Nordiska Zigenarrådet, Svenska kommunförbundet og dei aktuelle departementa la fram rapporten «Romer i Sverige - tilsammans i förändring» (Ds 1997:49).

I Sverige er samar, sverigefinnar, tornedalingar, rom og jødar rekna som nasjonale minoritetar. Svenske styresmakter reknar med at det er om lag 15-20 000 samar i Sverige. Vidare reknar styresmaktene med at det er om lag 450 000 sverigefinnar i første og andre generasjon og om lag 50 000 tornedalingar. Ved grensetrekkinga mellom Sverige og Russland i 1809 blei grensa trekt langs Torne älv, og vestre del av den finsktalande Tornedalen blei svensk område. Ein trur vidare at det kan vere om lag 15-20 000 rom i Sverige i dag, medrekna både eldre (frå det noverande Finland) og nyare (i hovudsak frå Russland og Romania) innvandring. Ein reknar at det er om lag 25 000 jødar i Sverige i dag.

Minoritetsspråka er samisk, finsk, meän kieli (tornedalsfinsk), romani chib og jiddisk. Av desse har samisk, finsk og meän kieli historisk ein geografisk basis nord i landet. Dette inneber krav om meir omfattande tiltak til støtte for desse språka i desse områda, ved at del III i Minoritetsspråkpakta er gitt verknad her. Mange av tiltaka for finsk er dessutan sette inn i heile Sverige.

Ein har i Sverige valt å behandle meän kieli og finsk som to ulike, territorielt baserte språk, med tilknytning til det same geografiske området. Romani chib og jiddisk blir rekna som territorielt ubundne språk, som såleis er verna etter del II i Minoritetsspråkpakta. Dei ulike variantane av romani chib blei behandla som eitt språk, for å sikre at ingen variantar av språket fall utanfor ved ratifikasjon av konvensjonen.

Samstundes med ratifikasjonen vedtok Riksdagen forslaget til lov om rett for den enkelte til å bruke finsk og meän kieli i møte med styresmaktene og domstolane, innanfor eit forvaltningsområde som omfattar kommunane Gälli-

vare, Haparanda, Kiruna, Pajala og Övertorneå. Lova gir òg rett til å nytte finsk og meän kieli i førskolen og i eldreomsorga. Forvaltningsområdet i den tilsvarende lova for samisk språk omfattar kommunane Arjeplog, Gällivare, Jokkmokk og Kiruna.

Sjølv om den svenske regjeringa fann at mange av føresegnene i konvensjonen allereie var oppfylte av Sverige, valde regjeringa å fastsetje dei økonomiske konsekvensane av forslaga i proposisjonen om samtykke til ratifikasjon til 10 millionar kroner årleg. 6 millionar kroner går til forvaltningsområda for samisk, finsk og meän kieli.

Det blei òg vedteke andre tiltak for å støtte dei nasjonale minoritetane. Det gjeld særleg tiltak for å utbreie kunnskap om språka til dei nasjonale minoritetane, å gi kulturen, religionen og historia til minoritetane større plass i dei obligatoriske læreplanane, og å utvikle universitetsutdanning om og forskning på minoritetsspråk. Ei rad andre tiltak kjem òg til å bli sette i verk. Når det gjeld sendingar i radio og fjernsyn, skal ein dessutan vurdere om romani chib skal få den same stillinga i programarbeidet som samisk, finsk og meän kieli har i dag.

3.6.2 Finland

Finland ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar 3. oktober 1997, og konvensjonen tok til å gjelde frå 1. februar 1998.

I proposisjonen frå regjeringa som låg til grunn for ratifikasjonen, heiter det at rammekonvensjonen skal gjelde for samar, rom, jødar, tartarar, gammalrussarar og finlandssvenskar.

Finland ratifiserte Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk 9. november 1994, og ho tok til å gjelde frå 1. mars 1998. Finland ratifiserte pakta for samisk, svensk, romani og «andre territorielt ubundne språk». Svensk har ei særstilling som eitt av dei to nasjonalspråka i Finland.

Finland hadde før ratifiseringa ei rad lover som verna om og støtta finlandssvensk, samisk og romsk kultur og språk. Dei fleste føresegnene gjeld samisk og svensk. I «Den finska regeringsformens stadga» § 14, tredje ledd heiter det: «Samerna så som urfolk samt zigenarna och andra grupper har rätt att bevara och utveckla sitt språk och sin kultur.» I tillegg finst det ei føresegn i grunnlova som omhandlar det samiske språket, og mange lover og føresegner som vernar om samisk og svensk språk i Finland.

Den svenske språklova er frå 1922, og lova om rett til å bruke samisk i forhold til styresmaktene er frå 1992. I tospråklege kommunar - det vil seie kommunar der minst 8% eller minst 3000 personar snakkar kvart av språka svensk eller finsk - har den enkelte rett til svar på sitt eige språk i kontakt med styresmaktene. Når det gjeld utdanning i grunnskolen, må minst 13 elevar ha eit av språka som morsmål for at det skal bli oppretta eit tilbod på dette språket. Barnehagetilbod skal givast på barnet sitt morsmål, og helsetilbod så langt det er råd.

Område for den samiske språklova i Finland er Enontekiö, Enare og Utsjoki kommunar. Samar har rett til å bruke samisk i spørsmål som vedrører dei sjølve. Dette gjeld kommunale og statlege styresmakter. Tilbod i barneha-

gar og i skoleverket, og relevante lover og forordningar, skal liggje føre på samisk i dette området.

Delegationen för romska ärenden (tidl. Zigenarärenden) har eksistert sidan 1956. Han har 18 medlemmer, og 10 av dei er rom. Hovudoppgåva er å betre føresetnadene for at rom skal kunne delta i samfunnslivet på likeverdige vilkår, og dessutan å betre dei økonomiske, sosiale og kulturelle tilhøva for rom.

1. februar 1994 blei «Eininga for utdanning blant rom» oppretta for å styrkje og vidareutvikle utdanningssystemet for rom. Utbildningsministeriet skal behandle alle spørsmål av prinsipiell natur som har med utdanning blant rom å gjere, frå barnehage til vaksenopplæring. Eit viktig siktemål er å gjere utdanninga meir meiningsfylt både for barn og vaksne.

4 Historia til dei nasjonale minoritetane i Noreg

4.1 Hovudtrekk i minoritetspolitikken

Alle dei fem minoritetsgruppene denne meldinga handlar om, kan vise til ei over hundre år lang historie i Noreg. Kvener, skogfinnar og romanifolket kjem til syne i Noregs-historia ved overgangen frå mellomalderen til ny tid, på 1500- og 1600-talet. I alle fall var det på denne tida styresmaktene i riket blei merk same på dei.

Sjølv om alle dei fem gruppene har ei langvarig tilknytning til Noreg, representerer dei òg ulike *internasjonale fellesskap*. Før gruppene kom til Noreg, hadde dei tilhald i andre område i verda, og dei har såleis historiske røter også utanfor Noreg. Sjølv om førestellingane om det gamle heimlandet kan vere reduserte til opphavsmymar, har minoritetane halde fast på den opphavlege kulturen som ein viktig del av sin identitet. På denne måten deler dei lagnad med mange minoritetar over heile verda.

I politisk samanheng har denne tilknytninga til eit fellesskap utanfor Noreg hatt stor verknad som eit negativt stempel knytt til gruppene: Dei var «eigentleg innvandrarar» som på eit vis hadde ein andrerangs rett til å bu i landet. Samstundes må det slåast fast at det store fleirtalet var norske statsborgarar, både før og etter den første statsborgarskapslova av 1888. Før denne lova kom til, blei alle med fast tilhald i riket i over tre år rekna som norske statsborgarar.

Eit spesielt trekk ved kvenene og skogfinnane var at desse to gruppene i tillegg var *grenseminoritetar*, med dei utanriks- og tryggingpolitiske implikasjonane som låg i dette. Det er ein lagnad som kvenene og skogfinnane har delt med mange nasjonale minoritetar, både i Europa og i verda elles.

På 1600- og 1700-talet gjorde den økonomiske tenkinga sitt til at i alle fall nokre minoritetar var velkomne. Kvenene blei på 1700-talet rekna som viktige i nordområda, for dei representerte ein jordbrukskultur som kunne medverke til å styrkje økonomien og samstundes sikre norsk territorium. Ein opna òg opp for jødiske handelsmenn i tider da landet trong kapital utanfrå.

Når synet både på skogfinnar og kvener skiftar utover på 1800-talet, har det nok delvis samanheng med økonomiske endringar, men kanskje særleg med nye nasjonalistiske ideologiar. Saman med trusselbiletet i utanrikspolitikken («den russiske faren» og etter kvart «den finske faren») skapte dette legitimering for ein ny minoritetspolitikk - ein fornorskingspolitikk.

Assimilasjonspolitikken var den rådande politikken i store deler av Europa og i Nord-Amerika frå midten av 1800-talet. I Noreg varte denne politikken i alle fall fram til andre verdskrigen. Det er lenger enn i dei fleste andre land det er rimeleg å samanlikne Noreg med. Dette kan ha samanheng med at Noreg var ein relativt ung nasjonalstat. Utviklinga fram mot eit sjølvstendig Noreg opp gjennom 1800-talet og på byrjinga av 1900-talet førte med seg sterke nasjonalistiske straumdrag som var djupt rotfesta i det norske samfunnet. Nasjonsbygginga hadde som føresetnad éin kultur, eitt språk og eitt folk. Nasjonalis-

men og nasjonalstatsideologien gav såleis ikkje rom for minoritetar. Alle grupper utanom «det nasjonsberande folket» blei «framande».

Sjølv om assimilasjonspolitikken overfor alle gruppene må kunne karakteriserast som streng, var politikken ikkje lik. Overfor kvenene og skogfinnane var midla som blei tekne i bruk, først og fremst av kulturpolitisk art. Fornorskingarbeidet i skolen var heile tida kjerneaktiviteten. «Høgdepunktet» i politikken var likevel jordsalslova og jordsalsreglementet av 1902, som sa at sal av jord berre måtte skje til norske statsborgarar som kunne snakke, lese og skrive det norske språket, og som brukte dette til dagleg. Ein har ikkje sikker kunnskap om korleis forbodet blei praktisert, men det er klare teikn på at regelen blei brukt, i alle fall i ein del tilfelle. Dette kan vere noko av bakgrunnen for at samiske og kvenske familiar tok norske slektsnamn. Verknaden av politikken var i alle høve at holdninga til kvenene som ein mindreverdige minoritet festa seg i det norske samfunnet og etter kvart også blant kvenene sjølve. Politikken medverka såleis til den tilbakegangen som kvensk kultur har opplevd i dei siste par generasjonane.

Dei andre gruppene - jødane, rom og romanifolket (taterane/dei reisande) - blei i periodar av norsk historie utsette for ein hardare politikk. Mellom tiltaka var utestenging frå riket, regulær forfølgning og jamvel forsøk på utrydding. Steriliseringa av personar frå romanifolket (taterane/dei reisande) og den stramme innvandringspolitikken Noreg førte overfor rom og jødar i mellomkrigstida, kan sjåast som uttrykk for dette. Enda til så seint som i mellomkrigstida kunne det hende at eit norsk kommunestyre voterte over eit forslag om forfølgning og skyting av «omstreifarane» i bygda.

Når pendelen i etterkrigstida har svinga i meir liberal retning i den minoritetspolitiske utviklinga, kjem det truleg av at dei internasjonale ideologiske straumdraga har snudd. Ein har i aukande grad framheva verdiar som kulturtelt og etnisk mangfald og menneskerettar. Engasjement og synleggjering av gruppene innanfor kulturlivet kan òg ha medverka til denne endringa.

Det synest klart at etnopolitikken, altså at minoritetane sjølve set sin eigen situasjon på den politiske dagsordenen, har vore med på å påverke dei minoritetspolitiske vala hos styresmaktene. Skipinga av minoritetsorganisasjonar og minoritetane si deltaking i det politiske feltet er ein viktig del av dette biletet.

4.2 Kvenene og skogfinnane

Busetjinga og historia til skogfinnane og kvenene i Noreg er begge utslag av ein omfattande finsk bondekoloniasjon, nærmast i form av masseutvandring frå dei gamle jordbruksbygdene i Finland og Nord-Sverige. Denne utflyttinga gjekk føre seg over fleire hundre år, frå 1500-talet og fram til første halvdel av 1800-talet. Seinare på 1800-talet kom moderne arbeidsvandring i større omfang, både til Ishavskysten og vidare til Amerika, i tillegg til flyttestraummar til Russland og det baltiske området.

Årsaksforholda er utan tvil samansette, men den primære årsaka var at ressurstilgangen, på basis av den eksisterande teknologien, ikkje heldt tritt med befolkningsveksten. Dei stadige feidane mellom Sverige og Russland medverka til å auke utvandringa. Både den koloniseringspolitikken den sven-

ske staten førte mot aust, og ressurstilgangen på Nordkalotten og i dei områda som etter kvart kom til å bli omtalte som «finnskogar», var med på å avgjere flytteretninga og målet. På 1800-talet var utan tvil den ekspansive økonomien langs Ishavskysten ei viktig årsak til den kvenske flyttinga dit.

4.2.1 Kvenene

«Kven» er eit svært gammalt omgrep. Vi finn det første gongen i skandinaviske kjelder i *Ottars forteljing*, som hæløyghøvdingen Ottar munnleg gav til kong Alfred av England under eit besøk ved hoffet til Alfred, truleg i 890-åra. Det var eit norrønt omgrep som viste til folk som heldt til i områda rundt dei øvre delane av Bottenvika og i dei store elvedalane i innlandet. I tillegg til bondenæringa dreiv folk frå dette området omfattande handel, fangst og skattlegging, aktivitetar som utover på 1300- og 1400-talet strekte seg like til Ishavet.

Dei første skattemanntala for Nord-Noreg er frå 1520 og utover, og her er det registrert ein og annan kven. Den regulære innvandringa tok nok likevel ikkje til før i første halvdel av 1700-talet.

Den nordiske krigen og jakt på ledig jordbruksjord førte til at kvenene flytta over frå Sverige og nådde elvedalar og fjordbotnar i Nord-Troms og Finnmark. Somme kvener etablerte seg på denne tida, særleg i Lyngen, Alta, Porsanger, Karasjok og Tanadalen. I bygdene i indre Finnmark (Kautokeino, Karasjok, øvre del av Tanadalen) blei kvenene relativt raskt ein del av den samiske befolkninga.

Frå om lag 1830 auka den kvenske innvandringa til Nord-Noreg. Samstundes blei innvandringa meir styrt av arbeidsmarknaden, der gruveindustrien og ekspansjonen i dei nordnorske fiskeria var viktige element. Hovudtyngda av denne innvandringa gjekk til Aust-Finnmark. Innslaget av kvener i befolkninga i Nord-Noreg kulminerte i 1875, da kvenene utgjorde vel 24% av befolkninga i Finnmark (ca. 5800 personar) og knapt 8% av befolkninga i Troms (ca. 3500 personar). På basis av dei kriteria folketeljinga la til grunn, er det rimeleg å karakterisere dette som minimumstal.

Minoritetspolitikken overfor kvenene var streng, særleg i perioden 1850-1960. Fornorskingspolitikken gav seg til dømes utslag i særiltak i skolen og kyrkja og etterretningsverksemd overfor kvenene. Eit anna døme er jordsalslova av 1902, som sa at berre norsktalande kunne få kjøpe jord (sjå pkt. 4.1 ovanfor). Moderniseringa av samfunnet medverka òg til fornorskinga. Likevel blei kvensk språk og kultur etter måten haldne godt i hevd fram til andre verdskrigen i dei fleste «kvenbygdene» i Nord-Noreg.

Busetjingsmønsteret utgjorde i seg sjølv ei «kulturell forskansing», ved at kvenene primært slo seg ned i eigne bygder og bydelar. Gjennom etterkrigstida blei dette mønsteret gradvis svekt gjennom moderne flytting og sentralisering.

4.2.2 Skogfinnane

Busetjinga av skogfinnar i det norske austlandsområdet er utslag av ei omfattande utflytting frå 1500-talet og utover. Dei flytta nord- og vestover frå den sør-austlege delen av Finland.

Noko av forklaringa på ekspansjonen låg i sjølve jordbrukskulturen, i tillegg til krig og uro. Svibruket, som var den rådande driftsforma, kravde store skogsområde og hyppig flytting av åkrane.

Dei første finnane slo seg kan hende ned på norsk side av grensa omkring 1600. I 1620-åra budde ein liten koloni finnar rundt sjøen Store Røgden (finsk *Röytä*) i Grue. Herifrå blei det raskt etablert eit belte av finske busetjingar langs grensa, om lag frå Våler og Trysil i nord til Vinger i sør. Dette området fekk namnet Finnskogen. Etter kvart var det finsk busetjing i meir enn 40 kommunar i Hedmark, Akershus, Oppland, Østfold og Buskerud. I 1686 blei det teke opp eit eige finnemanntal på Austlandet. Det blei registrert 1065 «reine» finnar og 160 «halvblods», det vil seie at mora var norsk eller svensk.

Skogfinnane blei, som kvenene, utsette for ein streng fornorskingspolitikk. I 1820-åra freista dei å setje fram ønske overfor styresmaktene om tiltak innanfor religionsundervisning og geistleg teneste, undervisning og økonomi. Alt blei avvist, i første rekkje av politiske grunnar. Regjeringa frykta at konsekvensane kunne bli finsk separatisme i grenseområda.

Likevel blei finsk brukt i daglegtale i kjerneområdet Grue-Finnskog ved slutten av 1800-talet. Seinare gjekk det raskt tilbake med det finske språket på Finnskogen. Ved utbrotet av den andre verdskrigen var språket praktisk talt ute av bruk.

Skogfinnane kan vise til ein rik handverks-, folkemusikk- og folkeminnetradisjon. I byggjeskikken er særleg røykstova, badstova og ria (tørke- og treskjehus for rug) karakteristiske trekk.

4.3 Romanifolket og rom

Det ser i dag ut til å vere brei semje blant forskarar om at rom (sigøyningarane) har sitt opphav i India. Omkring 300 e.Kr. byrja dei å vandre vestover, og Egypt blei ein av portane til Europa. Dei nådde Balkan på 1300-talet, kom til Tyskland, Frankrike, Spania og Portugal i første halvdel av 1400-talet og til Skottland kring 1500.

Den første dokumentasjon om rom i Norden er frå 1505, da ei gruppe melde seg for kong Hans av Danmark-Noreg. I 1512 dukka ei anna omvandrande gruppe opp i Stockholm, nedteikna i Stockholms «tenkebok» som «tattare». Truleg var dette representantar for den same folkegruppa.

I kjeldematerialet frå 1600- og 1700-talet er det likevel svært problematisk å skilje romanifolket (taterane/dei reisande) frå rom. Det viktigaste materialet som omtalar dei, er lover og føresegner som tek sikte på å kontrollere og regulere omreisande grupper.

Ein del historieforskarar støttar ein teori om at romanifolket (taterane/dei reisande) og rom (sigøyningarane) er av same opphav. Dette blir gjerne grunnlagt med språklege studiar. Andre forskarar går inn for den motsette teorien, det vil seie at gruppene har ulikt opphav, og at likskapane mellom språka romanes og romani har si årsak i kulturmøtet mellom rom og romanifolket.

Politikken var langt på veg den same overfor begge gruppene. Styresmaktene gjorde det etter kvart vanskeleg for rom og romanifolket å livnære seg på lovleg vis gjennom tradisjonelle næringsveggar. Dette utløyste truleg ulike

overlevingsstrategiar i gruppene, som igjen frå storsamfunnet si side blei tolka som teikn på at dei måtte haldast under kontroll.

4.3.1 Romanifolket

Den første i Noreg som lanserte ein teori om «fantefolket», var Eilert Sundt. Han meinte at dei stamma frå to grupper, dels frå «dei eigentlege sigøynarane», dels frå avskaling frå det norske bondesamfunnet.

I 1840-åra meinte styresmaktene at dei store «fantefølgja» i Noreg var i ferd med å utvikle seg til ei landeplage. Regjeringa avgjorde da at «omstreifarane», og under dette «fantane», skulle teljast i samband med folketeljinga i 1845. Ein kom fram til ei liste med 223 «fantefølgje» og i alt 1145 personar. Seinare blei det laga fleire ulike lister, og tala varierer mykje.

Av majoritetsbefolkninga og storsamfunnet blei romanifolket sett på som ei gruppe med annleis og avvikande levevis, og som representantar for ein framand kultur. Den offisielle politikken kom derfor lenge til å bestå av hardhendte forsøk på å få gruppa under kontroll, gjennom kriminalisering av den omreisande livsforma og straffeforfølgning.

Styresmaktene prøvde i siste halvdel av 1800-talet med vekslande styrke å motarbeide «omstreifarvesenet», mellom anna ved løyvingar til tiltak som skulle gi barn av reisande kristen oppseding og skolegang. Viktige merkesteinar var verjerådslova av 1896, skipinga av organisasjonen Foreningen for bekjempelse av omstreifervesenet året etter, og lausgjengarlova av 1900. Foreininga utvikla seg til ein forvaltar av sosialomsorga overfor romanifolket, med tilskot frå staten. I 1935 skifta foreininga namn til Norsk misjon blant hjemløse, heretter kalla Misjonen. Sosialdepartementet gjekk god for verksemda, og Stortinget roste organisasjonen.

Misjonen såg det som si oppgåve å ta hand om flest mogleg av barna til dei reisande, for på den måten å oppdra dei til eit liv som fastbuande. Organisasjonen dreiv fleire institusjonar for barn og administrerte mange plasseringar i fosterheimar. Overslaga frå Misjonen sjølv peikar i retning av at tiltaka omfatta om lag 1500 barn. Mange barn blei fjerna frå familie og slekt og voks opp utan å kjenne til sin eigen bakgrunn. Nokre av dei blei klar over si eiga tilknytning til romanifolket først som vaksne.

Tiltaka retta mot barna blei sette i verk etter påtrykk overfor foreldra eller med tvang. Målet var full assimilering i det norske samfunnet. Den forskinga om romanifolket som er blitt utført i regi av Noregs forskingsråd, syner at det var ein låg terskel for avstraffing i dei verksemdene Misjonen dreiv, og at fleire av barna blei sjuke og sende til psykiatriske institusjonar. Bortsending til psykiatriske institusjonar kan òg ha kome av at barna gjorde motstand mot den strenge disiplinen. Personar frå romanifolket som har vore på barneheimar, og i nokon grad skoleheimar, fortel i mange tilfelle om ei systematisk fornedring og ringeakt for kulturen deira. Barnevernslova av 1953, som erstatta verjerådslova, førte til noko mindre bruk av institusjonsplassering og meir vekt på førebyggjande tiltak i heimen.

Misjonen dreiv òg ein aktiv politikk for å få gruppa til å bli bufast, og Svanviken arbeidskoloni på Nordmøre var eit ledd i denne politikken.

I 1934 vedtok Stortinget lova om sterilisering. Etter denne lova kunne Medisinaldirektøren (seinare helsedirektøren) avgjere søknader om frivillig

sterilisering signert av den det gjaldt, og i visse høve med signatur også frå verje. For sinnssjuka og personar med særleg mangelfullt utvikla sjelsevner heldt det med underskrift frå verje/kurator, men helsedirektøren måtte i slike saker konsultere eit sakkunnig råd som han leidde. Sterilisering av omsyn til livet og helsa til ei kvinne kravde ingen søknad.

Målet var å utrydde såkalla «mindreverdig arvemateriale» frå befolkninga, for slik å redusere omfanget av mellom anna psykisk utviklingshemming, kriminalitet og alkoholisme. Romanifolket blei oppfatta som ei gruppe med høg kriminalitet og eit generelt «forargeleg levesett».

Etter krigen dreidde argumentasjonen for sterilisering bort frå rasehygiene og moralisering over levesettet til bestemte personar, og over til sosiale og samfunnsøkonomiske argument. Styresmaktene håpte å kunne korrigere atferd mellom anna gjennom den verksemda Misjonen dreiv.

Noregs forskingsråd avslutta hausten 2000 eit eige forskingsprogram om tiltak frå styresmaktene overfor romanifolket. Sterilisering av kvinner frå romanifolket er eit av emna som har blitt undersøkt. I oppsummeringa av programmet heiter det:

«Det er dokumentert at 128 personer med taterbakgrunn ble sterilisert med offentlig tillatelse i perioden 1934-1977. På grunnlag av en undersøkelse ved fem sykehus er det i tillegg dokumentert at 17 taterkvinner ble operert uten hjemmel i steriliseringslovgivningen. Holder vi oss til de inngrepene med offentlig tillatelse som hadde det klareste tvangsaspektet, synes taterkvinner å ha vært betydelig overrepresentert, dvs. de var mer utsatt for å bli tvangssterilisert enn kvinner flest. Representanter for Norsk misjon blant hjemløse spilte en aktiv rolle som pådrivere for sterilisering av tatere. Organisasjonen medvirket i om lag 40 prosent av de tvangssteriliseringene som skjedde med offentlig tillatelse.»

Både rasehygiene i mellomkrigstida og tvangstiltaka som dels blei praktiserte til langt opp i 1970-åra, avspeglar ei intolerant holdning til eit framandt levesett. Ønskemålet var eit velregulert samfunn der alle var bufaste, gjekk gjennom den same skulen, fekk dei same goda og gav likearta bidrag til den økonomiske utviklinga.

Etter krigen blei romanifolket langt på veg pressa ut av dei tradisjonelle omreisande næringsvegane, som resultat av reguleringar frå styresmaktene si side. Eit døme er dyrevernlova av 1951, som forbaud romanifolket å halde hest. Denne politikken har vanskeleggjort ei vidareføring av den reisande livsforma og dei tradisjonelle yrka som har vore knytte til denne levemåten. Dette har i seg sjølv svekt grunnlaget for å halde ved like, føre vidare og fornye den erfaringskapitalen, kunnskapen og praktiske dugleiken som utøvinga av desse yrka var basert på.

Samla sett må vi seie at den politikken som har vore ført overfor romanifolket, særleg på 1900-talet, har vore ein aktiv assimilasjonspolitikk. Politikken har aktivt medverka til å undergrave den tradisjonelle livsforma og kulturen som prega folkegruppa, og har ført til at mange enno i dag er tilbakehaldne når det gjeld å la livsform og kultur kome ope til uttrykk.

Tidleg i 1970-åra var Vibeke Løkkeberg sin film frå Svanviken med på å gi støytten til ein prosess som førte til at politikken blei lagd om. Den offentlege diskusjonen førte til at Solheim-utvalet blei sett ned i 1976, og etter at utvalet

hadde levert innstillinga si (NOU 1980: 42), blei særomsorga avvikla ut gjennom 1980-åra.

I det siste tiåret har det utvikla seg ei sterk offentleg interesse for historia og lagnaden til romanifolket i Noreg. Dette kjem truleg både av den generelle interessa for minoritetsspørsmål og meir spesielt av den sterke mediefokuseringa omkring rasehygiene, med dei ulike tiltaka som over tid er blitt gjennomførte i Noreg. Særleg har steriliseringslova av 1934 og konsekvensane denne lova hadde for romanifolket, vore i fokus.

Daverande kommunal- og regionalminister Ragnhild Queseth Haarstad kom 11. februar 1998 med ei offisiell orsaking for dei overgrepa som norske styresmakter har gjort seg skuldige i overfor romanifolket opp gjennom historia.

4.3.2 Rom

Dei norske rom bur i dag stort sett i Oslo-området og reiser i sommarhalvåret. Dei tilhøyrrer vlach, som i dag er den største gruppa av rom. Kategorien er særleg definert på basis av språket, som er klart prega av rumensk (valakisk). Det kan tyde på at gruppa hadde eit langvarig opphald på Balkan under vandringa vestover.

Den første vlach-rom kom truleg til Noreg i 1860-åra. Kring 1930 reiste heile gruppa frå Noreg, truleg fordi dei frykta å bli utsette for dei tiltaka Misjonen hadde sett inn mot romanifolket.

I 1934 blei ei gruppe på 68 rom stoppa på grensa ved Padborg av dansk politi. Norske styresmakter gav melding om at gruppa ikkje var ønskt i Noreg, og dei blei derfor sende tilbake til Tyskland. Fleire av dei miste livet i konsentrasjonsleirane. Frå slutten av 1950-åra kom ein del rom til Noreg, og etter kvart fekk dei norsk statsborgarskap.

I 1970- og 1980-åra gjennomførte staten og Oslo kommune ei rad særtiltak retta mot problem innanfor den norske rom-gruppa. Det blei til dømes oppretta ein eigen barnehage og fritidsklubb for barn og unge som tilhøyrrde rombefolkninga. Vidare blei det såkalla Sigøynarkontoret i Oslo oppretta i 1973. Dei viktigaste oppgåvene til Sigøynarkontoret var busetjing og praktisk hjelp i samband med dette, i tillegg til at ein behandla søknader om sosialhjelp og sytte for utbetaling av slik hjelp. Alle særtiltaka blei avvikla mot byrjinga av 1990-åra, dels fordi dei var kostbare, dels fordi ein på politisk hald meinte dei ikkje var vellykka.

Dei siste åra har det kome ein del rom til Noreg som asylsøkjjarar, i første rekkje frå det tidlegare Jugoslavia. Det finst inga oversikt over kor stor gruppa er, ettersom alle asylsøkjjarar berre blir registrerte ut frå statsborgarskap.

4.4 Jødane

Jødane si utbreiing i Europa tok til i seinmellomalderen under dei store religiøse omkalfatringane som følgde av at islam blei driven tilbake på den pyreneiske halvøya i 1490-åra. I 1492 og 1498 blei jødane drivne ut frå Spania og Portugal, der det fram til da i praksis hadde rådd religionsfridom. Desse «sefardiske» eller «portugisiske» jødane danna grunnstammen for den jødiske innvandringa til dei nordiske landa.

Det meste av materialet vi har om jødar i Norden i eldre tid, er lover og føresegner. Dei første er alt frå erkebiskop Aslak Bolts tid (1436) og gjeld forbod mot sabbatsfeiring.

Det var aldri noka omfattande innvandring av jødar til Noreg. Dette hadde både med styresmaktene sin politikk å gjere, og med det forholdet at Noreg ikkje syntest spesielt attraktivt for jødisk busetjing. Kristian 4. ivra for å gi jødane tilgjenge til riket av omsyn til økonomien, men møtte geistleg motstand og nøgde seg med å la nokre jødar slå seg ned i Schlesvig-Holstein frå 1620.

Utviklinga utover på 1600- og 1700-talet bar preg av ambivalens overfor jødane. På den eine sida var lovgivinga restriktiv. På den andre sida gjekk styresmaktene langt i å gi leidebrev som gav jødane rett til å drive handel, særleg i periodar med krig, som kravde tilførsel av kapital.

Føresegna om jødane sitt tilgjenge til Noreg stod i Kristian den femtes norske lov av 1687: «Ingen Jøde maa sig her i Riget indbegive eller sig finde lade, uden Kongens særdelis Lejdebrev under tusind Rixdalers Straf af hver Person, som uden forskrefven Lejdebrev betrædis.»

Det generelle forbodet mot tilgjenge til Noreg for jødar blei tolka strengare den første tida etter lausrivinga frå Danmark enn under eineveldet. Grunnlova av 1814 gav innbyggjarane rett til fri religionsutøving, men det er symptomatisk for stemninga overfor jødane at dei blei utestengde frå riket - «dog er Jøder fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget». Forbodet hadde dels ei religiøs grunngeving, dels låg det nasjonalistiske og økonomiske motiv bak.

I 1830-åra blei «jødesaka» teken opp offentleg på ulike måtar. Særleg er Henrik Wergeland kjend for sitt arbeid for å endre opinionen i denne saka. Først i 1851 oppnådde ein det nødvendige fleirtalet i Stortinget for å kunne endre Grunnlova, slik at jødar fekk reise inn og busetje seg i riket.

Ved folketeljinga i 1865 var det berre 25 vedkjennande jødar i Noreg, i 1875 var talet 34. Dei fleste av desse hadde flytta inn frå Tyskland, Austerrike-Ungarn, Schlesvig-Holstein og Danmark. Frå omkring 1880 førte nasjonalisme og antisemittisme til forfølgingar i Aust-Europa. Det førte til stor utvandring av jødar, først og fremst til USA, men også til Noreg. Særleg var tilflyttinga stor frå dei baltiske landa. I 1920 hadde talet på jødar i Noreg vakse til om lag 1500.

Trondheim og Oslo har heilt sidan 1800-talet vore tilhaldsstad for dei fleste jødane her i landet. Jødane har for det meste drive med handel, handverk, industri og etter kvart «frie yrke» (legar, tannlegar, advokatar o.a.).

Den andre verdskrigen blei ein katastrofe for dei norske jødane, som for jødane i ei rad europeiske land. I Noreg var det berre eit lite mindretal av dei som blei sende til Tyskland, som overlevde. I alt 767 jødar blei deporterte, medan om lag 1300 greidde å flykte til Sverige. Om lag 750 jødar miste livet, og 230 familiar blei heilt utrydda.

Ved folketeljinga i 1946 blei det registrert berre 559 jødar i Noreg, altså ca. 1/4 av talet ved krigsutbrotet. Det tok lang tid å byggje opp eit jødisk samfunn i Noreg etter krigen, men i dag nærmar talet på jødar seg det same nivået som det låg på før krigen.

4.5 Samane

Samane er den etniske gruppa som først kan knyte historia si til Finnmark og Troms. Den samiske busetjinga blir rekna for å vere eldre enn vår tidsrekning. Namnet Finnmark tyder da òg samane sitt land eller samane si mark (samane blei tidlegare kalla finnar). Mest truleg budde det berre samar i denne regionen fram til 1200-1300-talet. Dei levde av jakt og fiske. Norrøne folk og folkegrupper austfrå hadde likevel kontakt med samane i Finnmark gjennom handels-, skattleggings- og plyndringsferder (jf. NOU 1994: 21, s. 117).

Fram til 1600-talet kravde både kongen av Danmark-Noreg, svenskekongen og tsaren i Russland overherredøme over samane sine område, og samane betalte dermed skatt til alle tre. Først i 1613 blei kyst- og fjordområda nordover frå Tysfjorden i Nordland til Varangerfjorden i Aust-Finnmark ein-sidig underlagde den dansk-norske kongen. I 1751 kom òg det som no er indre Finnmark under dansk-norsk einejurisdiksjon gjennom grensetraktaten mellom kongen av Sverige og kongen av Danmark-Noreg. Til grensetraktaten var det knytt eit tillegg om rettane til dei grenseoverflyttande samane - Lappekodisillen. Lappekodisillen var viktig fordi han gav samane rett til fritt å kunne flytte med rein mellom dei to landa. I nord haldt denne retten fram også etter 1809, da Finland blei utskilt frå Sverige og blei eit storfyrstedømme under den russiske tsaren. Flytteretten og dei finske samane sin rett til fiske i sjøen varte til den såkalla grensesperringa i 1852. På grensa mellom Noreg og Sverige er Lappekodisillen avløyst av reinbeitekonvensjonen. I 1826 blei om lag to tredelar av det austsamiske området, det som i dag er Sør-Varanger kommune, ein del av norsk territorium.

Frå midten av 1800-talet vedtok staten fleire føresegner som skulle fremme norskopplæring for samane i skolen. Målet var å gjere samane norsk-språklege. Fornorskingsprosessen gjekk etter kvart gjerne over tre generasjonar. Besteforeldregenerasjonen og foreldregenerasjonen kunne vere både to- og trespråklege, medan barnegenerasjonen kunne bli einspråkleg norsk.

Fornorskingslinja gav seg òg utslag på andre samfunnsområde, som i jordbrukspolitikken, forsvarspolitikken, utdanning, kommunikasjon og massemedium.

Etter andre verdskrigen begynte staten sin politikk overfor samane å fjerne seg frå fornorskingslinja. Det kom i gang radiosendingar på samisk i 1949, samisk opplæring i grunnskolen kom i gang i 1967, og gymnasklasser med opplæring i samisk blei starta tre år seinare. Det blei danna eit nordisk samisk institutt i 1973 og eit samisk utdanningsråd i 1976.

Frå 1979 skapte kampen om Alta-utbygginga auka merksemd og medvit om samisk kultur, både i den samiske befolkninga og i opinionen generelt i Noreg og internasjonalt. Alta-aksjonen medverka til at regjeringa oppnemnde Samerettsutvalet og Samekulturutvalet i 1980.

Mandatet til Samerettsutvalet var å greie ut spørsmål som hadde med samane sine rettar til land og vatn å gjere, i tillegg til ein del andre spørsmål knytte til samane sine rettar. Som følgje av denne prosessen vedtok Stortinget ein ny paragraf i Grunnlova som pålegg styresmaktene «at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv». Samelova blei vedteken i 1987, og Sametinget opna i 1989.

Samekulturutvalet skulle greie ut det prinsipielle grunnlaget for samisk kultur- og utdanningspolitikk, og drøfte tiltak som kunne fremje samisk kultur og styrkje bruken av samisk språk. Arbeidet bana veg for eit nytt kapittel om samisk språk i samelova, som slår fast at samisk og norsk er likeverdige språk. Kapitlet blei vedteke i 1990 og innebar ei utviding av retten til å bruke samisk i offentlege samanhengar. Ei anna følgje av utgreiinga var etableringa av Samisk høgskole i 1989 med tilbod om samisk høgare utdanning til studentar frå Noreg, Finland og Sverige. Høgskolen er ein høgare utdannings- og forskingsinstitusjon som skal gi spisskompetanse innan fagleg utvikling og forskning i det samiske samfunnet.

5 Situasjonen for dei nasjonale minoritetane i dag

5.1 Bakgrunnen for staten sin politikk i dag

5.1.1 Ratifiseringa av Europarådets rammekonvensjon

Noreg ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar 17. mars 1999 (jf. St.prp. nr. 80 (1997-1998) og Innst. S. nr. 55 (1998-1999)), og konvensjonen tok til å gjelde frå 1. juli 1999 for Noreg sin del. Regjeringa vurderte det slik at både jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande), samar og skogfinnar oppfylte kriteria for «nasjonale minoritetar», slik at dei er omfatta av konvensjonen sitt verkeområde.

I samband med ratifikasjonen hadde Noreg høve til å gi ei erklæring om kva for grupper som skulle reknast som omfatta av konvensjonen, men valde ikkje å gjere det. Ein grunn til det var at ei slik erklæring kunne takast for å vere ei avgrensing av konvensjonen sitt verkeområde. Ein annan grunn var at erklæringa kunne vekkje utilsikta reaksjonar blant personar som hørte til dei aktuelle gruppene, til dømes romanifolket (taterane/dei reisande). Det må understrekast at sjølv om Noreg ikkje gav noka slik erklæring, så er alle personar som tilhøyrer grupper som fell inn under kriteria for «nasjonale minoritetar», omfatta av konvensjonen sitt verkeområde. Det vil vere opp til kvar enkelt å avgjere om han eller ho tilhøyrer gruppa, og om han eller ho vil gjere seg nytte av dei rettane konvensjonen gir.

Spørsmålet om norsk ratifikasjon blei sendt til ei rad institusjonar og organisasjonar på høyring. Det blei lagt vekt på å prøve å nå personar i dei gruppene som kunne bli omfatta av konvensjonen. Hovudinstrykket var at høyringsinstansane ikkje hadde innvendingar mot at Noreg ratifiserte konvensjonen, og representantar for samane, kvenene, skogfinnane, rom (sigøynarane) og jødane støtta norsk ratifikasjon.

Den positive holdninga til ratifikasjon blei også støtta av ein av organisasjonane til romanifolket (taterane/dei reisande). Andre delar av gruppa uttrykte skepsis, og til dels stor motstand, mot å bli omtalt som ein nasjonal minoritet og bli omfatta av konvensjonen. Motstanden hadde mellom anna si årsak i ein historisk sett velgrunna skepsis til norske styresmakter. Mange uttrykte dessutan frykt for at ei ny fokusering på gruppa ville føre til negative verknader i lokalsamfunnet for personar med romanibakgrunn. Ein frykta òg at ratifikasjonen ville føre til at gruppa blei splitta.

I tida som har gått sidan ratifikasjonen, er holdninga blant dei minoritetsorganisasjonane som var skeptiske til ratifikasjonen, blitt meir positiv. I dialogen med departementa har organisasjonane ønskt at styresmaktene skal setje inn større ressursar for å oppfylle målsetjingane i konvensjonen. Det har ikkje kome tilbakemeldingar frå gruppene om negative erfaringar dei har hatt som følge av ratifikasjonen.

5.1.2 Samane - urfolk og nasjonal minoritet

Alt lenge før den norske staten blei etablert, budde både samar og nordmenn i det området som no utgjer Noreg, og samane har derfor status som urfolk. Norske styresmakter har, blant anna gjennom § 110a i Grunnlova, erkjent eit særskild ansvar for å leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan sikre og utvikle sitt eige språk, sin eigen kultur og sitt eige samfunnsliv.

Samstundes er det klart at samane ut frå Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar også er å rekne som ein nasjonal minoritet, i folkerettsleg meining. Det inneber at samar kan vise til føresegnene i Rammekonvensjonen om dei ønskjer det.

Før Noreg ratifiserte Rammekonvensjonen, uttalte Sametinget likevel at samane i Noreg ikkje ønskjer å bli omfatta av politikken overfor nasjonale minoritetar. Dei ønskjer i staden å verne om den statusen dei har som urfolk, og om den styrkte rettsstillinga som er oppnådd for urfolk, mellom anna gjennom ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

For at ein minoritet skal få status som urfolk, må gruppa bli oppfatta som opphavleg ved at folkegruppa budde i eit område før dette området kom under eintydig jurisdiksjon under ein stat (jf. pkt. 3.3 ovanfor). Utanom samane blir ingen av dei nasjonale minoritetane i Noreg rekna som opphavlege på denne måten der dei bur i dag.

Norske Kveners Forbund har i ei fråsegn til Regjeringa kravd at det blir gjort ei eiga utgreiing av kvenane sine rettar før det blir teke standpunkt til forslaga i innstillinga til Samerettsutvalet om retten til land og vatn i Finnmark (NOU 1997: 4). I svaret til forbundet har Justisdepartementet peika på at forslaga til Samerettsutvalet ikkje har som mål å redusere rettane til enkeltpersonar eller grupper. Formålet med forslaga er først og fremst å stadfeste dei rettane som allereie eksisterer og lage ei formålstenleg forvaltningsordning som kan sikre desse rettane også for framtida.

Det er viktig å peike på at det ikkje er foreslått rettar på individuelt etnisk grunnlag. Etter forslaga er det bustad og andre geografiske avgrensingar som skal avgjere kva slags rettar ein får. Det å operere med geografiske skilje er heilt vanleg, og det kan dessutan vere heilt nødvendig for å hindre overbruk av ressursane.

Etter folkerettslege avtalar som Noreg har slutta seg til, har samane som urfolk krav på å få delta i forvaltninga av ressursar som er nødvendige som grunnlag for kulturen deira. Derfor har Samerettsutvalet foreslått at Sametinget får ei rolle i forvaltninga av grunnen i Finnmark.

Høyringa om innstillinga frå Samerettsutvalet frå 1997 blei avslutta hausten 1999. Justisdepartementet arbeider no med å førebu lovforslag på grunnlag av innstillinga og høyringsrunden.

5.1.3 Tilhøvet til nyare innvandrargrupper

Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar gjeld for minoritetar som har ei historisk tilknytning til landet. Nyare innvandrargrupper er såleis ikkje omfatta av rettane i konvensjonen.

Biletet er likevel meir kompleks. Det kjem innvandrarar til Noreg som har bakgrunn frå dei same gruppene som i Noreg har fått status som nasjonale minoritetar. Dette gjeld truleg i størst grad rom. Til dømes er fleire av flyktning-

gane frå det tidlegare Jugoslavia rom, utan at ein har statistikk over kor mange det dreier seg om. Det kan òg vere innvandrarak som er jødar, og i Nord-Noreg er det innvandring av finnar til kvenske kjerneområde. Slike innvandrarak skal ikkje nødvendigvis reknast med til den nasjonale minoriteten.

Det er den nasjonale minoriteten som gruppe som skal dra nytte av tiltak for å halde oppe kultur og språk, men det er vanskeleg å skilje ut nye innvandrarak frå den nasjonale minoriteten når ein utformar generelle tiltak retta mot individ som høyrer til ein minoritet, til dømes tilbod om språkopplæring. *Det er etter Regjeringa sitt syn uehldig å skilje ut nyare innvandrarak frå ein nasjonal minoritet når det gjeld generelle individretta tiltak.*

5.2 Nærmare om gruppene

Historia og situasjonen til gruppene er forskjellig, og dei har gjort ulike erfaringar i møtet med det norske storsamfunnet. Det gjer at gruppene har ulik oppfatning av sin eigen situasjon og ulike krav og prioriteringar. Heller ikkje innanfor gruppene er krava samstemte.

Det er òg usemje internt i gruppene om ein på vegner av gruppa skal fremme krav om tiltak for å ta vare på språk og kultur. Det er personar med tilknytning til gruppene som ikkje ønskjer å framstå som ein minoritet med andre skikkar og ein annan kultur enn majoritetssamfunnet. Det er viktig å understreke at den enkelte har ein klar rett til å avgjere om han eller ho tilhøyrer den nasjonale minoriteten eller ikkje.

Regjeringa ønskjer så langt råd er å bruke dei same nemningane på grupper og språk som dei med tilknytning til gruppene bruker. I somme tilfelle er dei som har tilknytning til ei gruppe, ikkje samde om kva nemning storsamfunnet bør bruke på gruppa eller språket deira. Dette er løyst i meldinga ved at vi bruker fleire av dei nemningane som blir brukte av gruppa, til dømes «romanifolket (taterane/dei reisande)».

5.2.1 Jødane

5.2.1.1 Om nemningar på gruppa og språket deira

Styresmaktene nyttar nemninga «jødar» om denne gruppa. Dei jødiske trussamfunna i Noreg blir kalla mosaiske trussamfunn.

Tradisjonelt har den jødiske minoriteten i Nord-Europa snakka *jiddisk*. Så langt Kommunal- og regionaldepartementet veit, blir dette språket i dag berre forstått av nokre få eldre personar i Noreg. Nokre hundre av jødane i Noreg snakkar moderne *hebraisk*, som er det språket som blir nytta i staten Israel i dag. Hovudtyngda av jødane nyttar norsk, anten som hovudspråk eller ved at dei er tospråklege.

5.2.1.2 Om gruppa og deira krav og behov

Jødane reknar seg som ein religiøs minoritet, men òg som ein kulturell og språkleg minoritet.

Etter den andre verdskrigen har norske styresmakter ikkje hatt særskilde tiltak i forhold til jødar, ut over prinsippet om religionsfridom og støtte til trus-

samfunn. Jødane har i ein viss monn bygd opp eigne institusjonar på ein del område, til dømes barnehage og aldersinstitusjon.

Størstedelen av jødane i Noreg er medlemmer av dei mosaiske trussamfunna i Oslo og i Trondheim, som til saman har om lag 1100 medlemmer. Under desse trussamfunna finst det fleire ulike organisasjonar og grupper.

Dei mosaiske trussamfunna tek imot økonomisk støtte i kraft av å vere trussamfunn. Som ein del av jødebuoppgeret blei det utbetalt 150 millionar kroner til dei mosaiske trussamfunna i Noreg i mai 1999. Midlane skal gå til sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg (sjå kapittel 6.3.4).

Jødane peikar på behovet for å spreie kunnskap om jødedom, jødisk liv i Noreg og jødisk historie på alle nivå i utdanningssystemet. I denne samanhengen viser dei til behovet for å dokumentere livshistoriene til eldre jødar som eit ledd i å lære av historia.

Faget kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering («KRL-faget»), som blei innført frå hausten 1997, har aktualisert spørsmålet om fritaksrett frå religions- og kristendomsundervisning. Dei mosaiske trussamfunna krev fullt fritak frå faget.

Dei mosaiske trussamfunna meiner at det bør givast tilskot til alle trus- og livssynsgrupper som driv opplæring av barn i eigen regi.

Jødane er avhengige av å importere kjøtvarer frå andre land for å kunne halda *kosher* (rituelt) hushald, da det ikkje er lov å slakte etter jødiske forskrifter i Noreg. Dei mosaiske trussamfunna ønskjer at det blir laga enklare rutinar for denne kjøtimporten, som blir opplevd som vanskeleg i dag. Vidare peikar dei på behov for informasjon om framgangsmåten ved import.

5.2.2 Kvener

5.2.2.1 Om nemningar på gruppa og språket deira

Styresmaktene har valt å nytte nemninga «kvener», sjølv om somme i denne gruppa i staden ønskjer å bli omtalte som «finskætta» eller «etterkomar etter finske innvandraran». Det er lang tradisjon for å bruke nemninga «kvener» som den norskspråklege nemninga for heile gruppa, og det ville vere upraktisk å endre på dette. Styresmaktene har òg merka seg at Norske Kveners Forbund ønskjer at nemninga «kvener» skal brukast.

Nemninga *kvensk* blir i denne meldinga brukt når det er tale om kvenene sitt *talemål*, altså den gruppa av kvendialektar som tradisjonelt har vore brukte i Nord-Noreg. Det er ikkje semje blant kvenene sjølve om dette talemålet bør omtalast som *kvensk* eller *finsk*, og i meldinga blir derfor ofte dobbelforma *kvensk/finsk* brukt. Det er heller ikkje semje, verken blant kvenene eller blant fagfolk, om *kvensk* skal reknast som eit eige språk eller som ein variant av *finsk*.

Ein del av kvenene har arbeidd med å skrive tekstar så nær opp til dette talemålet som råd. Det er da naturleg å seie at slike tekstar er skrivne på *kvensk*.

Likevel blir det *kvenske* talemålet av dei fleste i dag skrive med den normeringa som blir nytta i Finland (riksfinsk). I meldinga blir det lagt til grunn at ein da skriv *finsk*, ikkje *kvensk*. I skolen blir det undervist i *finsk*, jamvel om tekstar som er skrivne på *kvensk*, også kan nyttast i undervisninga.

Det er ikkje råd å avgjere på språkvitskapleg grunnlag kor stor språkleg skilnad det må vere for at to dialektar skal reknast som to ulike språk. Dette blir avgjort gjennom den historiske og samfunnsmessige prosessen. Forhold som statsgrenser, politiske motiv, folkeleg oppslutning og gruppeidentitet spelar gjerne ei rolle for utfallet. Språkbrukarane må sjølve, og over tid, avklare om kvensk skal reknast som eit eige språk eller som ein variant av finsk. Regjeringa ser det ikkje som ei statleg oppgave å ta stilling i denne debatten.

5.2.2.2 *Om gruppa og deira krav og behov*

Det finst i dag ingen sikre tal over kor mange menneske det er som har kvensk/finsk opphav i Noreg. Eit overslag går ut på at det i dag er mellom 10 000 og 15 000 personar som reknar seg som kvener eller personar av kvensk/finsk ætt. Kvensk/finsk språk er viktig som kjenneteikn og identitetsskapande faktor for gruppa, men fornorskingsprosessen har gjort at mange ikkje lenger snakkar anna enn norsk. Fornorsking og giftarmål over etniske grenser har ført til at den sosiale identiteten til ein del av kvenene kan romme både kvensk/finsk, norsk og samisk. Det same gjeld for ein del av samane.

I dei siste tiåra har det skjedd ei etnopolitisk mobilisering blant kvenene. I 1987 blei Norske Kveners Forbund etablert med utgangspunkt i tanken om at kvener er ein minoritet med særskilde folkerettslege rettar. Formålet til forbundet er å styrkje stillinga til kvener og finskætta, kulturelt, sosialt og økonomisk. Organisasjonen har vore aktiv i arbeidet for kvenene og har fått driftsstøtte over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet sidan 1990.

Finskforbundet i Noreg (tidlegare Finnmark finskforbund og Nordnorsk finskforbund) blei skipa i 1982 og har medlemmer både blant kvener og blant nyttilflytta finnar. I hovudsak arbeider forbundet for interessene til finnar som har flytta til Noreg relativt nyleg.

Norske Kveners Forbund har arbeidd for at Noreg skulle ratifisere Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar med omsyn til kvenene og Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk med omsyn til kvensk/finsk språk.

Norske Kveners Forbund har kravd auka driftsstøtte til kvenske organisasjonar. Dei ønskjer òg støtte til kulturdokumentasjon, utgreiing og forskning. Kvenske språk- og kultursenter vil kunne spele ei viktig rolle i å synleggjere og gjenreise kvenske kulturtradisjonar. Det finst planar for fleire slike senter, mellom anna i Porsanger og Nordreisa. Norske Kveners Forbund krev at det blir oppretta eit kvensk språkråd og eit kvensk utdanningsråd. Organisasjonen krev òg at det må opprettast eigne støtteordningar til aviser, radio og fjernsyn, og til kvensk litteratur, film og teater. Forbundet vil vidare at kvener skal kunne bruke kvensk/finsk i kontakt med styresmaktene. Forbundet har sett fram krav om at det blir gitt meir opplæring på kvensk eller finsk i barnehagar, i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Forbundet ønskjer ei styrking av utdanninga av lærarar i kvensk/finsk og ei satsing på utvikling av læremiddel for faget finsk som andrespråk.

Fornorskingspolitikken gjorde at mange kvener og samar registrerte seg i jordmatriklar, kyrkjebøker og folkeregister med norske slektsnamn for å

unngå diskriminering. Norske Kveners Forbund krev at kvenske familiar skal kunne ta tilbake dei opphavlege slektsnamna sine.

For å synleggjere kvensk kultur krev Norske Kveners Forbund at lova om stadnamn av 1991 blir nytta meir aktivt også for kvenske (finske) stadnamn. Forbundet krev òg at nemninga «finske stadnamn» i lova skal endrast til «kvenske stadnamn».

5.2.3 Rom

5.2.3.1 Om nemningar på gruppa og språket deira

Meldinga bruker nemninga «rom», i tråd med det gruppa sjølv kallar seg. Ein har i hovudsak valt å ikkje bruke «sigøynar», sjølv om dette somme stader er sett i parentes for å gjere det klart kva for ei gruppe det er tale om.

Språket til rom i Noreg blir kalla *romanes*.

5.2.3.2 Om gruppa og deira krav og behov

Gruppa av rom i Noreg består av fleire slekter. Den opphavlege gruppa i Noreg er lita; ein reknar med at ho omfattar mellom 300 og 400 personar. Somme reiser i sommarhalvåret både i Noreg og i utlandet. Mange har utstrekt kontakt med slektningar i andre delar av Europa, særleg i Sverige, Belgia og Frankrike.

St.meld. nr. 37 (1972-1973) Om offentlege tiltak for norske sigøynarar slo fast at det skulle setjast i verk tiltak for å betre situasjonen for rom gjennom busetjing, opplæring i nye yrke og støtte til nye næringar, vaksenopplæring, eiga undervisning for barn og ungdom og barnehage. Sosial- og helsedepartementet hadde det overordna ansvaret og overførte midlar til Oslo kommune, som stod for det praktiske arbeidet. Denne politikken var kostbar og blei vurdert som lite vellykka. Ein meinte mellom anna at tiltaka førte til ei klientifisering av gruppa. I 1991 blei særomsorga lagd ned, og rom er i dag ikkje gjenstand for særskilde offentlege tiltak.

Rom i Noreg er organisert på storfamilienivå. Mange rom tilhøyrer ei pinseforsamling og har gjennom dette kontakt med ein internasjonal misjonsorganisasjon.

International Romani Union har ein representant i Noreg.

Etter at særtiltaka blei avvikla i 1991, miste gruppa kontaktpunktet sitt hos styresmaktene. Mange rom saknar eit slikt kontaktpunkt. Rom meiner til dømes at dei blir behandla strengare av politiet enn andre grupper i befolkninga, og seier at det ikkje er uvanleg at alle må bøte når nokre få gjer noko gale. Eit kontaktpunkt kunne auke kjennskapen til gruppa og hindre at gruppa blei misforstått.

Rom i Oslo ønskjer ein permanent stad der dei kan plassere campingvognene sine. Det er òg blitt fremma krav om å få eit fast forsamlingslokale/kulturhus i Oslo. Dei ønskjer vidare tilrettelegging frå styresmaktene si side slik at det kan bli enklare å drive omreisande handelsverksemd.

5.2.4 Romanifolket

5.2.4.1 Om nemningar på gruppa og språket deira

Gruppa har fleire namn og utnamn: reisande, vandriar, romanifolket, tater, fant, splint, omstreifar. Fleire av nemningane er aldri blitt brukte av gruppa sjølv, og fleire har ein negativ klang. Ordet «omstreifar» blei tidlegare nytta i offentlege dokument, men må i dag seiast å vere negativt ladd. «Dei reisande», «romanifolket» og «vandriar» blir opplevd som meir positive av gruppa sjølv. Romanifolket viser til opphav og språk, medan reisande eller vandriar i større grad viser til framferd og levemåte. Ordet «tater» har vore negativt ladd. Deler av gruppa ønskjer no å «ta nemninga tilbake» som eit ledd i å markere at ein verdset sitt eige opphav. Andre er ikkje samde i dette. Det er på bakgrunn av slik intern usemje at denne meldinga bruker den kompliserte nemninga «romanifolket (taterane/dei reisande)».

Språket til romanifolket, som skil seg frå romanes, blir kalla *romani*.

5.2.4.2 Om gruppa og deira krav og behov

Det finst ingen sikre tal som viser kor mange som tilhøyrer romanifolket (taterane/dei reisande) i Noreg i dag. Det er i alle fall snakk om nokre tusen personar.

Ein veit heller ikkje kor mange det er i Noreg i dag som kan romani fullt ut. Overslaga varierer frå nokre hundre til eit par tusen. Sikkert er det at det er ærekjensle knytt til å meistre og bruke språket, og mange er opptekne av at språket må haldast i hevd.

Det er stor variasjon i korleis representantar for romanifolket lever i dag. Det er skilnader i utdanningsnivå og levekår, livssyn og korleis dei lever som reisande. Gruppetilknyttinga er definert gjennom slektskapsforhold, levesett og kultur.

Ein reknar med at det frå gammalt av har vore faste reiseruter for romanifolket. Etter den andre verdskrigen gjekk mange over til reising i sommarhalvåret og i skoleferiane. Dette heng òg saman med den endringa i dyrevernløva som skjedde i 1951, der det blei forbode å bruke hest. Tradisjonelle yrke er handverksarbeid og småhandel. Fleire representantar frå romanifolket (taterane/dei reisande) framhevar den verdien som låg i at familien var eit produksjonsfellesskap. Handverksarbeida var gjerne metallarbeid, til dømes kopararbeid og urmakararbeid. Dei varene mannen selde, var klokker, knivar og hestar, medan dei mest vanlege handelsvarene for kvinner var innkjøpte ferdigvarer og handarbeidsprodukt. Handelen skjedde i samband med reisene, men også messer og marknader rundt om i landet gav romanifolket høve til å få omsett produkta sine.

Det er ikkje gitt at folk i dag ønskjer å bli oppfatta som tilhøyrande romanifolket (taterane/dei reisande). Fordommar og særomsorg har gjort sitt til at personar er blitt stempla som tatarar eller reisande utan omsyn til eigne ønske og opplevingar. På den eine sida er folk stolte av bakgrunnen sin, på den andre sida er det mange som ikkje ønskjer å skilje seg ut av frykt for diskriminering og forfølgning. Dei er engstelege for at omgivnadene skal få vite om bakgrunnen deira.

Statlege støtteordningar og status som nasjonal minoritet blir av somme opplevd som oppreisning for urett, medan andre berre ønskjer å vere i fred og

meiner det ikkje vil kome noko godt ut av statleg merksemd. Langt frå alle stoler på at dei same styresmaktene som fram til nokså nyleg førte ein politikk med sikte på å utrydde kulturen til gruppa, no reelt ønskjer å fremme den.

I dei seinare åra er det danna fleire organisasjonar for romanifolket (taterane/dei reisande). Organisasjonane er opptekne av å få ei synleg oppreisning i forhold til den politikken styresmaktene tidlegare førte overfor gruppa. Dei ønskjer òg støtte til å halde oppe og vidareutvikle ymse handverks- og kulturtradisjonar og til å sikre at det blir mogleg å føre vidare ei livsform som reisande.

Krava frå gruppa spenner over eit vidt spekter. Mange framhevar støtte til slektsforskning og familiesamling som særskilt viktig, ettersom den politikken styresmaktene tidlegare førte har gjort det vanskeleg for mange å stå fram med sin eigentlege bakgrunn. Den statlege politikken har òg ført til at mange er blitt isolerte og skilde frå familie og andre reisande. Ønsket om å kjempe mot kunnskapsløyse, fordømmar og diskriminering i det norske samfunnet står såleis svært sentralt for denne gruppa.

Organisasjonane ønskjer tiltak for å spreie kunnskap om kulturen til romanifolket (taterane/dei reisande), historia deira og situasjonen til gruppa i samfunnet. Andre tiltak går i retning av å skape sosiale møtestader. Dei ønskjer hjelp ved søknad om rettferdsvederlag, til å dokumentere eigen kultur og til å drive informasjonsverksemd.

Det er fremma ønske om eit kultursenter for å ta vare på handverk, tradisjon, levesett, språk og song- og musikkliv. Det blir arbeidd med planar om å etablere eit dokumentasjons- og formidlingssenter for kulturen til romanifolket ved Glomdalsmuseet på Elverum. Museet kan òg fungere som ein møtestad i samband med ymse kulturelle aktivitetar, som foredrag, konsertar, kurs eller demonstrasjon av handverkstradisjonar.

5.2.5 Skogfinnar

5.2.5.1 Om nemningar på gruppa og språket deira

Ein har valt å kalle gruppa «skogfinnar», sjølv om også nemninga «finnar» blir brukt av gruppa sjølv.

Norsk er det språket skogfinnane bruker i dag, men finske ord og uttrykk er framleis i bruk på Finnskogen. Tidlegare snakka gruppa finsk.

5.2.5.2 Om gruppa og deira krav og behov

Ein reknar med at det finst fleire hundre personar som identifiserer seg som skogfinnar i dei områda der skogfinnane slo seg ned. Skogfinnane var lenge ei stigmatisert gruppe, og mange ønskjer framleis ikkje å stå fram med bakgrunnen sin.

I dei seinare åra har ein sett ei revitalisering av finnekulturen. Det finst no fleire regionale og lokale organisasjonar som arbeider med den skogsfinske kulturen, og det finst organiserte nettverk med kontaktar over landegrensene. Nettverksorganisasjonen Skogsfinske interesser i Norge fungerer som talerør overfor styresmaktene.

I dag finst det få synlege skogsfinske kulturtrekk, og det er peika på behovet for forskning som kan dokumentere skogsfinsk kultur. Krava som er

fremma, gjeld forskning, kulturbevaring og kontakt med andre finskspråklege minoritetar. Organisasjonen Skogsfinske interesser i Norge held fram som eit viktig mål å få berga restar etter gamle svibruk, røykomnar og røykbadstover der desse ligg i landskapet i dag, som uttrykk for skogsfinsk kultur frå tidlegare tider.

Skogfinnane saknar læremiddel til bruk i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Kunnskapsformidling gjennom lokal tilpassing av læreplanane blir sett på som ein føresetnad for at komande generasjonar skal kunne ta del i og identifisere seg med den skogsfinske kulturen. Skogfinnane ønskjer at det blir skrivne faglitteratur om skogsfinsk historie og kultur, slik at dette kan kome inn i planane for barnehage og grunnskole. Dei ønskjer vidare å formidle kunnskap om tradisjonelle teknikkar, handverk, husflid, song, musikk, forteljartradisjonar o.a.

Dei skogsfinske organisasjonane ser eit stort behov for dokumentasjonsarbeid og ønskjer eit eige kompetansesenter innanfor det skogsfinske busetjingsområdet. Dei ønskjer at senteret skal ha ein museumsfunksjon, men med vekt på formidling og revitalisering av skogsfinsk kultur. Organisasjonane ønskjer at eit slikt senter skal vere statleg finansiert, slik at det ikkje blir bunde av lokale administrative og geografiske avgrensingar. Dei meiner dette er ein føresetnad for å utvikle eit godt samarbeid på tvers av kommunale og fylkeskommunale grenser.

6 Tiltak og arbeid frå styresmaktene

I St.meld. nr. 21 (1999-2000) Menneskeverd i sentrum. Handlingsplan for menneskerettigheter, som blei lagd fram av regjeringa Bondevik, heiter det:

«Den norske befolkning har i stor grad vært skånet for grove brudd på menneskerettighetene i nyere tid, og Norge blir i internasjonal sammenheng ofte trukket frem som et land med solid vern om innbyggernes menneskerettigheter <...> Likevel er ikke menneskerettighetsvernet selvsagt i vårt land. På mange områder har det også i Norge opp gjennom historien skjedd brudd på det vi i dag anser som grunnleggende menneskerettigheter, ikke minst overfor personer som tilhører minoriteter. Kritikkk er blitt reist mot norske myndigheter i de senere årene. <...>

De internasjonale menneskerettighetene er minimumsstandarder. På mange områder der individers interesser står mot myndighetenes, mener Regjeringen at man ikke bør nøye seg med å legge seg så tett som mulig opp mot minstekravene. Norges internasjonale rolle tilsier at myndighetene på mange områder yter mer på det nasjonale planet enn det som umiddelbart følger av de internasjonale bestemmelsene.» (s. 19)

Regjeringa stiller seg bak målsetjinga om at Noreg ikkje bør nøye seg med å leggje seg opp mot minstekrava i dei internasjonale konvensjonane. Når det gjeld minoritetspolitikken, vil Regjeringa leggje vekt på dei målsetjingane som er nedfelta i Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og i Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

6.1 Samordningsansvar og sektoransvarsprinsippet

Kommunal- og regionaldepartementet har samordningsansvaret for statleg politikk som særleg vedkjem dei nasjonale minoritetane i Noreg. Det inneber at departementet har ansvar for å sjå til at politikken på ulike område byggjer på prinsippa om likeverd og ikkje-diskriminering, og at tiltak er i tråd med internasjonale forpliktingar. Departementet har oppretta eit tverrdepartementalt samordningsutval, som er eit viktig organ for å sikre ei slik samordning. For å sikre samordninga har Kommunal- og regionaldepartementet òg eit ansvar for å gjennomgå saker som blir lagde fram for departementet i samband med høyringar.

Det er viktig at minoritetsgruppene også har direkte kontakt med dei ulike fagdepartementa, slik at ikkje all kontakt går gjennom Kommunal- og regionaldepartementet. Prinsippet om sektoransvar for departementa gjeld framleis på alle fagområde, til dømes kultur, utdanning og helse. Styresmaktene på dei ulike sektorane og forvaltningsnivåa har det same ansvaret for personar som tilhører nasjonale minoritetar, som for resten av befolkninga. Kommunal- og regionaldepartementet skal fungere som eit kontaktpunkt inn i forvaltninga for dei nasjonale minoritetane og kan derfor opplyse minoritetane om kva departement det er som har fagansvaret.

I tillegg til at forvaltningsapparatet kan vere komplisert å finne fram i, kan også det byråkratiske språket i forvaltninga vanskeleggjere kommunikasjo-

nen mellom minoritetane og staten. Det kan lett oppstå mistydingar når to samtalepartnarar har ulike måtar å uttrykkje seg på. Regjeringa legg vekt på at departementa skal prøve å unngå at det oppstår misforståingar på grunn av dette.

Senter mot etnisk diskriminering har gjennomført ei undersøking som tyder på at mange av kommunane har liten kjennskap til nasjonale minoritetar og at det er behov for meir informasjon om nasjonale minoritetar og den statlege politikken overfor dei. Kommunal- og regionaldepartementet har òg erfart at det er behov meir informasjon, både for kommunar og fylkeskommunar og for organisasjonar og andre som har verksemd i tilknytning til nasjonale minoritetar.

Tiltak:

- Kommunal- og regionaldepartementet vil frå 2001 gi ut eit informasjonsbrev om statleg politikk overfor nasjonale minoritetar.

6.2 Minoritetane si deltaking i samfunnet

6.2.1 Medstyringsrett og støtte til minoritetsorganisasjonar

Minoritetsgrupper kan stå i ei sårbar stilling i eit demokrati der det er lagt vekt på fleirtalsstyre. Sjølve prinsippet om «ein person, ei røyst» kan gjere at minoritetane ikkje blir høyrde når det gjeld deira spesielle behov. Det kan derfor vere nødvendig med særlege tiltak for å sikre at minoritetsgruppene også har høve til å delta i samfunnet på ein effektiv måte, og til å vere med å ta avgjerder som gjeld dei sjølve. Artikkel 15 i Rammekonvensjonen slår fast at staten

«skal skape dei føresetnadene som er nødvendige for at personar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar, blir sikra effektiv deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i offentlege saker, særleg saker som gjeld dei sjølve».

Deltaking i organisasjonar gir høve til å vere med når viktige avgjerder skal takast. Organisasjonar knyter personar saman og er med på å halde ved like felles verdiar og kulturell identitet. *Regjeringa ønskjer derfor å stimulere til oppbygging av organisasjonar blant dei nasjonale minoritetane.*

På denne bakgrunnen er det oppretta ei ordning med tilskot til nasjonale minoritetar, der organisasjonar med basis i ein nasjonal minoritet kan søkje om grunnstøtte frå staten. Formålet med ordninga er å støtte organisasjonar som tek vare på og representerer interessene til nasjonale minoritetar. Ordninga med tilskot skal også fremme dialog og samarbeid mellom nasjonale minoritetar, frivillige organisasjonar og offentlege styresmakter. Ordninga blir administrert av Kommunal- og regionaldepartementet.

Ved utforminga av politikken overfor dei nasjonale minoritetane har Kommunal- og regionaldepartementet hatt ein nær dialog med organisasjonane til gruppene for å sikre at synspunkta deira blei høyrde. At organisasjonane har høve til slik påverknad er nærmast ein føresetnad for at politikken overfor gruppene skal bli gagnleg og forsvarleg. *Regjeringa held kontakten med minoritetsgruppene for å vere svært viktig og ønskjer å halde i gang og utvikle dialogen med organisasjonane også i framtida.*

Det kan vere usikkert kor mange personar dei ulike minoritetsorganisasjonane representerer. Vidare har den politiske mobiliseringa kome relativt kort i nokre av gruppene, og prosentdelen som har valt å gå inn i ein organisasjon, er låg. Kommunal- og regionaldepartementet har likevel lagt vekt på å føre dialog med organisasjonane, sidan dette er den mest demokratiske kanalen som ligg føre. Samstundes er det viktig å høyre på dei argumenta og synspunkta som kjem fram, også gjennom andre kanalar.

Ei anna sak er at ulike organisasjonar for den same minoritetsgruppa ikkje alltid har det same synet på konkrete spørsmål. Det er ingen grunn til å forvente at minoritetsgruppene har eit einsarta syn på alle minoritetspolitiske spørsmål. Det er derfor viktig at styresmaktene lyttar til dei ulike syna.

Kommunal- og regionaldepartementet gir grunnstøtte både til medlemsbaserte organisasjonar og andre organisasjonsformer. Det er i begge tilfella eit krav at organisasjonen må arbeide for interessene til ein nasjonal minoritet, og at organisasjonen har ei viss oppslutning og ein viss legitimitet i heile eller deler av gruppa. Kriteria for tildeling av grunnstøtte må utvikle seg i takt med at organiseringa i gruppene blir bygd opp.

Ei av utfordringane her er at medlemslister også ville vere lister over etnisk tilknytning, og såleis vil innehalde sensitiv personinformasjon. Særleg personar med tilknytning til romanifolket (taterane/dei reisande) ønskjer ikkje å stå på slike lister av frykt for at listene kan bli brukte mot dei av styresmaktene, slik det har skjedd før. Kommunal- og regionaldepartementet vil her søkje å finne løysingar som både styresmaktene og organisasjonane kan akseptere.

Kommunal- og regionaldepartementet fører ein dialog med mange fleire organisasjonar enn dei som så langt har fått økonomisk tilskot.

6.2.2 Minoritetane si deltaking internasjonalt

Deltaking på møte i internasjonale forum har i varierende grad vore gjort mogleg for representantar for nasjonale minoritetar. Innhaldet i møta og praktiske og økonomiske forhold vil vere styrande for dette. Ei anna side ved saka er at informasjon om møta ikkje alltid når fram til dei nasjonale minoritetane.

Det er viktig at også personar og organisasjonar som representerer minoritetane kan delta på den internasjonale arenaen, på lik linje med andre organisasjonar i Noreg. Dette har verdi med tanke på kompetanse- og nettverksbygging for dei nasjonale minoritetane. Samstundes kan slik deltaking vere med på å få fram eit meir dekkjande og heilskapleg bilete av situasjonen i Noreg og vere eit supplement til styresmaktene si eiga framstilling i internasjonale forum. Dette er ein praksis som mellom anna Finland har brukt når det gjeld rom. Noreg har i somme høve praktisert dette på møte i OSSE.

Det kan vere nyttig å sjå på deltaking frå norske samar i internasjonale forum som gjeld deira situasjon. Erfaringane har vist at denne typen deltaking er viktig både for urfolk i Noreg og ikkje minst for urfolk i andre land.

I tillegg til deltaking i internasjonale møte, har dei nasjonale minoritetane og organisasjonane deira teke initiativ til prosjekt med sikte på kompetanse- og nettverksbygging og styrking av språk, kultur og identitet.

Det er viktig at nasjonale minoritetar samarbeider med andre interesseorganisasjonar for å få størst mogleg gjennomslag. I visse samanhengar kan ei

større samanslutning ha større påverknadskraft enn fleire mindre organisasjonar. Det gjeld til dømes antirasistisk arbeid og arbeid mot diskriminering. Når det gjeld førebuing av verdskonferansen mot rasisme i 2001, er Antirasistisk senter i Oslo koordinator og leiar for ei arbeidsgruppe med representantar for fleire minoritetsgrupper, også nasjonale minoritetar.

Tiltak:

- Representantar for nasjonale minoritetar kan på lik linje med andre søkje om å få delta på møte og søkje om støtte til deltaking. Dei kan òg søkje om midlar til andre prosjekt som gjeld forhold utanfor Noreg. Søknader som dreier seg om nordisk verksemd, kan rettast til Kommunal- og regionaldepartementet, medan søknader om støtte til verksemd i resten av verda kan rettast til Utanriksdepartementet.

6.3 Skadeerstatning og rettfærdsvederlag

I Innst. S. nr. 39 (1996-1997) behandla justiskomiteen i Stortinget spørsmål om erstatning og oppreisning til romanifolket (taterane/dei reisande). Fleirtalet i justiskomiteen uttalte at komiteen var oppteken av at samfunnet også skulle akseptere og respektere romanifolket i Noreg, og komiteen tok sterk avstand frå den uretten som er gjord mot denne gruppa tidlegare. Fleirtalet viste til det som var sagt i innstillinga om kva holdningar og handlingar romanifolket har vore møtt med, og sa at desse utsegnene frå Stortinget gir romanifolket som gruppe ei oppreisning. Vidare uttalte fleirtalet i komiteen at ei eventuell erstatning bør givast på individuelt grunnlag til dei som personleg har vore utsette for urett. I utgangs punktet meinte fleirtalet i komiteen at dette burde givast innanfor det allereie eksisterande systemet, til dømes ved skadeerstatning eller rettfærdsvederlag frå staten.

6.3.1 Skadeerstatning

Dei som har vore utsette for overgrep frå offentlege styresmakter si side, vil på ulike grunnlag kunne ha krav på erstatning etter *vanlege norske skadeerstatningsreglar*. Dette er noko anna enn ordninga med rettfærdsvederlag (billighetserstatning) frå staten (sjå nedanfor, pkt. 6.3.3).

For å kunne få skadeerstatning må særleg tre vilkår vere oppfylte: ein må ha lide ein skade eller eit tap, det må vere eit ansvarsgrunnlag, og det må vere ein årsakssamanheng mellom skaden og handlinga/forsømminga.

Skadeerstatningsreglane reiser ofte mange kompliserte spørsmål. Om ein meiner å ha krav på skadeerstatning, bør ein derfor ta kontakt med ein advokat for å få ei fagleg vurdering av saka. I visse høve kan ein ha rett på fri retts hjelp til å dekkje dei økonomiske kostnadene til advokat i saka. Fylkesmannen administrerer denne ordninga.

6.3.2 Forelding av krav på skadeerstatning

Etter foreldingslova blir krav om skadeerstatning forelda tre år etter den dagen den skadelidne fekk eller burde ha skaffa seg nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlege.

I nokre tilfelle kan det ta mange år før den skadelidne kan skaffe seg slik kunnskap, for eksempel fordi det dreier seg om seinskadar eller fordi den ansvarlege er ukjent. Sidan treårsfristen først blir rekna frå den skadelidne burde skaffa seg denne kunnskapen, kan det ta lang tid før eit krav blir forelda. For å unngå at perioden før kravet blir forelda blir altfor lang, har foreldingslova ein regel som seier at kravet om skadeerstatning i alle høve blir forelda seinast tjue år etter at den skadegjerande handlinga eller ansvarsgrunnlaget opphøyrde. Dersom den skadelidne først får kunnskap om skaden og den ansvarlege tjue år etter at den skadegjerande handlinga opphøyrde, er altså kravet forelda sjølv om den skadelidne reiser krav innan tre år etter han fekk kunnskapen.

Regelen om forelding etter tjue år gjeld ikkje ved personskade når den ansvarlege eller nokon den ansvarlege heftar for, kjente eller burde kjenne til at det skadegjerande tilhøvet kunne medføre alvorleg helseskade. Ved ulovleg tvangssterilisering vil eit erstatningskrav neppe bli forelda ut frå tjueårsregelen.

Er eit krav mot *staten* forelda, kan ein likevel få fremma det dersom staten avgjer at forelding ikkje skal hevdast i saka. Etter reglane om fråfall av forelding er det det fagdepartementet som representerer staten i saka, som avgjer om staten skal hevde at kravet er forelda. Fagdepartementet skal avgjere spørsmålet etter ei konkret vurdering av kva som er rimeleg i kvar enkelt sak. Viktige moment vil vere om den som innehar kravet, vil lide eit uforskyldt tap dersom innvendinga blir gjort gjeldande. Det vil òg vere eit viktig moment om det offentlege kan lastast for foreldinga. Dersom kravet om skadebot er på over 250 000 kroner eller saka er prinsipielt viktig, skal saka leggjast fram for Justisdepartementet.

I dei tilfella der den skadelidne vil lide eit uforskyldt tap om forelding blir gjort gjeldande, vil påstand om forelding etter Justisdepartementet sin praksis nesten utan unntak bli fråfallen. Departementet fører ein særleg liberal praksis i saker der barn og unge har vore utsette for overgrep eller forsømming frå offentlege styresmakter, jf. Innst. O. nr. 18 (1995-1996) og Innst. S. nr. 39 (1996-1997), der justiskomiteen i Stortinget understreka kor viktig det var at staten har ein konsekvent praksis om fråfall av påstand om forelding i slike saker. Komiteen meinte det ville vere klart urimeleg om skadelidne blei møtte med ein påstand om forelding i slike saker. Omsynet til at skadevaldaren skal kunne leggje forholdet bak seg og etter ei tid kunne innrette seg på at den skadegjerande handlinga ikkje vil føre til nye krav, har ikkje same vekt når det er det offentlege som er skadevaldar.

6.3.3 Stortinget si ordning med rettfærdsvederlag (billighetserstatning)

Rettfærdsvederlag (billighetserstatning) frå Stortinget kan søkjast av alle som utan skuld meiner å ha lide eit tap, økonomisk eller ikkje-økonomisk, som ikkje kan bli dekt gjennom andre ordningar, som trygder, sosial stønad, forsikringar eller erstatning på rettsleg grunnlag. Søknader om rettfærdsvederlag blir avgjorde av Stortinget sitt Utval for rettfærdsvederlag. Utvalet har kompetanse til å avslå søknaden, gi vederlag på inntil 200 000 kroner eller gi tilråding om at Stortinget løyver eit høgare beløp. Avgjerder i utvalet kan ikkje påklagast.

Ordninga med rettferdsvederlag er meint som ei handsrekking og kan kome den til gode som utan skuld har kome heilt spesielt uheldig ut samanlikna med andre i same situasjon. Rettferdsvederlag er ikkje noko ein har krav på. Vederlaget er såleis ikkje meint å vere eit supplement til meir eller mindre utilstreккеlege trygdeytningar eller sosiale stønader osv. Det finst ingen formelle reglar for løyving av rettferdsvederlag frå statskassa. Erstatningsspørsmålet blir avgjort ved ei vurdering av kva som er rimeleg i kvart tilfelle. Ved denne vurderinga blir det teke omsyn til praksis i liknande saker. Det blir lagt avgjerande vekt på om det offentlege er å klandre for det tapet som har oppstått. Ved vurderinga blir søkjarane behandla individuelt og samanlikna med andre som har vore i same situasjon og fått ei liknande sak behandla, eller som har hatt tilsvarende opplevingar som søkjaren. Det blir vurdert om situasjonen til søkjaren er påverka av den hendinga som har gjort skade, om ho eller han har lide økonomisk tap eller fått fysisk eller psykisk mein, eventuelt har lide overlast på anna vis.

Dei mest vanlege tilfella der det blir gitt rettferdsvederlag, er der personar anten har fått mangelfull skolegang, har vore utsette for feilbehandling i hel-sevesenet eller har vore utsette for feilvurderingar i samband med spørsmål om omsorgsovertaking av barn. I mange høve har personar som blir rekna til romanifolket (taterane/dei reisande), fått rettferdsvederlag for mangelfull skolegang. I ein del høve er det gitt rettferdsvederlag for overgrep som det offentlege har gjort seg skuldig i, som lobotomering, tvangssterilisering og tvangsmessig plassering på institusjon i strid med adekvat praksis og lovgiving. I desse sakene er det gitt rettferdsvederlag på grunnlag av dei konkrete overgrepa søkjarane er blitt utsette for. Rettferdsvederlag blir altså ikkje tilkjent berre fordi ein tilhøyrrer ein nasjonal minoritet, men i tilfelle der dei generelle retningslinjene tilseier at rettferdsvederlag skal tilkjennast.

I St.prp. nr. 89 (1995-1996) om rettferdsvederlag blei det gjort framlegg om at personar med bakgrunn frå romanifolket (taterane/dei reisande) skulle få rettferdsvederlag for manglande skolegang. Det blei vist til at barn av romanifolket som ikkje hadde fått den opplæringa dei hadde krav på, ofte fekk store psykiske problem på grunn av mobbing, fordømming og avvising frå samfunnet si side. Ein meinte derfor at desse barna hadde kome særleg dårleg ut samanlikna med andre barn av norske borgarar med omsyn til skolegang og oppvekstvilkår.

I Innst. S. nr. 75 (1996-1997) om rettferdsvederlag frå statskassa uttalte fleirtalet i justiskomiteen i Stortinget at barn av romanifolket har den same retten til skolegang som andre norske barn. I kva grad det offentlege kan lastast for mangelfull skolegang, kan skilje seg frå sak til sak, men regelen synest å vere at det offentlege i stor grad har fråskrive seg ansvaret for at barn av romanifolket skulle få skolegang.

Komiteen uttalte vidare at i sakene om manglande skolegang for romanifolket kjem den generelle fordømminga av romanifolket si livsform fram på ulike vis. I somme saker fekk ikkje barna skolegang sjølv om dei budde fast i fleire år, ettersom grunnlaget for at familien fekk bu i fred i kommunen, var at dei skulle vere mest mogleg usynlege. I andre saker budde ikkje familien fast fordi dei blei jaga bort. Fleirtalet i komiteen fann på bakgrunn av dette at det var rimeleg at det generelle utgangspunktet for rettferdsvederlag blei sett til

60 000 kroner. Etter dette er det fast praksis at personar med bakgrunn frå romanifolket som har fått mangelfull skolegang, blir tilkjent 60 000 kroner i rettferdsvederlag. Dersom dei i tillegg får tilkjent rettferdsvederlag på andre grunnlag, blir det totale rettferdsvederlaget fastsett etter ei skjønnsvurdering ut frå vanleg praksis i saker som kjem inn under ordninga om rettferdsvederlag.

Søknader om rettferdsvederlag bør først og fremst innehalde ei kortfatta skildring av dei forholda som ligg til grunn for søknaden. Forvaltninga gjennomfører ei grundig undersøking i rettferdsvederlagssaker, og derfor er krava til form og innhald i søknaden ikkje store. Søknaden skal sendast til Justisdepartementet, som er sekretariat for Stortinget sitt Utval for rettferdsvederlag.

6.3.4 Jødebuoppgjeret

St.prp. nr. 82 (1997-1998) omhandlar eit historisk og moralsk oppgjer med den behandlinga den jødiske minoriteten fekk under den andre verdskrigen i Noreg. Oppgjeret femner vidare enn eit reint økonomisk oppgjer på grunnlag av inndregen jødisk eigedom. Det er først og fremst basert på ei brei moralsk tilnærming, og er gitt ei form og eit innhald som tek omsyn til den spesielle karakteren denne saka har.

Justiskomiteen i Stortinget gav 4. mars 1999 si innstilling til Stortinget i Innst. S. nr. 108 (1998-1999). Stortinget behandla innstillinga 11. mars 1999 og vedtok forslaget.

Det kollektive oppgjeret skal understreke at det blir teke eit oppgjer i forhold til behandlinga av heile det jødiske samfunnet i Noreg, særleg fordi den økonomiske og fysiske likvidasjonen var tiltak retta mot jødane i Noreg som gruppe. I tillegg kjem det faktum at mange jødar som blei drepne, ikkje hadde levande arvingar. Det var på bakgrunn av dette naturleg med eit økonomisk oppgjer i form av ei løyving til fellesjødiske formål både nasjonalt og internasjonalt. Samstundes blei det gitt tilbod om eit skjønnsvederlag på 200 000 kroner til dei enkeltpersonane som blei ramma av forfølginga i Noreg under den andre verdskrigen.

Det individuelle oppgjeret blei kunngjort i slutten av april 1999 i norsk og internasjonal presse. Søknadsfristen blei sett til 1. november 1999. Det blei i 1999 utbetalt om lag 126,5 millionar kroner. Per august 2000 var det registrert nesten 1000 søknader om skjønnsvederlag. Til saman er det no utbetalt omlag 131,4 millionar kroner i skjønnsvederlag. Det individuelle oppgjeret er venta slutført i løpet av 2000.

Når det gjeld det kollektive oppgjeret, blei det utbetalt 150 millionar kroner til dei mosaiske trussamfunna i Noreg i mai 1999. Pengane skal gå til sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg.

Vidare er det gitt ei løyving på 40 millionar kroner til oppretting av eit senter for studiar av holocaust og livssynsminoritetane si stilling i Noreg. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet administrerer dette (jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2000-2001)).

Det er òg løyvt 60 millionar kroner til støtte utanfor Noreg sine grenser til å minnast og utvikle den jødiske tradisjonen og kulturen nazistane prøvde å

utrydde. Pengane er overførte til eit internasjonalt fond som skal administrere midlane.

6.3.5 Eit moralsk og historisk oppgjer i forhold til romanifolket

Etter Regjeringa si oppfatning må det takast eit oppgjer med overgrepa mot romanifolket, i forlenginga av den orsakinga daverande kommunalminister Ragnhild Queseth Haarstad gav romanifolket på vegner av norske styresmakter i februar 1998. *Regjeringa ber om orsaking for dei grove overgrepa romanifolket har vore utsett for av eller med aktiv støtte frå legale norske styresmakter.*

Overgrepa mot romanifolket var særst grove og ramma ei etnisk gruppe hardt. Tiltak for å styrkje kulturen til romanifolket kan sjåast som ei form for kompensasjon for kontroll- og fornorskingspolitikken, særleg for dei verkna-dene denne politikken har hatt for å svekkje kulturen. *Regjeringa vil derfor gjere framlegg om at det blir etablert eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket. Senteret vil bli plassert på Glomdalsmu-seet på Elverum med sikte på byggjeart i 2002 (jf. pkt. 6.6).*

6.4 Utdanning og skole

6.4.1 Bakgrunn

Tiltak for kulturelle/språklege minoritetar i den norske skolen har tradisjonelt vore grunngitt ut frå behovet for å hjelpe dei til å kunne tileigne seg dei kunn-skapar skolen formidlar.

Lov om grunnskolen av 1969 fastsette at skolestyra skulle setje i verk hjel-petiltak for alle elevar som trong det. Med heimel i denne avgjerda set Møn-sterplan for grunnskolen av 1974 målet for utviklinga av faget *norsk som fram-andspråk* til også å dekkje det behovet elevar med finsktalende bakgrunn måtte ha.

Det var først i *Mønsterplan for grunnskolen* av 1987 at «sigøyningarane» blei nemnde som ein «tradisjonell minoritet» og at kvenene fekk spesiell omtale. Det heiter mellom anna at «det må vere ei oppgave for skolen å ta vare på det særprega i dei kulturelle tradisjonane som lever i den kvenske og finske befolkninga». Planen kom òg med denne klare tilrådinga: «Elevane bør få til-bod om finsk som valfag. Kvensk bør trekkjast inn i undervisninga i den grad det er naturleg».

På eit generelt grunnlag blei det peika på at morsmålet er viktig, og på at skolen bør gjere sitt for at elevar frå språklege minoritetar skal kunne bli funk-sjonelt tospråklege. Denne mønsterplanen hadde også ein generell plan for morsmålsopplæring og ein plan for norsk som andrespråk for språklege mino-ritetar.

6.4.2 Rettsgrunnlaget

6.4.2.1 Internasjonale føresegner

Internasjonale konvensjonar, rekommandasjonar og erklæringar set mini-mumsnormer i verdssamfunnet for dei rettane minoritetar har krav på. Det visast her særskilt til dei to konvensjonane frå Europarådet som blei drøfta i

pkt. 3.5. Den eine er Den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk (Minoritetsspråkpakta), som er aktuell når det gjeld kvensk/finsk. Her heiter det mellom anna at statane skal ha som målsetjing å «gi tilbod om høvelege former og middel for undervisning og studium av regions- eller minoritetsspråk på alle aktuelle nivå» (art. 7, pkt. 1f). Den andre er Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar, der artikkane 12, 13 og 14 handlar om opplæring og forskning.

Dei nemnde artikkane i dei to konvensjonane viser til saman viktige sider av Noregs internasjonale plikter overfor dei nasjonale minoritetane når det gjeld opplæring og forskning.

6.4.2.2 Norske standpunkt

Generelle standpunkt

I St.meld. nr. 25 (1998-1999) Morsmålsopplæring i grunnskolen uttaler Regjeringa at «<...>opplæringen skal tilpasses det enkelte barns forutsetninger <...>og språklige bakgrunn» med det primære målet å gi enkeltelevene tilfredsstillande føresetnader for utvikling og utdanning i Noreg. «Elevene får tospråklig opplæring inntil de har tilstrekkelige kunnskaper i norsk til å følge den vanlige opplæringen i skolen. <...>Der det er praktisk mulig, bør morsmålet gis som tilvalgsfag på ungdomstrinnet.»

I samsvar med dette, og med heimel i § 2-8 i opplæringslova, har Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet gitt føresegner (§ 24-1) som gir kommunane plikt til å gi elevar frå språklege minoritetar nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har gode nok kunnskarar i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skolen.

Føresegner særskilt om finsk/kvensk opplæring

I forskrift av 16. juni 1997 nr. 791 Om læreplanverkene for grunnskolen fekk finsk status som andrespråk i område i Finnmark og Troms med kvensk/finsk befolkning. Føresegna seier at når minst tre elevar ved ein skole i dette området krev opplæring i finsk som andrespråk, har elevane rett til å få slik opplæring. Frå 1. august 1999 tok den nye opplæringslova til å gjelde, og med dette blei retten til opplæring i finsk som andrespråk lovfesta (§ 2-7). Fagplanen for finsk som andrespråk er ein del av det ordinære Læreplanverket for den tiårige grunnskolen (L97). For vidaregåande skole er det utarbeidd fagplanar for finsk som andrespråk, som B-språk og som C-språk.

Elevar som vel finsk som andrespråk i grunnskolen, har rett til å bli fritekne for opplæring og vurdering i norsk sidemål. Elevar som har brukt denne retten i grunnskolen, har i vidaregåande skole rett til å bli fritekne for vurdering i norsk sidemål og i staden få opplysninga «deltatt/delteke» på dokumentasjonen (jf. forskrift til opplæringslova, kap. 8).

Søklarar til høgare utdanning som har fått fritak for vurdering i norsk sidemål i vidaregåande opplæring, fyller opptakskrava i norsk. Elevane kan òg bli fritekne for kravet om eksamen i ei av dei to norske målformene dersom dei vel samisk eller finsk i den valfrie delen av allmennlærerutdanninga.

Tiltak:

- Regjeringa ser det som viktig for framtidig rekruttering til finskopplæringa at elevar som har hatt finsk som andrespråk i grunnskolen, skal kunne halde fram med faget i vidaregåande opplæring utan å vere avhengige av opptak ved bestemte skolar. Nettbasert opplæring vil i nær framtid kunne medføre at opplæring i finsk på vidaregåande nivå kan givast utan endringar i føresegnene om retten til opplæring.

6.4.3 Organiseringa av opplæringa og opplæringstilboda

Det meste av opplæringstilbodet for dei nasjonale minoritetane blir gitt etter dei vanlege behovskriteria i grunnskoleopplæringa og i vaksenopplæringa i elevane sine heimkommunar; like eins i fylkeskommunane når det gjeld den vidaregåande opplæringa. Primærkommunen og fylkeskommunen har ansvaret for å leggje forholda til rette for tilpassa opplæring på grunnskolenivå og vidaregåande nivå.

6.4.3.1 Opplæringstilbodet for rom og romani

Ein grunnskole i Oslo har delteke i eit Comenius-prosjekt, der formålet var å få til eit godt samarbeid med foreldra til barn med rom-bakgrunn og utvikle modellar for opplæring som kunne gjere skolegangen meir attraktiv for desse barna. Prosjektet blei finansiert av EU sitt Socrates-program, staten og Oslo kommune.

Både romanifolket (taterane/dei reisande) og rom (sigøynarane) er folkegrupper som har reising som ein del av livsforma. Opplæringa i skolen er ikkje alltid tilpassa denne livsforma. *Regjeringa legg like fullt til grunn at retten og plikta til opplæring gjeld på lik linje for alle barn.* Det kan derfor vere behov for å utvikle undervisningsformer som kan praktiserast jamvel om elevane reiser delar av året.

Tiltak:

- Regjeringa vil vurdere om IKT i kombinasjon med skolestøtta kontaktnett i dei aktuelle områda, kan tilpassast opplæringsbehovet hos rom (sigøynarane) og romanifolket (taterane/dei reisande), som er på reise delar av skoleåret.

6.4.3.2 Opplæringstilbodet i finsk

I august 1997, i samband med innføringa av Reform 97, oppretta departementet ei referansegruppe for finskopplæringa. Det blei òg oppretta ei stilling ved Statens utdanningskontor i Troms, etter vedtak i Stortinget. Referansegruppa for Reform 97 blei følgd opp av ei ny referansegruppe hausten 2000.

Skoleåret 1998-1999 tok 707 grunnskoleelevar i 11 av dei 19 kommunane i Finnmark finsk som andrespråk. Hausten 1999 var talet 720 elevar, fordelt på 14 kommunar. For Troms fylke var elevtalet 204 skoleåret 1998-1999, fordelt på 11 av dei 25 kommunane i fylket. Hausten 1999 var det 219 elevar fordelt på 10 kommunar.

Læremiddel

Ved Statens utdanningskontor i Troms blir det no utvikla læremiddel for nettundervisning i finsk. Dette arbeidet blir finansiert av det tidlegare Nasjonalt læremiddelsenter, som no er ein del av Læringscenteret. No ligg det føre tre nettbaserte verk i finsk som andrespråk for barnetrinnet. Verka består av i alt 330 nettsider med illustrasjonar, munnlege historier, rim, regler og nye tekster. I tillegg finn ein lenkjer til andre kjelder. Tekstar, bilete, lyd og animasjon dannar ein interaktiv heilskap, som enkelt kan endrast etter lokale forhold. No vil dei nye læremidla bli utprøvde i praksis.

Dette arbeidet har gitt, og vil framleis gi, verdfulle erfaringar og blir eit viktig grunnlag for vidare satsing på nettbaserte læremiddel. Etter å ha innhenta røynslene frå den praktiske utprøvinga over eit år, blir neste trinn å utarbeide tilsvarende læremiddel for ungdomstrinnet. Ein reknar med at dette arbeidet vil ta tre år. Førebels tek ein sikte på å begynne arbeidet med nettbaserte læremiddel for vidaregåande opplæring i 2002.

6.4.3.3 Tilskotsordningar

For grunnskolen er det ei generell tilskotsordning for språklege minoritetar. Denne ordninga gjeld også for dei nasjonale minoritetane, etter dei behov dei måtte ha for særskild opplæring i norsk eller morsmål, slik det er gjort greie for i pkt. 6.4.2.2.

Det er ei eiga tilskotsordning for opplæring i finsk i grunnskolen. Målet for denne ordninga er å leggje til rette for at kommunar i Troms og Finnmark kan gi elevar med kvensk/finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk, og å hjelpe til med å styrkje lærarane sin kompetanse i finsk.

På vidaregåande nivå er det ei tilskotsordning for språklege minoritetar. Formålet med ordninga er å stimulere skoleeigarane til å gi ekstra språkopp- læring til språklege minoritetar. For kvener og samar blir tilskotet nytta til opplæring i finsk og samisk. Dei to gruppene har prioritet ved tildelinga.

6.4.3.4 Fagbrev og ansvarsrett på grunnlag av praksis i faget

Både Romanifolkets landsforening og Stiftelsen Roma har teke opp med styresmaktene at det lovfesta vilkåret om fagbrev for å kunne utøve visse yrke inneber eit problem for mange frå romanifolket. Denne gruppa har sterke tradisjonar innanfor ulike område av byggebransjen (for eksempel takteking, snekring, murararbeid o.a.). Det var gjerne slike tenester romanifolket gjorde da dei reiste frå stad til stad. Framleis er det mange, både fastbuande og reisande, som har dette som livsgrunnlag. Faget har tradisjonelt blitt vidareført ved opplæring frå far til son, og ikkje ved formell yrkesfagleg utdanning, slik at ein manglar eksamenar og fagbrev. Plan- og bygningslova set i dag restriksjonar for retten til å utøve slike yrke utan fagbrev. Det fører til at personar utan fagbrev kan ha vanskar med å få seg jobb, trass i lang arbeidserfaring.

Reglane om ansvarsrett i plan- og bygningslova stiller bestemte krav til kompetanse til fagleg leiing i verksemder som skal utføre søknadsplichtige arbeid etter § 93 i lova. Verksemder som søker ansvarsrett må som utgangspunkt ha fagleg leiing med utdanning tilsvarende fag- eller sveinebrev som minstekrav. Dei same krava blir stilte til fagleg leiing i ei verksemd som søker sentral godkjenning. Sentral godkjenning er ei frivillig ordning og eit hjelpe-

middel for kommunane ved behandling av søknader om ansvarsrett. Det inneber altså at personar utan fagbrev som utgangspunkt ikkje kan opptre som fagleg leiar i ei verksemd, men dei kan utøve handverksfaget sitt som tilsett i ei verksemd med tilstrekkeleg fagleg leiing. Personar utan fagbrev kan òg ta på seg oppgåver som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Fagprøve eller sveineprøve er etter plan- og bygningslova minstekravet til utdanning for å oppnå sentral godkjenning. For tiltak av større vanskegrad eller med større konsekvensar ved feil og manglar, blir det stilt høgare utdanningskrav. Utdanningskrava kan likevel reduserast ved særleg kvalifiserande praksis eller ved praksis som har vart lengre enn det som elles blir kravd (3-8 år avhengig av kva slag arbeid og kor mykje ansvar ein har hatt). Berre unntaksvis kan kravet til utdanning falle heilt bort. Hovudregelen er at ein må ha teke fagprøva eller sveineprøva. Ansvar for sentral godkjenning er lagt til Statens bygningstekniske etat.

Lov av 17. juli 1998 nr. 61 Om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-5 gir rett til å ta fag- og sveineprøve utan læreforhold og skole.

Tre vilkår må oppfyllest for å få fagbrev etter § 3-5:

1. Personen som skal ta fagbrev må ha allsidig praksis i faget.
2. Praksisen må ha vart lengre enn den læretida som er fastsett. I dei fleste tilfella vil det seie at kandidaten må ha minst fem års praksis i yrket. Fylkeskommunane ved yrkesopplæringsnemnda avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og kan i særlege tilfelle godkjenne kortare praksis.
3. Kandidaten må ha ein viss teoretisk bakgrunn. Før ein kan gå opp til den praktiske fag- og sveineprøva, må ein ha teke ei tverrfagleg prøve i studieretningsfaga.

Frå 1. august 2000 har vaksne (født før 1. januar 1978) som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, fått rett til vidaregåande opplæring som blant anna vil gjere det mogleg å ta slik tverrfaglig prøve. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle denne retten.

Opplæringa er gratis, men fylkeskommunen kan påleggje vaksne å halde seg med undervisningsmateriell og utstyr til eige bruk. Opplæringa skal vidare tilpassast behovet til kvar enkelt og byggje på den einskildes realkompetanse. Det vil seie at personar med lang praktisk erfaring, men manglande teoretisk bakgrunn, kan få den nødvendige undervisninga for å ta den teoretiske delen av prøva. Samtidig kan dei bli fritekne for den praktiske delen av undervisninga. Retten kan oppfyllest mellom anna ved fleksible tider for undervisninga eller ved fjernundervisning, slik at det er mogleg å følgje undervisninga ved sida av full jobb.

Personar som ønskjer å ta fagbrev på grunnlag av praksis i faget, kan vende seg til opplæringskontoret eller yrkesopplæringsnemnda i fylkeskommunen der dei høyrer heime. Der vil dei kunne få meir informasjon om ordninga.

6.4.4 Innhaldet i opplæringa om dei nasjonale minoritetane

Skolen er ein sentral samfunnsarena der dei nasjonale minoritetane bør vere synlege. Han kan vere ein kanal der storsamfunnet formidlar kunnskap om dei nasjonale minoritetane til barn og unge, og etter kvart til resten av majoritetsbefolkninga. Det er derfor viktig at skolen gir eit sannferdig og fordomsfritt bilete av dei nasjonale minoritetane i dagens samfunn og deira situasjon i Noreg i fortida.

Sjølv om dei nasjonale minoritetane ikkje er særskilt omtalte i L97, vil dette vere naturleg lærestoff i ulike emne, til dømes i samband med emne som rasisme og diskriminering. For elevar med minoritetsbakgrunn er det òg viktig at det blir gitt ei framstilling av dei nasjonale minoritetane som kan styrkje sjølvbiletet til desse elevane. Haldningsskapande arbeid for å hindre mobbing og trakassering på bakgrunn av minoritetstilknytning skal ha plass i undervisninga.

Tiltak:

- Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil også i framtida styrkje den haldningsskapande rolla opplæringa har.

6.4.5 Høgre utdanning

6.4.5.1 Studietilbodet

Finsk institutt ved Universitetet i Tromsø har studium i finsk språk og kultur opp til doktorgrad. Frå og med hovudfag kan studentane også konsentrere seg om kvensk språk og kultur. Universitetet har sidan 1998 gitt tilbod om semesteremne i kvensk, der det ikkje har vore sett krav om generell studiekompetanse, og der kvener har hatt prioritet ved opptaket. Også Universitetet i Oslo har fullt studium i finsk.

Høgskolen i Finnmark har tilbod om semesteremne og grunnfag i finsk. Mellomfagstillegg blir gitt annakvart år. Det er også lagt til rette for fagdidaktikk i finsk for dei som tek lærarutdanning.

Spørsmål som gjeld kunnskapsutvikling og forskning blir behandla i pkt. 6.11.

6.4.5.2 Kvalifisering av lærarar

Det er mangel på lærarar som kan undervise i finsk. Det er eit mål at dei lærarane som elles er tilsette på skolen, også skal få kompetanse til å undervise i finsk. Tilsetjing av lærarar frå Finland blir ikkje sett på som noka god, varig løysing.

Tiltak:

- Statens utdanningskontor i Finnmark og Troms, som samarbeider om å betre skoletilbodet i finsk, vil foreslå tiltak for å betre lærarsituasjonen når det gjeld undervisning i finsk. Dei har etablert kontakt om dette med dei norske universitets- og høgskolemiljøa, og dessutan med universitetet i Oulo.

6.4.5.3 Mjøs-utvalet

I NOU 2000: 14 Frihet med ansvar: Om høgre utdanning og forskning i Norge blir forhold som gjeld kvensk forskning og høgre utdanning, omtalte.

Utgreiinga var til høring hausten 2000. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil følgje opp utgreiinga i løpet av 2001.

Regjeringa legg til grunn at kvensk kultur og kvensk/finsk språk er ein levande del av det norske samfunnslivet. Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Finnmark har ei viktig rolle i å ta vare på og vidareføre kvensk kultur og kvensk/finsk språk.

6.5 Barn og unge

6.5.1 Mål for politikken overfor barn og unge

Oppvekstmiljøet til barn og ungdom er eit av dei viktigaste satsingsområda til regjeringa. Eit overordna mål er å sikre alle barn og unge likeverdige tilbod og like høve til utvikling, uavhengig av etnisk bakgrunn, kjønn, sosial bakgrunn eller kvar i landet dei bur. Likeverd, solidaritet og medverknad er viktige verdiar i barne- og ungdomspolitikken.

Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å styrkje og vidareutvikle lokale oppvekstmiljø, og for å stimulere til større deltaking og medverknad av barn og unge. Desse tiltaka skal gjelde alle barn og unge, også barn og unge frå nasjonale minoritetar. Eit hinder i arbeidet med å nå desse barna og ungdommane kan vere mangel på kunnskap om kulturen og levemåten til dei nasjonale minoritetane. Den nordiske kunnskapsstatusen som skal utarbeidast om dei nasjonale minoritetane (jf. pkt. 6.11.4), må derfor bli ein del av grunnlaget for arbeidet overfor desse gruppene.

6.5.2 Barne- og ungdomsorganisasjonar

Frivillige organisasjonar er viktige talerør og møtestader for barn og unge. Dei nasjonale minoritetane har dei siste åra skipa fleire eigne organisasjonar. Dersom desse organisasjonane har eit barne- og ungdomsarbeid, eller dei dannar eigne barne- og ungdomsorganisasjonar, kan det søkjast om støtte til dette arbeidet.

Barne- og familiedepartementet har ei tilskotsordning til barne- og ungdomsorganisasjonar som blir forvalta av Fordelingsutvalet. Det blir gitt driftstilskot og støtte til nasjonale og internasjonale prosjekt i regi av landsdekkjande, medlemsbaserte, frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Støtteordninga gjeld først og fremst store organisasjonar. Små organisasjonar som ikkje oppfyller krava til medlemstal, tal på lokallag og geografisk utbreiing, kan òg få støtte på særskilt grunnlag. Slike særlege grunnar er først og fremst rekrutteringsgrunnlaget. Barne- og familiedepartementet har i 2000 vedteke mindre strenge krav for mindre organisasjonar i tilskotsordninga, som til dømes minoritetsorganisasjonar. Slike mindre organisasjonar må ha minimum fem lokallag i minst fem fylke, men det kan givast dispensasjon frå desse to krava. Det klare minimumskravet for små organisasjonar er at dei skal ha 100 teljande medlemmer under 26 år og ei verksemd som byggjer på lokallag. Andre frivillige organisasjonar, som ikkje fyller desse krava, kan etter for-

skrifta få prosjektstøtte. Det er òg vedteke reglar som gjer det enklare for nye organisasjonar å kome inn under tilskotsordninga.

Barne- og ungdomsorganisasjonar for nasjonale minoritetar vil dessutan kunne søkje om tilskot til det lokale arbeidet dei driv, frå den nye tilskotsordninga FRIFOND, som blir forvalta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). FRIFOND gir tilskot til lokale aktivitetar for og med barn og unge, drivne av organisasjonar både med og utan nasjonale ledd.

6.5.3 Om lov om barneverntenester og barnevernet si rolle

Lov om barneverntenester gjeld for alle barn som oppheld seg i Noreg. Barneverntenesta har eit særleg ansvar for å avdekkje omsorgssvikt, åtferdsproblem, sosiale problem og emosjonelle problem så tidleg at ein kan unngå varige skadeverknader, og setje inn tiltak i forhold til dette.

Lova fastslår at barneverntenesta skal vurdere og finne tiltak som er til beste for barnet. Ho slår vidare fast at barnevernarbeidet skal ta utgangspunkt i det enkelte barnet, familien og det miljøet barnet høyrer heime i. Det skal takast rimeleg omsyn til den etniske, religiøse, kulturelle og språklege tilhøyrsla. Barnet skal ha rett til å nyte godt av sin eigen kultur, til å vedkjenne seg og utøve sin eigen religion og til å bruke sitt eige språk. Dette inneber at dersom eit barn som tilhøyrer ein minoritet, må plasserast i fosterheim, skal barneverntenesta vurdere om det vil vere til det beste for barnet å bli plassert i ein fosterheim der fosterforeldra tilhøyrer den same minoriteten som barnet. I praksis kan dette vere vanskeleg å gjennomføre, ettersom talet på moglege fosterheimar barnet kan plasserast i, da blir svært innskrenka. Det skal takast omsyn til at det å bli fjerna frå familien sin inneber eit større traume for eit barn dersom det samstundes mister kontakten med sin eigen kultur.

Det finst få studiar og lite systematisert kunnskap om dei nasjonale minoritetane og dei erfaringane dei har med barnevernet i dag. Barne- og familiedepartementet har få indikasjonar på at desse barna og familiare deira opplever spesielle problem i møtet med barneverntenesta. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at barn og familiar som tilhøyrer nasjonale minoritetar, opplever spesielle problem i møtet med barneverntenesta også i dag. Tiltak som skal betre kunnskapen på dette området, er omtalte under pkt. 6.11.4.

6.5.4 Barnehagar

Barnehagen er eit frivillig pedagogisk tilsyn for barn i førskolealder og omfattar omsorg, leik og læring. Barnehagen skal sikre barna gode tilhøve for utvikling, i nær forståing og samarbeid med heimen. Dette er nedfelt i lov av 5. mai 1995 nr. 19 om barnehager og i Rammeplan for barnehagen. Barnehagen skal også kvalifisere barna til å møte eit samfunn som er i rask endring, og som stadig stiller nye krav til dei som veks opp.

Barnehagen skal vere eit tilgjengeleg tilbod for alle barn, uavhengig av livssituasjonen, funksjonsnivået og den kulturelle og økonomiske bakgrunnen til familien. Som ein del av velferdstilbodet i kommunane skal familiare få tilbod om barnehageplass tilpassa barnet og familien sitt behov. For å sikre eit godt barnehagetilbod til alle barn, er det nødvendig å gjere ein særleg innsats for barn som av særlege grunnar treng hjelp og støtte i barnehagen.

For barn med minoritetsspråkleg bakgrunn blir det gitt eit eige tilskot til tospråkleg assistanse over budsjettet til Barne- og familiedepartementet. Intensjonen er å leggje forholda til rette slik at kommunale og private barnehageeigarar kan gi barn frå språklege og kulturelle minoritetar eit godt og utviklande barnehagetilbod. Barn som tilhøyrrer nasjonale minoritetar, blir omfatta av tilskotsordninga, noko som er presisert spesielt i rundskrivet for 2000 (Q-2/2001).

Barnehagelova har ingen reglar om kven som kan eige og drive barnehagar. Foreldregrupper, trussamfunn osv. kan etablere barnehagar under føresetnad av at lokale og uteområde tilfredsstiller gjeldande krav til godkjenning. Kommunen skal føre tilsyn med barnehagane. Det er sidan fleire år tilbake etablert ein jødisk barnehage. Barnehagen er ått og driven av Det mosaiske trussamfunnet i Oslo og har vedtekter som seier at verksemda skal drivast i samsvar med det mosaiske verdigrunnlaget.

Det er ikkje etablert nokon kvensk barnehage i Noreg, men dette er fremma som eit krav frå gruppa.

Tiltak:

- Særlege tiltak, der ein tek sikte på å fremme utvikling av kvensk kultur, språk og identitet i barnehagar, vil kunne få stønad frå Barne- og familiedepartementet sine midlar over kapittel 856 post 21 i statsbudsjettet. Til vanleg kan ikkje dette kombinerast med at barnehagen får midlar frå tilskotsordninga for barn med bakgrunn i minoritetsspråk.

6.6 Ivaretaking av språk, kultur og identitet

6.6.1 Kulturvern

Det er i dag vanleg å vurdere den funksjonen kulturarven og historia har som byggjesteinar i det vi kallar «kulturell identitet», som noko positivt. Det er tale om ei positiv sjølvkjensle innanfor ei gruppe, eit lokalsamfunn eller ein nasjon. I dette ligg det ein respekt for tidlegare generasjonar. For at denne sjølvkjensla skal fungere positivt i samtida, er det likevel ein føresetnad at ho bygger på ei nøktern og realistisk oppfatning av eiga historie.

I eit overordna perspektiv blir arkiv, bibliotek og museum i fleire samanhengar omtalte som kulturarvinstitusjonar. Med kulturarv meiner vi dei delane av fortida, i form av både materielle og immaterielle kulturuttrykk, som eit samfunn vel ut for å ta med seg inn i framtida. Å identifisere noko som kulturarv inneber eit medvite og aktivt forhold til historia. Slik sett kan vi òg seie at arkiv, bibliotek og museum kvar på sitt vis står fram som institusjonaliserte historieforteljarar.

Institusjonane si rolle som historieforteljarar inneber òg eit ansvar for å avspegle eit historisk og kulturelt mangfald. Det er viktig at kulturen til både kvinner og menn frå dei nasjonale minoritetane blir teken vare på for framtida. Det er avgjerande at dei aktuelle institusjonane har eller kan skaffe materiale og tenester som er relevante for dei enkelte brukarane, mellom anna dei nasjonale minoritetane.

For dei kulturhistoriske musea inneber erkjenninga av at Noreg er kulturelt mangfaldig, eit utvida og meir komplekst verkefelt. Det føreset òg eit nært samverke med andre kulturtiltak. Det er på det reine at dei fleste institusjonane og det materialet dei forvaltar, representerer ulike sider ved det norske majoritetssamfunnet. Det kulturelle mangfaldet er i dag heller dårleg synleggjort, ikkje minst når det gjeld dei nasjonale minoritetane.

Det bør i framtida vere eit hovudprinsipp at kulturelt mangfald også skal vere synleg i arkiv-, bibliotek- og museumssamanheng. I visse høve kan det vere aktuelt med eigne institusjonar for ei folkegruppe. Samstundes er det viktig å setje i verk tiltak og finne løysingar som gir uttrykk for samkvem, kultur møte og samspel mellom ulike grupper. Det er ein kvalitet når arkiv, bibliotek og museum speglar slikt samkvem i regionar der dette er eit viktig kjenne-merke. Det kan såleis ofte vere betre å knyte ansvar og tiltak til eksisterande institusjonar framfor å skipe nye. Men det er da avgjerande at den aktuelle minoriteten er premissleverandør, og at tiltaket er ein del av gruppa sin innsats for å halde oppe og styrkje sin eigen kultur.

Eit konkret døme på organisatoriske løysingar etter dette prinsippet er prosjektet for dokumentasjon av romanifolket sin kultur ved Glomdalsmuseet, der Romanifolkets landsforening, Norsk museumsutvikling og museet sjølv har samarbeidd tett i fleire år.

Alt i alt er det likevel behov for ekstra satsing for å gi mangfaldet i kulturbakgrunn i det moderne norske samfunnet ein tydelegare plass på kulturfeltet. Med utgangspunkt i eksisterande institusjonar lyt ein ta sikte på å markere denne dimensjonen sterkare i norsk kulturarv. Desse målsetjingane for arkiv, bibliotek og museum er nedfelte i St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving - Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet.

6.6.2 Kulturbygg

6.6.2.1 *Investeringsstilskot til kulturbygg og andre tiltak - eksisterande tiltak*

Gjennom somme museum og prosjekt har det alt i ein del år vore arbeid med å dokumentere og formidle kulturen til nokre av dei nasjonale minoritetane. Vadsø museum - Ruija kvenmuseum har lenge hatt kvenkultur som sitt ansvarsfelt. No kjem i tillegg Kvæntun-prosjektet i bygda Børselv i Porsanger, som vil utfylle dette (sjå nedanfor, pkt. 6.6.2.2). Over Kulturdepartementet sitt budsjett blir det ytt statleg driftstilskot til Kvæntunet, og i 2000 utgjer dette 758 000 kroner.

Eit tidlegare heilt forsømt område er romanifolket og deira kulturhistorie i Noreg. Prosjektet ved Glomdalsmuseet på Elverum (sjå nedanfor, pkt. 6.6.2.2), som tek sikte på å byggje opp eit permanent dokumentasjons- og formidlingssenter for denne minoritetskulturen, er såleis eit banebrytande og viktig tiltak. Satsinga på kulturen til romanifolket er frå Kulturdepartementet si side sterkt bunden opp mot prosjektet ved Glomdalsmuseet, og Norsk museumsutvikling har gjennom fleire år ytt prosjektstøtte til dette tiltaket.

I tillegg til Kvæntunet og Glomdalsmuseet har Gruetunet museum på Finnskogen fått 265 000 kroner og Vadsø museum - Ruija kvenmuseum 516 000 kroner over Kulturdepartementet sitt budsjett i 2000. Vidare har Levanger museum fått 120 000 kroner i statleg støtte til kjøp av eit verneverdig hus som

tilhørde ein familie av romanifolket. Den jødiske minoriteten fekk 150 millionar kroner i 1999 til sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg, som eit kollektivt oppgjer for den behandlinga minoriteten blei utsett for under den andre verdskrigen (sjå pkt. 6.3.4 ovanfor). Beløpet blei utbetalt til dei mosaiske trusamfunna i Noreg, som avgjer korleis pengane skal brukast. Det første jødiske museet i Noreg blei opna i Trondheim i 1997. Museet har ei utstilling som tek for seg jødiske tradisjonar og kvardagsliv.

Under Kulturdepartementet sitt budsjett blir det løyvt midlar til tilskottsordningar for lokale, regionale og nasjonale kulturbygg. Innanfor rammene av desse ordningane kan ein søkje om stønad til oppføring av nybygg og ombygging av eksisterande bygningar for kulturtiltak for minoritetar. Ingen av dei allereie vedtekne nasjonale kulturbyggprosjekta har som særskilt mål å ta vare på og utvikle minoritetskulturar.

Lokale og regionale kulturbygg er ei fellesnemning for samfunnshus, grendehus, bydelshus, kulturhus og liknande. Kulturhusa skal gi rom for kulturell verksemd av ymse slag, som møte- og forsamlingsverksemd, eigenaktivitet og formidling av kunst og kultur. Lokala må vere planlagde ut frå kva slags behov dei ulike gruppene i lokalmiljøet har, og vere eigna for ulike kulturaktivitetar. I område av landet der til dømes samane utgjer ein stor del av befolkninga, vil dei lokale kulturbygga i særleg grad leggje til rette for og bli nytta til samiske kulturaktivitetar. Slike vurderingar kan òg leggjast til grunn i område der dei nasjonale minoritetane er sterkt representerte.

Norsk kulturråd har støtta Taterprosjektet ved Glomdalsmuseet (forprosjektet) og forprosjekt til kvenkultursenter i Nordreisa.

6.6.2.2 *Investeringstilskot til kulturbygg - nye tiltak*

I St.meld. nr. 22 (1999-2000) er det gjort greie for behov, planar, prosjekt og prioriteringar i samband med statlege og nasjonale kulturbygg. To av planane gjeld kulturtiltak for nasjonale minoritetar: ei ny avdeling for dokumentasjon og formidling av taterkulturen ved Glomdalsmuseet og eit nytt senter for kvensk språk og kultur i Børselv, Porsanger.

Glomdalsmuseet på Elverum har arbeidd med planar om å skipe eit kulturhistorisk dokumentasjons- og formidlingssenter for taterkulturen i Noreg som ei ny avdeling ved museet. Siktemålet er å dokumentere og formidle historia og kulturen til eit folk som har budd i Noreg i fleire hundre år, men som i liten grad har vore påakta i positiv meining. Den planlagde utstillinga skal fokusere på historia til romanifolket og deira eigen kultur, medan ein mindre del av utstillinga vil dreie seg om storsamfunnet sine holdningar til og tiltak overfor denne minoriteten. Museet vil få fram kva ein minoritet er, og medverke til auka medvit om overgrep og undertrykking og auka toleranse og forståing for det som er annleis.

Tiltak:

- Regjeringa vil gjere framlegg om at det blir løyvd midlar til investeringar og drift med sikte på byggjearbeid i 2002 (jf. pkt. 6.3.5).

Planane for Kvæntunet i bygda Børselv er initierte av Porsanger kommune. Kvæntunet skal bli eit senter for kvensk språk og kultur. St.meld. nr. 22 (1999-2000) viser til at Kvæntunet er viktig fordi det er knytt til eit lokalsamfunn der kvensk språk og kultur framleis er levande. Verksemda ved Kvæntunet gjeld dokumentasjon, bevaring og utvikling av kvensk språk, med hovudvekt på lingvistik. Institusjonen skal elles arbeide med kulturarrangement og kultursamarbeid. Kvæntunet skal ikkje arbeide med museale oppgåver, og det er gjort ein avtale med Vadsø museum - Ruija kvenmuseum om deling av ansvaret for kvenkulturen i Finnmark. Prosjektet er todelt. Dels er det tale om å føre opp to tun med bygningar som skal vise kvensk tunskipnad og levemåte i eldre tid. Den første av bygningane er alt oppført. I tillegg er det planar om å føre opp eit kulturbygg på 350 m² som skal vere det faglege, administrative og aktivitetmessige senteret i Kvæntunet.

Utforming og fastsetjing av rammevilkår vil alltid vere gjenstand for drøfting mellom institusjonane og styresmaktene, men den endelege avgjerda er eit politisk ansvar. Det faglege innhaldet i det arbeidet som institusjonane gjer innanfor gjeldande rammer og regelverk, skal vere eit eineansvar for institusjonane sjølve.

Byggjesakene *Kvæntunet* og den nye avdelinga på *Glomdalsmuseet* er mellom anna kjenneteikna av at behovet for historisk dokumentasjon er stort, at dei nasjonale minoritetane sjølve er aktive pådrivarar og premissleverandørar i planleggingsarbeidet, og at planane er langt framskridne. Regjeringa vil freiste å medverke til at desse prosjekta blir gjennomførte. Forslag om løyving til slike og andre prosjekt vil kome når omfanget og kostnadene er tilpassa ei forsvarleg tilskotsramme, og når ansvaret for fullfinansiering, framdrift og drift er avklart.

Regjeringa er vidare kjend med Nordreisa kommune sine planar om å etablere eit kvenkultursenter som skal dokumentere og formidle kvensk kultur og tradisjon, særleg i Troms fylke.

6.6.3 Andre kulturtiltak

Ei rad kulturtiltak retta inn mot dei nasjonale minoritetane er av kortsiktig karakter og speglar så vel mangfald som vekslende behov. Dei er i hovudsak prosjektretta. Både Kulturdepartementet og Norsk kulturråd har ved fleire høve støtta kulturtiltak for dei nasjonale minoritetane.

Kulturpolitikken vis-à-vis dei nasjonale minoritetane er ei samansett oppgåve der løysingane vil måtte variere avhengig av behova til den enkelte minoriteten og dei lokale aktørane si tolking av situasjonen. Ei fleksibel og kompetent forvaltning av prosjektretta tiltak er viktig i utforminga av ein effektiv kulturpolitikk på feltet.

Støtte til prosjektretta kulturtiltak for og i regi av dei nasjonale minoritetane inngår som ein del av Norsk kulturråd si regulære verksemd. Rådet vil med andre ord kunne vurdere støtte til prosjekt og tiltak som gjeld kulturvern, handverkstradisjonar, musikk, scenekunst og informasjonsbrosjyrar.

Kunstnarar med minoritetsbakgrunn må vurderast som kunstnarar på linje med andre kunstnarar. Dette inneber ikkje at ein ser bort frå den særskilde bakgrunnen deira, som ein viktig del av grunnlaget for den kunstnarlege aktiviteten.

Norsk kulturråd har i perioden 1998-2000 eit eige program for kunst og det fleirkulturelle samfunnet - «Mosaikk». Programmet skal fremme tverrkulturelle uttrykk, mellom anna innvandrarkultur og minoritetskultur. Ein legg stadig større vekt på minoritetsdimensjonen, og fleire av dei nasjonale minoritetane har søkt og motteke støtte.

Kulturvernprogrammet er Norsk kulturråd si avsetjing til vern om den norske kulturarven og for å gjere han tilgjengeleg for flest mogleg. Både museumstiltak og oppgåver utanfor musea sine ansvarsområde kan få støtte. Kulturarven til nasjonale minoritetar blir vurdert på lik linje med annan norsk kulturarv, og fleire organisasjonar med basis i ein nasjonal minoritet har motteke støtte til kulturprosjekt gjennom dette programmet. Det er til dømes gitt støtte til innsamling av eldre kvensk kulturmateriale, dokumentasjon av tatersongar, informasjonsbrosjyre om taterkultur, sigøynarfestival og ein turné med framføring av jødisk tradisjonsmusikk.

Norsk kulturråd har opp gjennom 1990-åra motteke søknader frå Norske Kveners Forbund om tilskot til arrangement og tiltak som har lege innanfor rådet sine ansvarsområde for litteratur, musikk og andre kunst- og kulturformål. Rådet har sett med stor velvilje på desse søknadene og prioritert dei.

Rådet har òg prioritert søknader frå Romanifolkets landsforening, og rådet har løyvt midlar over kulturvernkapitlet til innsamling og registrering av gjenstandar med tanke på å byggje opp ei representativ samling ved Glomdalsmuseet, og til to musikkinnstillingsprosjekt med seinare cd-produksjon.

6.6.4 Bibliotek

Det blir gitt ei årleg løyving på 500 000 kroner til eit finsk bibliotek forankra i Vadsø bibliotek/Finmark fylkesbibliotek. Etter avtale med staten skal biblioteket fungere som sentralbibliotek for finskspråkleg litteratur i Noreg. Det skal yte tenester til kvensk- og finsktalande personar som bur i Noreg. Samlinga omfattar skjønn- og faglitteratur for barn, ungdom og vaksne, og var i 1997 på 11 292 bind. Talet på bibliotek som ønskjer tilsendt finskspråklege bøker til utlån, har auka dei seinare åra, og det var i 1997 35 bibliotek som kom med slike ønske. I desember kom Finmark fylkesbibliotek på Internett med presentasjon av finsksamlinga, lenkjer til aktuelle finske nettstader og søkbar mediesamling.

6.6.5 Arkiv

Arkiva representerer eit fundament for kulturarven vår og er ein sentral del av den kollektive minnefunksjonen i samfunnet. I eit demokratisk samfunn er det viktig at det offentlege ser seg pliktig til å dokumentere sine eigne handlingar. For at nasjonale minoritetar skal kunna hevde sine rettar og interesser, er det viktig at det ligg føre dokumentasjon av staten sine handlingar, og at dette blir teke vare på for ettertida.

Arkivet etter Norsk misjon blant hjemløse inneheld møteprotokollar, brevskifte, dokumentasjon om institusjonane, protokollar med opplysningar om personar heilt tilbake til 1700-talet, klientmapper, publikasjonar og fotoarkiv.

Riksarkivet får eit øyremerkt tilskot til forvaltning av arkivet etter Norsk misjon blant hjemløse. Tilskotet skal dekkje ekstraarbeid og lønnsutgifter som følgje av førespurnader frå enkeltpersonar som ønskjer opplysningar om

seg og familien sin, og utgifter knytte til forskarar som har fått tilgang til arkivet.

Det er teieplikt med omsyn til materialet frå arkivet etter Norsk misjon blant hjemløse i 80 år, sidan sakene er personsensitive. Part i ei sak får tilgang til materiale om seg sjølv, men ikkje om andre familiemedlemmer utan deira godkjenning eller samtykke frå andre attlevande familiemedlemmer. Forskarar kan få tilgang, men dei må underteikne ei særskild diskresjonserklæring, og Riksarkivaren vil setje spesielle vilkår for bruken av materialet.

6.6.6 Tilhøvet mellom vern av dokumentasjon av overgrep og personvern

Spørsmålet om bevaring eller kassasjon av arkiv får ofte ein ekstra dimensjon når det er tale om personopplysningar, særleg dersom dei er av svært ømtolig eller sensitiv karakter. Avveginga mellom omsynet til arkivvern og omsynet til personvern er drøfta i St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving - Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet. Her heiter det mellom anna:

«Det kan <...>vera grunn til å dempa inntrykket av at arkivvern primært står i motsetnad til personvern. Den diskresjonen eit individ bør ha krav på i høve til nærgåande opplysningar om eigen person, kan i stor grad tryggjast på annan måte enn ved irreversibel sletting av arkivopplysningar. Slik sletting vil på lengre sikt kunna vera til størst skade for vedkomande individ sjølv, eller nære etterkomarar, jamvel om det på kort sikt kan opplevast som personvern. Eintydige rapportar frå Arkivverket tufta på lang røynsle med personømtolige arkiv tilseier at det er det einskilde mennesket sjølv som har mest å tena på at det er bevart persondokumentasjon i offentlege arkiv.

Noko av det som <...>kan tala imot sletting <...>, er at ein ved det også tek bort noko av ansvarbøra frå overgriparen. Dersom statlege styresmakter i fortida har forgripe seg overfor borgarane, er det til sjuande og sist i offeret si interesse at overgriparen står til ansvar for det som har gått føre seg. Det kan staten vanskeleg gjera utan at dokumentasjonen er bevart. Utfordringa vert å bevare dokumentasjonen på ein slik måte at ubehaget for den einskilde vert redusert så mykje som mogleg.

For seinare generasjonar vil perspektivet flytta seg frå det einskilde overgrepet over til den rolle overgriparen spelte og dei metodane han nytta. <...>

Rett nok vil ein viss fare for misbruk alltid vera til stades, men samfunnet må sørgja for ordningar, kontrollsystem og sanksjonar som er slik at misbruk vanskeleg kan skje, og dersom det likevel skulle skje, at dei raskt kan ettersporast og påtalast. (s. 30-31)»

Datatilsynet etterlyser i sin årsrapport for 1999 retningslinjer for behandling av gamle register som inneheld sensitiv informasjon, til dømes om den etniske tilknytninga til enkeltpersonar (St.meld. 41 (1999-2000)). Kripos sitt gamle, papirbaserte strafferegister og det gamle «Åndssvakeregisteret» er to døme på register som inneheld informasjon om etnisk tilknytning, saman med mange andre sensitive opplysningar.

Det såkalla «Åndssvakeregisteret» er i dag deponert hos Riksarkivaren. Datatilsynet påla, i vedtak av 24. februar 2000, Riksarkivaren å anonymisere dette registeret etter ein periode på tre år. Datatilsynet la ved vurderinga vekt

på at sjølve eksistensen av registeret representerte ei påkjenning for dei registrerte, særleg i form av ei oppleving av uvisse med omsyn til spreiding og bruk av dei ømtolige opplysningane. Riksarkivaren uttalte at ei eventuell anonymisering heilt konkret ville måtte skje gjennom klipping i kartotekhorta, eit inngrep som ligg svært nær ei sletting av heile registeret. Registeret ville etter dette bli ubrukeleg for forskning og dokumentasjon av overgrep. Anonymisering kunne derfor bli oppfatta som eit nytt overgrep frå staten si side.

Stiftelsen Rettferd for taperne påklaga Datatilsynet sitt vedtak til Justisdepartementet. Vidare har representantar for romanifolket i dialogen med Kommunal- og regionaldepartementet ytra sterke ønske om at slike gamle register som inneheld informasjon om enkeltpersonar si tilknytning til romanifolket, som «Åndssvakeregisteret» og «Taterregisteret» hos Kripos, blir bevarte utan anonymisering. Etter deira oppfatning er omsynet til personvernet tilstrekkeleg teke vare på ved at registra blir sikra på ein slik måte at uvedkomande ikkje kan få tilgang til opplysningane, til dømes ved deponering i Riksarkivet.

Justisdepartementet vedtok å ta klaga frå stiftelsen Rettferd for taperne til følgje, slik at registeret likevel ikkje skal anonymiserast.

Regjeringa støttar synspunktet til Romanifolkets landsforening og vil understreke at omsynet til å ta vare på dokumentasjon av overgrep mot minoritetar skal vege tungt i avveginga mellom arkivvern og personvern.

6.7 Minoritetspråklege namn

6.7.1 Personnamn

Norske Kveners Forbund har i dialogen med Kommunal- og regionaldepartementet kravd at namnelova blir endra, «slik at det blir mogleg for kvenske familiar å ta tilbake sine opphavlege slektsnamn, også i tilfelle der desse namna berre har vore i bruk munnleg». Representantar for skogfinnane har kravd at dei som ønskjer det, må kunne ta tilbake sine gamle kvenske eller finske slektsnamn som etternamn eller som mellomnamn.

Namelova har ikkje særlege føresegner for nasjonale minoritetar, men ein legg vekt på omsynet til nasjonale minoritetar i den grad føresegnene opnar for eit skjønn.

Når det gjeld det å kunne ta slektsnamn som berre har vore i munnleg bruk, og spørsmålet om namna er «framandarta» o.l., seier namnelova § 6 nr. 1 at namnebevilling vanlegvis ikkje bør givast til slektsnamn med utanlandsk klang eller skrivemåte. Justisdepartementet vil understreke at kvenske eller finske slektsnamn i dag ikkje blir sedde på som namn med utanlandsk klang eller skrivemåte.

Vidare seier namnelova § 6 nr. 3 at namnebevilling vanlegvis ikkje bør givast til slektsnamn som er historiske, utdøydd eller utanlandske og namnet er vanleg kjent i landet. Bevilling vil *ikkje* bli nekta med grunnlag i denne føresegna, for det er neppe noko namn blant dei nasjonale minoritetane som er «utdøydd» eller «historisk» samstundes med at det i tillegg er «vanleg kjent» i landet.

Dette vil seie at det i dag utan problem vil bli gitt bevilling til nylaga kvenske slektsnamn. Nylaga slektsnamn er namn som *i dag* ikkje er i bruk ifølgje folkeregisteret. Namnet kan altså ha vore brukt tidlegare.

Problema for kvener og skogfinnar vil derfor oppstå når dei ønskjer å ta slektsnamn som er registrerte i landet og som har rettsleg vern. Alle slektsnamn som har færre enn 500 berarar, har i dag rettsleg vern etter namnelova § 7 andre ledd. Også kvenske slektsnamn har rettsleg vern etter denne føresegna. Noko anna ville ha vore diskriminering av dei som allereie har slektsnamnet.

Dersom slektsnamnet har rettsleg vern, krev namnelova § 7 andre ledd at alle berarar av namnet må gi samtykke for at søkjaren skal kunne ta namnet. Det kan gjerast unntak frå kravet om samtykke etter namnelova § 9. Etter § 9 nr. 1 blir det gjort unntak når søkjaren dokumenterer at namnet er slektsnamnet til ein av foreldra som ugift. Etter § 9 nr. 6, jf. Rundskriv G-150/91 s. 35-36, blir det gjort unntak når søkjaren dokumenterer at namnet er slektsnamnet til ein av besteforeldra som ugift og søkjaren i tillegg dokumenterer at han har brukt namnet som slektsnamn i ca. 25-30 år. Føresegna er meint å vere ein tryggingssventil som skal hindre urimelege avslag.

Departementet har derfor i 1999 med heimel i § 9 nr. 6 gitt samtykke til namneendring til det opphavlege kvenske slektsnamnet som ein av oldeforeldra til søkjaren hadde, når fornorsking var årsak til namnebyttet frå kvensk til norsk slektsnamn.

Ved brev av 22. april 1999 sette Justisdepartementet ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere namnelova. Arbeidsgruppa vil vurdere endringar i namnelova, mellom anna i forhold til nasjonale minoritetar. Innstillinga frå arbeidsgruppa er planlagd levert til departementet innan utgangen av 2000.

6.7.2 Stadnamn

Lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn med forskrifter likestiller norske, samiske og finske stadnamn og gir reglar for skrivemåte og bruk av fleispråklege namneformer. I § 3 andre ledd i lova heiter det at samiske og finske namn som vanlegvis blir brukte av folk på staden, skal nyttast av det offentlege på kart, skilt, i register med meir. I § 4 første ledd heiter det at ein ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje rådande prinsipp for rettskriving på finsk.

Eit utval oppnemnt av Kulturdepartementet har evaluert lova, og Kulturdepartementet vurderer for tida korleis rapporten frå utvalet skal følgjast opp. Kravet frå Norske Kveners Forbund om at nemninga «finske stadnamn» skal endrast til «kvenske stadnamn» vil bli vurdert i denne samanhengen.

6.7.3 Kommunenamn

Fleire kommunar i Finnmark og Troms er trespråklege, med norsk, samisk og kvensk/finsk språk. For slike kommunar kan det vere verdifullt at alle språka blir synleggjorde i kommunenamnet. I dag finst det ingen kommunar som har trespråkleg kommunenamn. Porsanger kommune har søkt staten om løyve til å ha dette.

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner, med forskrifter, gir reglar om kommunenamn. Etter gjeldande rett er hovudregelen at ein kommune berre skal ha eitt namn. I område med stor samisk befolkning kan det, i tråd med førearbeida til lova, likevel givast løyve

til bruk av tospråkleg samisk-norsk kommunenamn. Vi har ingen praksis for bruk av trespråklige kommunenamn. På bakgrunn av allmenne prinsipp om vern av minoritetsspråk og dei pliktene Noreg har teke på seg gjennom ratifikasjonen av Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk og Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar, meiner Regjeringa at trespråklege kommunar bør få løyve til å ha trespråklege kommunenamn på dei same vilkåra som i dag gjeld for tospråklege kommunenamn.

Tiltak:

- Regjeringa har opna for å godkjenne trespråklege kommunenamn på lik linje med tospråklege kommunenamn.

6.8 Minoritetane i media

6.8.1 Ytringsfridom og høve til å ytre seg for minoritetar

Ytringsfrihetskommisjonen (NOU 1999: 27) meiner at det er viktig at det blir lagt til rette for både ein offentleg samtale innanfor minoritetane og mellom dei ulike gruppene i samfunnet. Kommisjonen hevdar at minoritetane sine føresetnader kan seiast å vere ein «test case» på ytringsfridommen sine vilkår i samfunnet og viser mellom anna til artikkel 7 og 9 i Rammekonvensjonen. Kommisjonen meiner at det er behov for å styrkje ytringsfridomen for minoritetane, både ved lovgiving og støttepolitikk. Minoritetane bør få høve til å gi ut publikasjonar der meiningar kan brytast og få kome til orde og vere synlege i mediebiletet i storsamfunnet. Dette gjeld for minoritetar generelt, men kommisjonen framhevar særleg behova til «kvenene og visse innvandrargrupper».

Regjeringa meiner at ei aktiv støtte til ytringsfridom og høve til å ytre seg for minoritetane er eit viktig politisk tiltak i eit kulturelt mangfaldig samfunn.

6.8.2 Aviser for dei nasjonale minoritetane

Den kvenske avisa Ruijan Kaiku blei etablert i 1995 på prosjektbasis etter initiativ frå Norske Kveners Forbund. I prosjektperioden frå 1995 til og med 1997 tok Ruijan Kaiku imot prosjektstøtte frå Kommunal- og regionaldepartementet og Kulturdepartementet. Frå og med 1998 har Ruijan Kaiku motteke 250 000 kroner i øyremerkte tilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett. Avisa fell ikkje inn under nokon av dei eksisterande faste pressestøtteordningane.

Regjeringa viser til at Noreg har eit nasjonalt ansvar for å bevare og utvikle minoritetane sine språk og kulturar. Det medfører òg eit ansvar for å styrkje høvet deira til å ytre seg både gjennom eigne kanalar og elles i det offentlege rommet. Ruijan Kaiku er i dag eit viktig forum for ytringar, informasjon og diskusjon i det kvenske samfunnet. Tilskotet er foreslått auka til 350 000 kroner i 2001.

6.8.3 Radiosendingar

NRK Troms har kvar veke ei 12 minutts sending på finsk. Sendinga inneheld nyhendemeldingar, reportasjestoff, musikk og kulturinnslag.

Den første sendinga på finsk gjekk frå NRK Finnmark i Vadsø i 1970, med program på 5 minutt kvar veke. Målgruppa for sendinga var den gongen pri-

mært den etter kvart store gruppa av finske arbeidstakarar i fiskeriindustrien i Finnmark. Dei siste 10-15 åra har den kvenske minoriteten vore grunnleggjande for sendingane. Allmennkringkastingsrådet uttalte i sin rapport for 1999 at NRK bør vurdere å utvide sendetida, og dessutan gjere sendingane landsdekkjande.

6.9 Sosial- og helsepolitikk

6.9.1 Helse- og sosialforholda for dei ulike minoritetane

Sosial- og helsedepartementet har lite oppdatert kunnskap om helsetilstanden og levekåra til dei nasjonale minoritetane og kva forhold dei har til helse- og sosialtenestene. Minoritetane har i dialogen med styresmaktene i liten grad formulert krav og ønske på dette området.

Senter mot etnisk diskriminering har informert om at dei er blitt kontakta av rom som føler seg diskriminerte i Noreg, mellom anna når det gjeld å skaffe seg husvære. Den reisande livsforma gjer at rom kan ha vanskar med å oppfylle kravet om samanhengande butid i ein kommune for tilvising av kommunal bustad. Departementet viser spesielt til at Oslo kommune på bakgrunn av brev frå Senter mot etnisk diskriminering har gått bort frå kravet om tre års samanhengande butid for rom. Dette er eit døme på at reell likebehandling av og til krev at det blir teke omsyn til ulike føresetnader.

Den jødiske minoriteten har ein særskild alders- og sjukeheim i Oslo, som blir driven med tilskot frå Oslo kommune og Det mosaiske trussamfunnet. Regjeringa går ut frå at sjukehusa har ei imøtekomande holdning med omsyn til eventuelle ønske om kosher (rituelt) kosthald og høve til å få åndeleg og etisk rådgiving. Dette gjeld i første rekkje sjukehus og andre institusjonar i Oslo og Trondheim.

Når det gjeld kvenene sitt forhold til helse- og sosialtenestene, kan det nemnast at finsk-/kvenskspråkleg kompetanse finst i mange kommunale og fylkeskommunale institusjonar i Finnmark og Troms, men at det kan vere behov for å utnytte denne kompetansen betre. Ein skal vere merksam på at også personar som til dagleg snakkar norsk, kan ønskje å bruke morsmålet i akutte krisesituasjonar, og at tap av minne i alderdommen også kan gjere at morsmålet er det einaste språket som fungerer. Dette er ei problemstilling som er aktuell for fleire grupper.

6.9.2 Førebygging av helseproblem i andre sektorar

Fleire tiltak på andre område kan verke inn på helse og levekår i vid meining. Tiltak som styrkjer sjølvkjensla til minoritetane og storsamfunnet sin respekt for dei, er viktige. Her spelar skolen som kunnskaps- og verdiformidlar ei viktig rolle. Dei kulturpolitiske tiltaka som er foreslått i meldinga, skaper rammer for samvær og opplevingar baserte på eigen kultur. Slik kan sår etter vonde minne lettare gro.

6.9.3 Minoritetane og rettsgrunnlaget for helse- og sosialtenestene

Norsk helse- og sosialpolitikk byggjer på eit omfattande sett av brukarrettar. Alle brukarar har same rett til å bli møtte med respekt for sin spesielle livssi-

tuasjon og kulturelle bakgrunn. Regjeringa legg vekt på at tenestene skal få ei individuell utforming som speglar ei slik holdning.

Lov om helsepersonell (tek til å gjelde frå 01.01.2001) § 4 om krav til fagleg forsvarleg verksemd gir generell heimel for å påleggje personell å skaffe seg nødvendig kompetanse ut frå den aktuelle situasjonen. For brukarar med minoritetsbakgrunn er lova om pasientrettar (som òg tek til å gjelde frå 01.01.2001) § 3-1 og § 3-2 om krav til medverking og informasjon, sosialtenestelova § 3-4 om plikt til å rådføre seg med brukaren, og kommunehelsetenestelova § 1-3a om kommunen si plikt til tilrettelegging av særleg interesse. Det er helse- og sosialtenestene og personellet sitt ansvar å syte for at kommunikasjonen med kvar enkelt brukar fungerer. I somme tilfelle vil innsikt i brukaren sin kultur vere avgjerande for at kommunikasjon og behandling kan lykkast.

Ein praktisk konsekvens av helse- og sosialretten er at kommunane må leggje vekt på lokale behov for oppbygging av kunnskap om brukarane og språket og kulturbakgrunnen deira. Det er den lokale tenesta som må avgjere kva for tilpassingar som kan gjerast ved utforminga av tiltak. Nærmare bestemt er det arbeidsgivaren sitt ansvar å syte for nødvendig opplæring av personell slik at dei kan utføre tenestene i tråd med intensjonane i helselovgivning. Midlar knytte til handlingsplanane for eldreomsorg og psykisk helsevern kan nyttast til slike formål.

Sosial- og helsedepartementet er kjend med at registrering av minoritetsbakgrunn i journalar og saksdokument har skjedd i helsevesenet og trygdeetat, med enkelte døme heilt fram til notida. Ein veit ikkje korleis denne informasjonen har vore nytta. Sosial- og helsedepartementet seier seg lei for denne praksisen og vil understreke at dette ikkje skal skje.

Vi vil samstundes presisere at registrering av språk kan vere legitimt, sidan dette kan vere til nytte for brukarane sjøve, til dømes for å førebu tolking. Når det gjeld romanifolket, kan omsynet til språk neppe ha vore årsaka til registrering av minoritetsbakgrunn.

6.10 Arbeid mot rasisme og diskriminering

6.10.1 Bakgrunn

Staten sin politikk overfor nasjonale minoritetar byggjer på prinsippa om likebehandling og ikkje-diskriminering. Dette er grunnleggjande prinsipp i Verdserklæringa for menneskerettane og i internasjonale menneskerettskonvensjonar.

Det er eit overordna mål for Regjeringa at alle som bur i Noreg, same kva bakgrunn dei har, skal ha reelt like høve, like rettar og like plikter til å delta i alle delar av samfunnet og til å bruke sine egne ressursar.

Likevel opplever nasjonale minoritetar framleis diskriminering, sjølv om det kan arte seg ulikt frå gruppe til gruppe. Rapportar frå organisasjonane til dei nasjonale minoritetane og frå Senter mot etnisk diskriminering, viser at diskriminering blir opplevd som eit problem for personar som tilhøyrer dei nasjonale minoritetane. Det gjeld både i kontakt med det offentlege og på det private området. Nasjonale minoritetar opplever mobbing og trakassering i skolen og elles i kvardagen. Til dels er det tale om openlys diskriminering, der

sterke, negative haldningar kjem til uttrykk. Det er derfor mange som tilhører ein nasjonal minoritet som ikkje ønskjer å stå ope fram med bakgrunnen sin.

Senter mot etnisk diskriminering har mellom anna hjelpt til i saker der familiar med tilknytning til rom og romanifolket har blitt diskriminerte ved at dei har blitt bortvist frå campingplassar utan sakleg grunn. Senteret rapporterer òg om døme på at ein søknad om lån truleg har blitt avvist på bakgrunn av den etniske opphavet til lånesøkjaren. Andre førespurnader senteret har fått gjeld sosialtenesta, helsevesenet og politiet.

6.10.2 Gjeldande rett

Det finst i dag enkelte føresegner som fastset eit forbod mot etnisk diskriminering på avgrensa saksområde. Det er likevel sjeldan at desse føresegnene blir prøvde for domstolane. Dei gruppene som føresegnene skal verne, opplever i liten grad at dei har eit reelt vern mot diskriminering.

Noreg har ikkje generelle føresegner som forbyr diskriminering på grunnlag av rase eller etnisk opphav, verken i Grunnlova eller lovverket elles, ut over føresegnene som følgjer av menneskerettslova, gjennom FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (SP), FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Likebehandling og ikkje-diskriminering er eit grunnleggjande prinsipp i menneskerettane. Artikkel 26 i SP og artikkel 14 i EMK forbyr diskriminering på bakgrunn av bl.a. etnisk opphav.

Det alminnelege forvaltningsrettslege prinsippet om likebehandling og forbodet mot usakleg forskjellsbehandling gjeld for all offentleg verksemd, anten ho er statleg eller kommunal, og for alle organ som er å rekne som forvaltningsorgan etter forvaltningslova. Omsynet til sakleg grunngeving tilseier i mange tilfelle at det ikkje skal takast omsyn til slike personlege kjenneteikn ved ein part som til dømes kjønn, rase, religion, politisk haldning, medlemskap i ein organisasjon eller liknande.

Lov av 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø mv (arbeidsmiljølova) § 55 a fastset eit forbod mot å behandle søkjarane ulikt ved tilsetjing på grunn «av rase, hudfarge nasjonal eller etnisk opprinnelse eller homofil legning eller homofil samlivsform». Med «ulik behandling» meiner ein her ein handling som utan sakleg grunn direkte eller indirekte stiller personar ulikt på desse grunnlaga. Paragraf 60 i den same lova fastset at det gjeld eit krav om sakleg grunngeving ved oppseiing av eit arbeidsforhold.

Eit tilsvarande krav til sakleg grunngeving følgjer av fleire andre lover der likskapsprinsippet ligg til grunn. Døme på slike lover er lov av 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler (husleigelova), lov av 4. februar 1960 nr. 2 om borettslag, lov av 4. februar 1960 nr. 1 om boligbyggelag og lov av 23. mai 1997 nr. 31 om eierseksjoner.

Lov av 22. mai 1902 nr. 10 (straffelova) har føresegner som skal verne borgarane mot rasistiske ytringar, rasistisk motiverte handlingar og diskriminering. Brot på straffelova kan føre til fengselsstraff og/eller bøter.

Straffelova § 135 a forbyr offentlege ytringar som trugar, håner eller utset nokon for hat, forfølging eller ringeakt på grunn av truvedkjenning, rase, hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav. Vidare kan rasistisk motivering vere

eit straffeskjerpande moment, til dømes ved lekamsbrotsverk (jf. straffelova § 232). Straffelova § 292 fastset at det skal leggjast vekt på om eit skadeverk er rasistisk motivert ved vurderinga av om eit skadeverk er grovt.

Straffelova § 330 inneheld eit generelt forbod mot å stifte eller delta i foreiningar som anten er forbodne ved lov eller som har som mål å utøve eller oppmuntre til straffbare handlingar. Denne føresegna kan òg nyttast ved rasistisk motivert kriminalitet. Straffelova § 104 a gjer det straffbart å danne eller delta i ein privat organisasjon av militær karakter, eller å støtte ein slik organisasjon.

Straffelova § 349 a første ledd set forbod mot i arbeidsmessig eller liknande verksemd å nekte ein person varer eller tenester på dei vilkår som gjeld for andre, på bakgrunn av vedkomande si truvedkjenning, rase, hudfarge eller nasjonale eller etniske opphav. Føresegna gjeld berre for diskriminering i «ervervsvirksomhet», dvs. at private tilhøve ikkje blir råka. Vidare råkar føresegna berre nekting av «varer eller tenester», dvs. at bustad- og arbeidstilhøve normalt fell utanfor denne føresegna. Formidling av bustad og arbeid vil likevel bli sett på som «tenester» og blir råka av føresegna dersom ein sjølv diskriminerer i formidlingstenesta. Rein formidling av eit diskriminerande produkt blir likevel neppe råka dersom sjølve formidlingstenesta skjer på ein ikkje-diskriminerande måte. Ein viser her til høgsterettsdom av 27. august 1999, der Høgsterett kom til at det ikkje var heimel for å straffe ein formidlar av utleigebustader, sjølv om enkelte av utleigarane var klart diskriminerande i sine krav til leigetakarar.

Etter straffelova § 349 a andre ledd blir den straffa som på grunn av ein person si truvedkjenning, rase, hudfarge eller nasjonale eller etniske opphav nekter personen tilgjenge til *offentleg* framsyning, oppvising eller annan offentleg samkome på dei vilkår som gjeld for andre. Eit samkome er offentleg når det er tilgjenge for allmenta mot eller utan betaling.

6.10.3 Verkemidla

Handlingsplan mot rasisme og diskriminering (1998-2001) dannar grunnlaget for den politikken Regjeringa har på området. Handlingsplanen fastset ulike tiltak for å motverke rasisme og diskriminering. Tiltak som fell innanfor ansvarsområda til departementa, er retta inn mot rettsapparatet, arbeidsmarknaden, bustadmarknaden, skolen, nøkkelsektorar i forvaltninga, grunn- og vidareutdanning for somme yrkesgrupper og mot aktivitetar i lokalmiljøet.

Senter mot etnisk diskriminering blei offisielt opna 10. februar 1999 og skal verke i ein prøveperiode fram til utgangen av 2002. Senteret har som formål å sikre vernet mot etnisk diskriminering. Senteret har som hovudoppgåve å gi rettshjelp i saker om diskriminering på grunnlag av truvedkjenning, rase, hudfarge og nasjonalt eller etnisk opphav og å dokumentere og overvake situasjonen når det gjeld arten og omfanget av denne typen diskriminering.

Sidan senteret blei oppretta har det gitt ut to rapportar om etnisk diskriminering i Noreg (november 1999 og oktober 2000). Rapportane gir oss kunnskap om kva for former for diskriminering som finst og synleggjer at det er eit stort behov for rettshjelp i slike saker.

Verksemda til Senter mot etnisk diskriminering er landsdekkjande. For å sikre at målgruppene har god kjennskap til verksemda, har senteret lagt vekt på å opprette ein dialog med representantar for minoritetsorganisasjonane. I

samband med det har senteret hatt møte med organisasjonar for kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar.

Det er sett i verk ei løpande evaluering av verksemda ved senteret i prøveperioden.

Den 3. mars 2000 sette Kongen i statsråd ned eit utval som skal greie ut ei lov mot etnisk diskriminering. Utvalet blir leia av professor dr. juris. Gudrun Holgersen ved Juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen.

Oppdraget til utvalet er å greie ut korleis det rettslege vernet mot etnisk diskriminering kan styrkjast og leggje fram forslag til lov mot etnisk diskriminering. Utvalet skal vurdere kva for sanksjonar som kan vere aktuelle, ulike måtar å sikre eit effektivt handhevingssystem på og rolla til Senter mot etnisk diskriminering i handhevinga av lova. I tillegg skal utvalet vurdere korleis FNs rasediskrimineringskonvensjon (ICERD) kan innarbeidast i norsk rett.

Regjeringa legg vekt på det internasjonale arbeidet mot rasisme og diskriminering. FN skal arrangere ein verdskonferanse mot rasisme i 2001, og Europaradet stod ansvarleg for ein europeisk konferanse mot rasisme i 2000. Staten vil i samarbeid med dei frivillige organisasjonane delta aktivt i prosessen fram mot verdskonferansen, som òg inneber eit arbeid på nasjonalt plan.

Regjeringa understrekar at staten har eit særskilt ansvar for å sikre at det blir sett i verk tiltak for å sikre likebehandling og motverke diskriminering.

6.11 Kunnskapsutvikling

Det overordna målet i politikken overfor nasjonale minoritetar er å leggje til rette for at dei kan uttrykkje, halde oppe og utvikle sin eigen identitet. Bevaring og utvikling av språk og kultur er viktig for å nå dette målet.

Forskning om nasjonale minoritetar skal få fram kunnskap for at politikken på feltet kan byggje på eit best mogleg grunnlag. Slik situasjonen er i dag, har styresmaktene ein del kunnskap, men mykje av kunnskapen er fragmentarisk og dessutan ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Det er derfor behov for meir systematisert forskning om ulike problemstillingar knytte til nasjonale minoritetar og deira situasjon, til dømes når det gjeld minoritetsspråk, tilhøva for barn og unge og tilhøva mellom menn og kvinner.

Å vere med på ei nasjonal kunnskapsutvikling og å sjå til at forskingsresultata på dette området blir formidla, blir sentrale oppgåver for Kommunal- og regionaldepartementet som samordnande departement. Sektorprinsippet gjeld likevel her som på alle andre område i statsforvaltninga.

Gruppene uttrykkjer behov for meir kunnskap om seg sjølve. Historisk kunnskap, kunnskap om den nære fortida og betre kunnskap om språk og språkutvikling er andre sentrale tema. Fleire av gruppene har kravd å få delta som premissleverandør ved utforming av forskingsprosjekt som handlar om dei. I Noregs forskingsråd sitt forskingsprogram om romanifolket (taterane/dei reisande) blei dette kravet oppfylt ved at representantar for ein av interesseorganisasjonane deltok i referansegruppa for programmet.

Alle dei nasjonale minoritetane i Noreg er små grupper. Når det gjeld rom, er det berre nokre hundre individ. Det kan innebere særlege forskningsetiske utfordringar. Det kan mellom anna vere vanskeleg å anonymisere materialet, og forskingsresultat kan føre til at heile gruppa kjenner seg uthengd.

6.11.1 Kvener

Forskning på kvenske tilhøve går no i hovudsak føre seg ved Universitetet i Tromsø. Her er det faste forskarstillingar i kvensk/finsk språk og litteratur. Noregs forskingsråd har ei eiga satsing på kvensk forskning med eit budsjett på om lag 1,5 millionar kroner årleg.

Generelt har forskinga omkring kvenske tilhøve i første rekkje dreidd seg om språk, historie og i nokon grad etnologi og folkløristikk. Det er behov for meir forskning for å dokumentere språksituasjonen og sjå nærmare på vidareutviklinga av kvensk/finsk. Det er òg fleire aktuelle behov innanfor historisk forskning.

Tema som etnisitet og identitet har i liten grad vore fokuserte, og det ligg i liten grad føre samfunnsvitenskapleg forskning om kvenene sin situasjon. Det er behov for kunnskap om samspelet mellom dei ulike etniske gruppene som har levd saman på Nordkalotten i lang tid.

6.11.2 Romanifolket

Gjennom Noregs forskingsråd sitt forskingsprogram om romanifolket (taterane/dei reisande) er den behandlinga som romanifolket har vore utsett for frå staten, Norsk misjon blant hjemløse og resten av storsamfunnet, blitt dokumentert. Både Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i Trondheim har laga rapportar som del av programmet. Sosial- og helsedepartementet har finansiert satsinga.

6.11.3 Jødar, skogfinnar og rom

Det har ikkje vore nokon koordinert forskingsinnsats omkring situasjonen til jødar, skogfinnar og rom (sigøynarar). Særleg har skogfinnane peika på behovet for å få dokumentert historia.

Som ein del av den kollektive delen av jødebuoppgjeret (jf pkt 6.3.4) blei det i 1999 løyvd 40 millionar kroner til å etablere eit senter for studium av Holocaust. Føremålet med eit slikt senter skal være å «skape kompetanse i Norge om Holocaust generelt og spesifikt om det norske kapittel i historien om Holocaust», og dessutan å «skape grunnlag for bred kunnskap om minoriteters historie, livssyn, tradisjoner, kultur og stilling i det norske samfunnet» (jf. St.prp. 82 (1997-1998), Innst. S. 108 (1998-1999)).

Opprettinga av senteret er no under førebuing. Regjeringa arbeider med ein modell som legg opp til at senteret blir plassert i Villa Grande (jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2000-2001)).

Det blir lagt til grunn at studiar omkring jødiske tilhøve i Noreg skal vere ein del av forskingsinnsatsen ved senteret.

6.11.4 Barn og unge

Det er framleis behov for dokumentert og systematisert kunnskap om barn og ungdom frå nasjonale minoritetar og om oppvekst- og livssituasjonen deira. Det er vidare eit behov for å formidle eksisterande kunnskap på ein lett tilgjengeleg måte. Erfaringane er gode med å utarbeide kunnskapsoversikter over ulike tema, mellom anna fordi slike gir eit heilskapleg og lett tilgjengeleg bilete av eksisterande kunnskap og set fokus på område det er aktuelt å forske

vidare på. Eit døme er dei to rapportane frå Nordisk Ministerråd (1999) om Barn og ungdom sine levekår i Norden som tek for seg barn og unge med innvandrarbakgrunn og marginalisering av barn og unge i Norden.

Tiltak:

- Barne- og familiedepartementet vil få utarbeidd ei nordisk kunnskapsoversikt om barn og ungdom frå nasjonale minoritetar som òg skal omtale barnevernet. Ved å la kunnskapsoversikta gjelde Norden, kjem det empiriske kunnskapstilfanget til å auke, samtidig som målgruppa blir større.

6.11.5 Sjukeleggjering av etnisk identitet

Mykje tyder på at fleire personar frå romanifolket har blitt plasserte på spesialskolar og psykiatriske institusjonar utan at det var fagleg grunnlag for det. Vi har likevel ikkje nok kunnskap om og på kva for måtar helse- og omsorgssektoren har behandla framandt levesett og etnisk identitet som sjukdom.

Tiltak:

- Sosial- og helsedepartementet vil finansiere forskning og dokumentasjon omkring den ideologien som låg bak helse- og omsorgssektoren si behandling av eit framandt levesett som sjukdom. Departementet vil også kartleggje betre kva praksis som blei følgd i det psykiske helsevernet med omsyn til sjukleggjering av etnisk identitet.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Løyvingane til senteret for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket vil bli fremma i dei vanlege budsjettframlegga.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 8. desember 2000 om Nasjonale minoriteter i Noreg - Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Tiivistelmä (oppsummering på finsk)****1.1 Johdanto**

Tämä hallituksen poliittinen selonteko suurkäräjille on Norjan vuonna 1999 ratifioiman Euroopan neuvoston kansallisten vähemmistöjen suojelua koskevan puiteyleissopimuksen seurantatyötä. Se on myös ihmisoikeuksia koskevan toimintasuunnitelman seurantaa, jonka toimenpiteistä yksi on kansallisia vähemmistöjä koskevan politiikan läpikäyminen.

Tällä hetkellä ei ole olemassa mitään kokonaiskuvaa kansallisia vähemmistöjä koskevasta tai niille erityisen merkityksellisestä politiikasta. Kyseessä ovat vähemmistöt, joilla on pitkäaikaiset siteet maahan. Hallituksen selonteko on näin ollen ensimmäinen yhtenäinen niiden periaatteiden läpikäynti, jotka tulevat olemaan pohjana valtion politiikalle juutalaisten, kveenien, romanien (mustalaisten), kiertolaisten/tattarien ja metsäsuomalaisien kohtelussa.

Selonteossa ei käsitellä saamelaisia eikä myöskään uusia maahanmuuttajaryhmiä koskevaa politiikkaa eikä maahanmuuttopolitiikkaa. Siinä käsitellään kuitenkin eräitä yleisiä vähemmistöpoliittisia kysymyksiä, ja näin ollen sillä on vaikutusta koko sille kentälle, jota kutsumme monikulttuurista yhteiskuntaa edistäväksi politiikaksi.

Hallitus haluaa tämän selonteon välityksellä pyytää anteeksi niitä törkeitä epäoikeudenmukaisuuksia, joita kiertolaiset/tattarit ovat joutuneet kärsimään Norjan laillisten viranomaisten taholta tai näiden aktiivisella tuella.

1.2 Norjan kulttuurisen moninaisuuden poliittinen perusta

Hallituksen politiikan lähtökohtana on:

- Kulttuurinen moninaisuus rikastuttaa yhteisöä.
- Kaikilla tulee taustastaan riippumatta olla yhtäläiset mahdollisuudet, oikeudet ja velvollisuudet osallistua yhteiskuntaelämään ja käyttää voimavarojaan.
- Rasismi ja syrjintä ovat ristiriidassa perusarvojemme kanssa, ja niitä on vastustettava aktiivisesti.
- On luotava sellaiset olosuhteet, jotka mahdollistavat avoimuuden ja kulttuurien välisen vuoropuhelun.
- Eräiden arvojen ja perusedellytysten, kuten ihmisoikeuksien ja perustavanlaatuisien demokraattisten periaatteiden kunnioittamisen, tulee olla yhteisiä kaikille, jotka asuvat Norjassa.
- Kaikilla on oikeus luoda oma identiteettinsä, ja jokaisella vähemmistöihin kuuluvalla henkilöllä on oikeus päättää itse, kohdellaanko häntä kansalliseen vähemmistöön kuuluvana vai ei.
- Lasten ja nuorten hyvät kasvuolosuhteet ja sukupuolten välinen tasa-arvo ovat poliittisina tavoitteina kansallisiin vähemmistöihin kohdistuvassa politiikassa, kuten Norjan yhteiskunnallisessa elämässä muutenkin.
- Tavoitteena on, että kansallisten vähemmistöjen tarpeista voidaan, mikäli mahdollista, huolehtia yleisten järjestelmien puitteissa.
- Joillakin aloilla saattavat erikoistoimenpiteet ja yleisten järjestelmien sopeuttaminen olla välttämätöntä vähemmistöjen erikoistarpeiden kattamiseksi.
- Oikeus osallistua yhteiskuntaelämään ja erityisesti poliittisiin päätösprosesseihin on perusoikeus.

Hallitus pyrkii työllään yhteiskuntaan, joka edistää olosuhteita, jotka ovat tarpeen, jotta vähemmistöihin kuuluvat henkilöt voivat ilmaista, ylläpitää ja kehittää identiteettiään sekä oman ryhmänsä sisällä että kosketuksessaan muuhun yhteiskuntaan.

Hallitus paheksuu mitä voimakkaimmin niitä epäoikeudenmukaisuuksia, jotka ovat kohdistuneet kiertolaisiin/tattareihin. Hallitus haluaa perustaa kiertolaisten/tattarien kulttuurin ja historian dokumentointi- ja välityskeskukseen näiden epäoikeudenmukaisuuksien hyvittämiseksi.

Hallitus pahoittelee myös norjalaistamispolitiikkaa, joka on kohdistunut kaikkiin kansallisiin vähemmistöihin, ja esittää valtion puolesta anteeksipyyntöä siitä tavasta, millä vähemmistöjä on kohdeltu.

1.3 Kansainvälinen perusta

Kansainvälinen vähemmistöjen suojelu perustuu syrjimättömyyden ja yhdenvertaisen kohtelun periaatteelle. Valtioiden velvollisuus on pyrkiä varmistamaan, että vähemmistöt asetetaan samaan asemaan kuin valtaväestö sekä muodollisesti että käytännössä. Yhdenvertaisen kohtelun ja syrjimättömyyden periaatteet ovat mukana sekä ihmisoikeuksia koskevissa yleissopimuksissa että erityisissä yleissopimuksissa, kuten YK:n rotusyrjinnän poistamista koskevassa yleissopimuksessa ja YK:n lapsen oikeuksia koskevassa yleissopimuksessa.

Vähemmistöoikeudet ovat lähtökohtana olevan sanamuodon mukaisesti yksilöiden oikeuksia, joita heillä on yhdessä ryhmänsä muiden jäsenten kanssa. Samanaikaisesti on selvää, että vähemmistöoikeuksia on usein mahdollista toteuttaa vain koko ryhmään kohdistuvilla toimenpiteillä, esimerkiksi kun kyseessä ovat joukkotiedotusvälineet, koulutus sekä kielen ja kulttuurin suojelu.

Perusluonteisin kansainvälisen vähemmistönsuojelun määräyksistä on YK:n kansalaisoikeuksia ja poliittisia oikeuksia koskevan yleissopimuksen 27. artikla. Siinä todetaan, että etnisiin, uskonnollisiin tai kielellisiin vähemmistöihin kuuluvilla henkilöillä on oikeus muiden ryhmänsä jäsenten kanssa nauttia omasta kulttuuristaan, tunnustaa ja harjoittaa omaa uskontoaan tai käyttää omaa kieltään.

Kansallisten vähemmistöjen suojelua koskeva puiteyleisopimus sisältää toisaalta valtioiden kansallisiin vähemmistöihin kohdistuvan politiikan vähimmäisnormeja, toisaalta tavoitteita, joihin valtiot sitoutuvat pyrkimään. Valtioiden tulee luoda sellaiset olosuhteet, että kansallisiin vähemmistöihin kuuluvat henkilöt voivat ilmaista, ylläpitää ja kehittää identiteettiään, kieltään ja kulttuuriaan, samalla kun vähemmistöillä on oikeus täyteen ja tehokkaaseen yhteiskunnalliseen osallistumiseen.

Euroopan neuvosto on hyväksynyt myös alueellisia kieliä tai vähemmistökieliä koskevan eurooppalaisen peruskirjan. Valtiot jotka ovat ratifioineet peruskirjan, muun muassa Norja, ovat sitoutuneet toteuttamaan erityisiä toimenpiteitä vähemmistökielten suojelemiseksi ja edistämiseksi.

1.4 Norjan kansallisten vähemmistöjen historia

Kveenit, kiertolaiset/tattarit ja metsäsuomalaiset esiintyvät Norjan historiassa jo 1500- ja 1600-luvuilla. Kaikilla viidellä vähemmistöryhmällä on yli sadan vuoden historia Norjassa.

Vähemmistöryhmiin kohdistettua norjalaistamispolitiikkaa voi luonnehtia ankaraksi. Varsinkin kiertolaisiin/tattareihin on kohdistettu kovakätistä assimiloitipolitiikkaa, jossa käytettyjä keinoja nykyään paheksomme syvästi. Jokaisen vähemmistöryhmän vaiheita käsitellään perusteellisemmin luvussa 4.

1.5 Kansallisten vähemmistöjen tämänhetkinen tilanne

Kansallisten vähemmistöjen suojelua koskevan puiteyleissopimuksen ratifioinnin yhteydessä useimmat vähemmistöryhmistä suhtautuivat myönteisesti ratifiointiin. Kiertolaisiin/tattareihin kuuluvien keskuudessa mielipiteet jakaantuivat. Tällä hetkellä näyttää käsitys yleissopimuksesta olevan voittopuolisesti myönteinen kaikissa ryhmissä, joita tämä selonteko koskee.

Useimmat Norjassa asuvat *juutalaiset* ovat Oslon ja Trondheimin juutalaisten seurakuntien jäseniä, joita on yhteensä noin 1 100. Useimmat heistä käyttävät norjan kieltä jokapäiväisessä elämässään. Pari sataa henkilöä käyttää myös hepreaa, ja joku harva vanhus ymmärtää jiddisiä.

Norjassa arvioidaan tällä hetkellä *kveeniksi* tai kveeni-/suomalais sukua olevaksi henkilöksi itsensä laskevien lukumääräksi 10 000-15 000 henkeä. Kveenin/suomen kieli on tärkeä tuntomerkki ja identiteettiä luova tekijä tälle ryhmälle, mutta norjalaistamisprosessi on johtanut siihen, että monet eivät enää puhu muuta kuin norjaa. Viime vuosikymmenten aikana kveenien keskuudessa on tapahtunut etnopolitiittista mobilisointia.

Norjan perinteisen *romanien* (mustalaisten) ryhmän oletetaan koostuvan 300-400 henkilöstä, jotka kaikki asuvat Oslon seudulla. Heidän kieltään kutsutaan romaniksi. Monet heistä ovat liikkeellä vuoden kesäpuoliskon sekä Norjassa että ulkomailla. Norjan romanit ovat järjestäytyneet suurperhetasolla. International Romani Unionilla on edustaja Norjassa.

Kiertolaisten/tattarien ryhmään kuuluvien määrästä Norjassa ei tällä hetkellä ole varmoja lukuja. Kyseessä saattaa olla muutama tuhat henkeä. Kiertolaisten/tattarien kieltä nimitetään kiertolais-/tattarikieleksi. Emme tiedä, kuinka moni hallitsee täysin kiertolais-/tattari kielen. Viime vuosina kiertolaisten/tattarien ryhmälle on muodostettu useita järjestöjä.

Norjassa lasketaan olevan useita satoja henkilöitä, jotka katsovat kuuluvansa *metsäsuomalaisiin*. Tämä vähemmistöryhmä puhui aikaisemmin suomea, ja suomenkielisiä sanoja ja sanontoja on vieläkin käytössä Suomalaismetsissä. Viime vuosina on ollut näkyvissä metsäsuomalaiskulttuurin elpymistä. Nykyään on olemassa useita alueellisia ja paikallisia järjestöjä, jotka työskentelevät metsäsuomalaisten kulttuurin parissa, sekä organisoituja verkostoja, joilla on yhteyksiä maan rajojen yli.

1.6 Viranomaisten toimenpiteet ja työ

Hallitus kannattaa tavoitetta, jonka mukaan Norjan ei tule tyytyä siihen, että pyritään täyttämään kansainvälisten ihmisoikeuksia koskevien yleissopimusten vähimmäisvaatimukset. Hallitus painottaa tavoitteita, joita kansallisten vähemmistöjen suojelua koskeva puiteyleissopimus ja alueellisia kieliä tai vähemmistökieliä koskeva eurooppalainen peruskirja asettavat.

1.6.1 Vastuu koordinoinnista ja sektorivastuuperiaate

Vastuu kansallisia vähemmistöjä koskevan politiikan koordinoinnista on annettu kunta- ja alueministeriölle. Sektorivastuun periaate on edelleenkin voimassa kaikilla toiminta-aloilla, kuten kulttuurin, koulutuksen ja terveydenhuollon alalla.

1.6.2 Vähemmistöjen osallistuminen yhteiskuntaelämään

Hallitus ylläpitää ja kehittää myös tulevaisuudessa vuoropuhelua kansallisten vähemmistöjen järjestöjen kanssa. Kansallisille vähemmistöille kohdistettuja tukijärjestelmiä jatketaan.

1.6.3 Vahingonkorvaus ja hyvitys

Henkilöt, jotka ovat joutuneet julkisten viranomaisten epäoikeudenmukaisesti kohtelemiksi, voivat vaatia korvausta tavallisten norjalaisten korvaussääntöjen mukaisesti. Vanhentumisväitteestä luovutaan melkein poikkeuksetta niissä tapauksissa, joissa valtiolle esitettävä korvausvaatimus on oikeudellisesti vanhentunut ja vahinkoa kärsinyt voisi ilman omaa syytään joutua kärsimään tappiota, jos vanhentumiseen vedotaan. Käytäntö tulee olemaan vapaamielinen asioissa, joissa lapset tai nuoret ovat joutuneet julkisen viranomaisen epäoikeudenmukaisuuden tai laiminlyönnin kohteeksi.

Sen lisäksi myönnetään joissakin tapauksissa hyvitystä henkilöille, jotka ovat saaneet puutteellisen koulunkäynnin, joita on hoidettu väärin terveydenhuollossa tai joiden tilanne on arvioitu väärin lapsen huostaanoton yhteydessä. Vaatimuksena on, että hyvityksen hakijan kohtalo on ollut erityisen kova. Hyvitystä myönnetään hakijan konkreettisesti kärsimien epäoikeudenmukaisuuksien perusteella, ei sen perusteella, että hän kuuluu kansalliseen vähemmistöön.

Juutalaisen vähemmistön toisen maailmansodan aikana Norjassa kärsimän kohtelun historiallinen ja moraalinen tilinpäätös suoritettiin juutalaisten kuolinpesien selvityksen avulla. Tilinpäätöksen yksilöllinen osa on tarkoitus saada valmiiksi vuoden 2000 kuluessa.

Hallitus pyytää anteeksi törkeitä epäoikeudenmukaisuuksia, joita kiertolaiset/tattarit ovat joutuneet kärsimään Norjan laillisten viranomaisten taholta tai näiden aktiivisella tuella. Hallitus haluaa perustaa kiertolaisten/tattarien kulttuurin ja historian dokumentointi- ja välityskeskuksen näiden epäoikeudenmukaisuuksien hyvittämiseksi. Keskus sijoitetaan Elverumiin Glomdalsmuseet-nimisen museon yhteyteen, ja sen rakentaminen aloitetaan vuonna 2002.

1.6.4 Koulutus ja koulunkäynti

Kouluopetusta ei ole aina sopeutettu sellaisten väestöryhmien tarpeisiin, joilla kierteleminen on osa elämäntapaa (romanit ja kiertolaiset/tattarit). Hallitus pitää silti lähtökohtana sitä, että oppimisoikeus ja -velvollisuus koskee samalla tavalla kaikkia lapsia. Siksi voi olla tarvetta kehittää opetusmuotoja, joita on mahdollista toteuttaa käytännössä, vaikka oppilaat ovatkin kiertelemässä osan vuoden kesäpuoliskoa.

Koulu on keskeinen yhteiskunnan areena, jolla kansallisten vähemmistöjen tulee olla näkyvillä.

Suomea opetetaan tällä hetkellä toisena kielenä peruskoulussa ja keskiasteen koulussa. Opetusmateriaalin kehittäminen on käynnissä. Kirkko-, koulu- ja tutkimusministeriö aikoo myös ehdottaa erilaisia toimenpiteitä, joilla saataisiin päteviä opettajia suomen kielen opetukseen. Tromssan yliopistolla ja Finmarkun korkeakoululla on tärkeä rooli kveenikulttuurin ja kveenin/suomen kielen edelleen kehittämisessä korkea-asteen koulutuksessa.

1.6.5 Lapset ja nuoret

Lasten ja nuorten kasvuympäristö on yksi hallituksen tärkeimmistä panostusalueista. Lapsi- ja perheasiain ministeriöllä on lapsi- ja nuorisjärjestöille suunnattu tukijärjestelmä. Järjestelmä on saanut sellaisen muodon, että pienemmätkin järjestöt, kuten vähemmistöryhmien järjestöt, kuuluvat sen piiriin.

Kun kansallisiin vähemmistöihin kuuluviin lapsiin kohdistettavia toimenpiteitä harkitaan, lastensuojeluviranomaisten tulee ottaa huomioon lapsen etninen, uskonto-, kulttuuri- ja kielitausta. Tarkoitus on laatia pohjoismainen lapsia ja nuoria koskevan tietämyksen nykytilanteen arviointi, johon sisältyy myös tietoa lastensuojelusta.

Lapsi- ja perheasiain ministeriön kaksikielisten päiväkotiaavustajien tukijärjestelmä käsittää kansallisiin vähemmistöryhmiin kuuluvat lapset. Lapsi- ja perheasiain ministeriö voi myöntää varoja sellaisten toimenpiteiden kokeiluun, joiden tavoitteena on auttaa kveenien kulttuurin, kielen ja identiteetin kehittämistä.

1.6.6 Kielen, kulttuurin ja identiteetin suojeleminen

Tulevaisuudessa pääperiaatteena tulee olla kulttuurisen moninaisuuden näkyvyys arkistojen, kirjastojen ja museoiden yhteydessä. Tarvitaan erityistä panostusta, jotta Norjan yhteiskunnan kulttuuritaustan moninaisuudelle saadaan näkyvämpi asema kulttuurin alalla.

Hallitus haluaa perustaa kiertolaisten/tattarien kulttuurin ja historian dokumentointi- ja välityskeskukseen Glomdalsmuseet -nimisen museon yhteyteen sekä myötävaikuttaa Porsangin Kvântunet -hankkeen toteutumiseen.

Yksityisyyden suojan ja epäoikeudenmukaisen kohtelun dokumentoinnin suojaamisen (arkistotietosuoja) välistä suhdetta pohditaan valtionarkistossa säilytettävien «Tattarirekisterin» ja «Vajaamielisrekisterin» yhteydessä. Hallitus korostaa, että vähemmistöihin kohdistuneen epäoikeudenmukaisen kohtelun dokumentoinnin säilyttämisen huomioon ottaminen painaa vaa'assa huomattavasti, kun valitaan arkistotietosuoja ja yksityisyyden suojan välillä, mikä on sama kanta kuin kiertolaisten/tattarien valtakunnallisen yhdistyksen Romanifolkets Landsforeningin kanta.

1.6.7 Vähemmistökielinen nimistö

Oikeusministeriö perusti vuonna 1999 työryhmän arvioimaan nimilakia henkilönnimien osalta. Työryhmä arvioi nimilain muutoksia muun muassa kansallisten vähemmistöjen kannalta.

Paikannimilakia on arvioitu, ja kulttuuriministeriö harkitsee parhaillaan, miten arviointiraportin pohjalta edetään. Siinä yhteydessä harkitaan Norjan kveeniliiton esittämää vaatimusta kveeninkielisten nimien käytöstä.

Hallitus on tehnyt mahdolliseksi hyväksyä kolmikielisiä kunnannimiä vastaavasti kuin kaksikielisiäkin kunnannimiä.

1.6.8 Vähemmistöt ja tiedotusvälineet

Hallitus pitää vähemmistöjen sananvapaudelle ja ilmaisumahdollisuuksille annettavaa aktiivista tukea tärkeänä poliittisena toimenpiteenä kulttuurisesti moninaisessa yhteiskunnassa.

Kveenisanomalehti Ruijan Kaiulle myönnettävää valtion tukea lisätään 250 000 kruunusta 350 000 kruunuun vuonna 2001. NRK Troms -alueradio lähettää viikottain 12 minuuttia suomenkielistä ohjelmaa.

1.6.9 Sosiaali- ja terveystalitiikka

Norjan sosiaali- ja terveystalitiikan periaatteena on, että jokaisella asiakkaalla on yhtäläinen oikeus siihen, että hänen elämäntilanteeseensa ja kulttuuri-taustaansa suhtaudutaan kunnioituksella.

1.6.10 Rasismien ja syrjinnän vastustustyö

Hallitus painottaa, että valtiolla on erityinen vastuu varmistaa, että yhdenvertaisen kohtelun varmistavat ja syrjintää ehkäisevät toimenpiteet käynnistetään. Yhtenä tähän tähtäävänä toimenpiteenä on perustettu Etnisen syrjinnän vastustamiskeskus (Senter mot etnisk diskriminering). Sen lisäksi on asetettu toimikunta, jonka tehtävänä on selvittää, miten olisi mahdollista edistää etnistä syrjintää ehkäisevää oikeussuojaa. Toimikunnan tehtävänä on myös laatia etnisen syrjinnän vastustamista koskeva lakiehdotus.

1.6.11 Tiedon lisääminen (Tutkimus ja kehittäminen)

Kansallisiin vähemmistöihin ja niiden tilanteeseen liittyviä erilaisia ongelmiasetteluita on tarpeen tutkia järjestelmällisemmin.

Lapsi- ja perheasiain ministeriö aikoo laadituttaa yleiskatsauksen pohjois-maisesta tietämyksestä kansallisiin vähemmistöihin kuuluvista lapsista ja nuorista.

Sosiaali- ja terveystalitiikalla rahoittaa tutkimusta ja dokumentointia, joka selvittää ideologiaa, jonka perusteella terveys- ja hoivasektori on hoitanut vieraita elintapoja sairauksina. Ministeriö aikoo myös kartoittaa perusteellisemmin, mitä käytäntöä mielenterveystyössä noudatettiin, kun etninen identiteetti katsottiin sairaudeksi.

1.7 Taloudelliset ja hallinnolliset vaikutukset

Kiertolaisten/tattarien kulttuurin ja historian dokumentoinnista ja välityksestä huolehtivan keskuksen määrärahaa esitetään tavallisissa talousarvioesityksissä.

Vedlegg 2

Oversikt over ratifikasjonar av Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar (pr. 16. november 2000)

Land	Signaturdato	Dato for ratifikasjon
Albania	29.06.95	28.09.99
Andorra		
Armenia ¹	25.07.97	20.07.98
Aserbajdsjan ¹		26.06.00
Austerrike	01.02.95	31.03.98
Belgia		
Bosnia and Herzegovina ¹		24.02.00
Bulgaria	09.10.97	07.05.99
Danmark	01.02.95	22.09.97
Den tidligare jugoslaviske republikken Makedonia	25.07.96	10.04.97
Den tsjekkiske republikk	28.04.95	18.12.97
Estland	02.02.95	06.01.97
Finland	01.02.95	03.10.97
Frankrike		
Georgia	21.01.00	
Hellas	22.09.97	
Irland	01.02.95	07.05.99
Island	01.02.95	
Italia	01.02.95	03.11.97
Kroatia	06.11.96	11.10.97
Kypros	01.02.95	04.06.96
Latvia	11.05.95	
Liechtenstein	01.02.95	18.11.97
Litauen	01.02.95	23.03.00
Luxemburg	20.07.95	
Malta	11.05.95	10.02.98
Moldova	13.07.95	20.11.96
Nederland	01.02.95	
Noreg	01.02.95	17.03.99
Polen	01.02.95	
Portugal	01.02.95	
Romania	01.02.95	11.05.95
Russland	28.02.96	21.08.98
San Marino	11.05.95	05.12.96

Slovakia	01.02.95	14.09.95
Slovenia	01.02.95	25.03.98
Spania	01.02.95	01.09.95
Storbritannia	01.02.95	15.01.98
Sveits	01.02.95	21.10.98
Sverige	01.02.95	09.02.00
Tyrkia		
Tyskland	11.05.95	10.09.97
Ukraina	15.09.95	26.01.98
Ungarn	01.02.95	25.09.95

¹ Ikkje medlem av Europarådet.

Vedlegg 3

**Oversikt over ratifikasjonar av Den europeiske
pakta om vern av regions- eller minoritetsspråk (pr.
16. november 2000)**

Land	Signaturdato	Dato for ratifikasjon
Albania		
Andorra		
Austerrike	05.11.92	
Belgia		
Bulgaria		
Danmark	05.11.92	08.09.00
Den tidligare jugoslaviske republikken Makedonia	25.07.96	
Den tsjekkiske republikk	09.11.00	
Estland		
Finland	05.11.92	09.11.94
Frankrike	07.05.99	
Georgia		
Hellas		
Irland		
Island	07.05.99	
Italia	27.06.00	
Kroatia	05.11.97	05.11.97
Kypros	12.11.92	
Latvia		
Liechtenstein	05.11.92	18.11.97
Litauen		
Luxemburg	05.11.92	
Malta	05.11.92	
Moldova		
Nederland	05.11.92	02.05.96
Noreg	05.11.92	10.11.93
Polen		
Portugal		
Romania	17.07.95	
Russland		
San Marino		
Slovakia		
Slovenia	03.07.97	04.10.00
Spania	05.11.92	

Storbritannia	02.03.00	
Sveits	08.10.93	23.12.97
Sverige	09.02.00	09.02.00
Tyrkia		
Tyskland	05.11.92	16.09.98
Ukraina	02.05.96	
Ungarn	05.11.92	26.04.95
